

## **Granavoldplattforma**

Denne versjonen er omsett til nynorsk. Dersom det er tvil om innhaldet er det bokmålsversjonen som gjeld.

### **1 – Innleing**

#### **Tryggje Noreg for framtida – eit berekraftig velferdssamfunn**

Målet for ei regjering utgått frå Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti er at folk kan få leve frie og sjølvstendige liv. Regjeringa har ei sterk tru på at menneske som blir viste tillit, også tek ansvar.

Eit fritt samfunn med menneskerettar, demokrati og rettsstat oppstår ikkje, og blir ikkje ført vidare, av seg sjølv. Vi er avhengige av fungerande fellesskapar, felles verdiar og institusjonar som rettstryggleik, personvern, ytringsfridom, tillit, frie medium, marknadsøkonomi, eigeomsrett og frivilligheit. Den kristne og humanistiske arven og tradisjonen vår har gitt oss verdiar som menneskeverd, nestekjærleik og forvaltaransvar, og ideal som likeverd, fridom, ansvar for seg sjølv og for kvarandre og respekt for naturen.

Regjeringa vil forsvare for desse verdiane og institusjonane som ber samfunnet vårt.

Grunnlaget for politikken er synet på kvart enkelt menneske sin unike, ibuande og ukrenkjelege eigenverdi, og synet på at alle har det same menneskeverdet trass i ulike utgangspunkt, føresetnader og eigenskapar. Regjeringa vil fremje likeverd, likestilling og respekt for enkeltpersonar sitt frie val, og kjempe mot diskriminering, ufridom og urettferd. Barn er sjølvstendige individ med individuelle rettार, og regjeringa vil leggje barna sett beste til grunn for politikken.

Noreg er eit samfunn med små skilnadar, tillit mellom folk og høg grad av tryggleik. Vi må ta vare på denne sosiale kapitalen. Regjeringa vil styrkje dei viktige fellesskapane og byggje samfunnet nedanfrå gjennom å spreie makt og gi enkeltmenneske, familiar og lokalsamfunn moglegheit til å styre sin eigen kvardag, og til å forme si eiga framtid. Regjeringa vil sleppe fri og støtte opp om enkeltmennesket si skaparkraft og krafta i fellesskapane som blir danna på arbeidsplassar, i familiar og i frivillige samanslutningar. Familiar og enkeltmenneske må få rom til å ta ansvar for oppgåvene sine på ein måte som sikrar valmoglegheiter og private rom. Ulike fellesskapar gir rom for folk flest til å realisere sitt potensial og ta ansvar for eigne liv. Ved å starte og drive verksemder blir det skapt arbeidsplassar, verdiar og fellesskapar. Lokalt og nasjonalt eigarskap er viktig for utviklinga av heile Noreg.

Moglegheiter for alle og fridomen til å leve eigne liv blir berre sikra gjennom eit rettferdig og berekraftig velferdssamfunn der evner og innsats tel meir enn bakgrunn og opphav.

Regjeringa vil arbeide for at verdas nasjonar går saman om å løyse dei store utfordringane i vår tid. For å oppnå dette må vi kjempe mot fattigdom, arbeide for tryggleik og fred og løyse dei store klima- og miljøutfordringane i fellesskap. Noreg skal ta sitt internasjonale ansvar og støtte internasjonalt samarbeid gjennom NATO, EØS og FN. Noreg skal vere ein pådrivar for friare handel, menneskerettar og ein internasjonal rettsorden. Regjeringa ser på FNs berekraftsmål som sentrale for å løyse dei globale utfordringane våre. Vi vil føre ein berekraftig innvandringspolitikk som må vere restriktiv, rettssikker og ansvarleg.

Regjeringa vil løyse dei store utfordringane Noreg står overfor:

- Skape eit berekraftig velferdssamfunn gjennom å omstille norsk økonomi, skape vekst og fleire jobbar, bygge infrastruktur i heile landet, fremje det grøne skiftet og sikre fleire bein å stå på. Det er gledeleg at fleire lever lenger, men berekrafta i velferdsordningane avheng av at fleire er yrkesaktive, og av nye løysingar. Vi må lykkast betre med integreringa og sørgje for at innvandrarakjem raskare i jobb.

Dette krev eit inkluderande arbeidsliv. Den teknologiske utviklinga skaper store moglegheiter for nye arbeidsplassar, myndiggjering av folk og effektivisering, men utfordrar også enkelte arbeidsplassar og krev ny kompetanse.

- Ein offensiv klimapolitikk er nødvendig for å skape økologisk berekraft, slik at komande generasjonar skal ha like gode moglegheiter som oss.

Noreg må oppfylle klimaforpliktingane våre og ta vår del av ansvaret for å løyse klimautfordringane. Det nye arbeidslivet vårt må vere grønt, smart og nyskapande. For å styrkje moglegheitene må det satsast meir på ny grønt teknologi, forureinar må betale, og vi må utvikle marknader for nullutsleppsløysingar. Noreg treng fleire bein å stå på økonomisk, slik at vi reduserer klimarisikoen vår.

- Sosial berekraft er avhengig av små skilnadar, tillit mellom folk og redusert fattigdom. Utanforskap bidreg til at folk mistar moglegheiter til å skape sitt eige, gode liv. Ein god skule og kunnskap er det viktigaste for å skape moglegheiter for alle. Den internasjonale migrasjonen er svært lite føreseieleg og er ei stor utfordring, og vi må ha høg beredskap for raske skiftingar. Vi må møte utviklinga med tiltak som saman skaper ein restriktiv, rettssikker og ansvarleg innvandringspolitikk. For å bygge sterke fellesskapar må vi redusere fattigdom, gjennomføre eit integreringsløft og skape eit samfunn der folk kan leve

frie og sjølvstendige liv.

- Tryggleik er ein føresetnad for fridom. Ny kriminalitet skaper utryggleik. Difor må innbyggjarane tryggast gjennom rettsstaten, eit sterkt og effektivt politi og eit truverdig forsvar av landet vårt.

Regjeringa meiner den politiske plattformen svarer til desse utfordringane, med tiltak som vi kan gjennomføre dei neste to åra, samtidig som ein fører vidare og støttar nytt omstillingsarbeid og reformer som strekkjer seg over tid.

Denne plattformen omtaler korleis regjeringa vil jobbe for å nå dei politiske måla som er skildra. Kor langt regjeringa lykkast i å nå desse måla, blir avhengig av det økonomiske handlingsrommet.

## **2 – Arbeid og sosial**

Regjeringa sitt mål er ein trygg og fleksibel arbeidsmarknad med låg arbeidsløyse og høg sysselsetjing. Dette er avgjerande for å sikre eit berekraftig velferdssamfunn og hindre utanforskap.

Noreg har eit godt arbeidsliv, men likevel blir for mange ramma av fattigdom og utanforskap. I framtida vil Noreg ha behov for å bruke ein større del av arbeidskrafta i befolkninga. Ein velfungerande arbeidsmarknad er også avgjerande for at kvar enkelt skal kunne realisere sine draumar og ambisjonar. Det må alltid løne seg å jobbe, slik at den enkelte si arbeidsevne kan bidra både til eiga utvikling og samfunnets nytte. Fleire må stå i arbeid lenger. Vi må kjempe mot ungdomsarbeidsløyse og etablere fleire verkemiddel for å inkludere fleire i arbeidslivet. Vi skal støtte seriøse aktørar i arbeidslivet og kjempe mot arbeidslivskriminalitet. Samtidig skal regjeringa arbeide for at det sosiale tryggleiksnettet blir styrkt, og at velferdssystema er moderne, berekraftige og evnar å hjelpe dei som treng det.

### **Arbeidsmarknaden**

Arbeidsmarknadspolitikken bør, saman med den andre økonomiske politikken, støtte opp om verdiskaping, vekst og høg sysselsetjing.

Arbeidsmarknaden er i rask endring. Ein av dei store utfordringane vi står overfor, er at teknologiendringar, migrasjon og samfunnet sitt auka krav til kompetanse hindrar mange frå å delta i arbeidslivet. Dette får følger for mange område av samfunnet og gjer det ekstra viktig å skape nye arbeidsplassar.

Enkelte grupper har særskilde utfordringar med å kome seg i arbeid, eller med å halde seg i arbeid over tid. Gjennom inkluderingsdugnaden, integreringsløftet og ny kompetansopolitikk vil regjeringa sikre at folk ikkje blir støytte ut av arbeidslivet, og at fleire blir inkluderte. Dette gjeld spesielt personar med nedsett funksjonsevne, personar med «høl i CV-en», enkelte innvandrargrupper og unge menneske utan fullført utdanning. Regjeringa vil ha eit betre samarbeid mellom arbeidsgivarar, NAV, bemanningsbransjen, attføringsverksemdar og andre aktørar for å få fleire i arbeid. Staten må ta eit større ansvar for å tilsetje personar med nedsett funksjonsevne og andre som har utfordringar med å kome inn på arbeidsmarknaden. Regjeringa vil prioritere eit kompetanseløft som legg til rette for læring heile livet, slik at flest mogleg blir kvalifiserte for arbeidslivet. Kunnskap og kompetanse blir avgjerande faktorar for å lykkast med eit inkluderande arbeidsliv.

Det er ei viktig oppgåve å leggje til rette for at fleire kjem inn i arbeidslivet. Regjeringa vil vurdere om det bør bli gitt økonomiske insentiv til personar som ønskjer å utføre enkle tenester for andre, og korleis det kan bli enklare for kunden å betale for og skatte av dette i tråd med lover og reglar. Samtidig må den som utfører arbeidet, oppnå trygderettar som arbeidstakar.

### **Regjeringa vil:**

- Fortsetje innsatsen mot langtidsarbeidsløyse og ungdomsarbeidsløyse.
- Føre vidare og styrkje effektive ordningar som lønstilskot og arbeidstrening i ordinære verksemdar for å hjelpe fleire inn i arbeidslivet.
- Innrette trygde- og skattesystemet for å stimulere til arbeid.
- Greie ut eit system med fast aktivitetsplikt, arbeid for trygd eller sosiale ytingar for unge som står i fare for å falle permanent ut av arbeidslivet.
- Utvide aktivitetsplikta for sosialhjelpsmottakarar til også å gjelde mottakarar over 30 år, med klare unntak.

- Sikre at NAV handhevar aktivitetskravet for sjukmelde, eksempelvis i tråd med «Hedmarksmodellen», og sikre betre oppfølging av og aktivitet for personar som får arbeidsavklaringspengar.
- Sørge for mindre sentral detaljstyring og gi NAV større ansvar for å sikre brukarane riktig tiltak til riktig tid.
- Stille strengare krav til NAV sine tiltaksleverandørar og sørge for at oppnådde resultat blir vektlagde ved tildeling av oppdrag.
- Auke arbeidsmarknadskompetansen og kompetansen om ungdomars utfordringar og moglegheiter hos NAV.
- Gjennomføre målet om at ingen NAV-brukarar under 30 år skal gå ledige i meir enn 8 veker utan å få eit tilbod om arbeid, utdanning, arbeidstrening eller annan relevant aktivitet.
- Jobbe for tiltak som kan avgrense og stanse eksport av velferdsytningar, mellom anna arbeide for aksept i EU for kjøpekraftjustering av velferdsytningar.
- Betre vilkåra for ideelle organisasjonar og sosiale entreprenørar slik at dei kan bidra til å løyse sosiale utfordringar i samfunnet, særleg ved å få fleire inn i arbeidslivet.
- Følgje opp og intensivere inkluderingsdugnaden for å få fleire inn i arbeidslivet.
- Setje mål om at minst fem prosent av nytilsette i staten skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller «høl i CV-en».
- Vurdere endringar og insentiv som gjer det enklare å få utført tenester i heimen på lovleg vis, og der skattereglane blir følgde.
- Greie ut etablering av eit NAV-ombod som del av dei fylkesvise pasient- og brukaromboda.

### **Personar med nedsett funksjonsevne**

Regjeringa sin visjon er eit samfunn der alle kan delta. Dei aller fleste har utdanning og arbeid som målsetjing, med forventningar om å leve frie og sjølvstendige liv. Det må bli lagt til rette for personar med nedsett funksjonsevne i arbeidsliv og daglegliv. Dette fordi samfunnet treng arbeidskrafta og for at den enkelte skal kunne delta i arbeidslivet. Personar med nedsett funksjonsevne møter framleis barrierar som hindrar like moglegheiter til aktivitet og deltaking.

## **Regjeringa vil:**

- Leggje betre til rette for personar med nedsett funksjonsevne i arbeidslivet, mellom anna gjennom å styrkje funksjonsassistentordninga og traineeordningar i offentleg forvaltning.
- Styrkje tilbodet om varig tilrettelagt arbeid (VTA) og auke talet på VTA-arbeidsplassar.
- Forbetre tilgangen til hjelpemiddel for personar med nedsett funksjonsevne, slik at det blir lettare å delta i arbeid, utdanning og daglegliv.
- Inkludere fleire med nedsett funksjonsevne i arbeidslivet, mellom anna gjennom betre tilrettelegging og meir bruk av personlege tilretteleggingsavtalar.
- Evaluere gjeldande handlingsplan for universell utforming og etablere ein ny i 2020 når dagens handlingsplan går ut.
- Innlemme den statlege tilskotsordninga for utvida TT-tilbod i ramma til fylkeskommunane når ordninga er blitt finansiert som ei nasjonal ordning.
- Setje i gang arbeidet med ei stortingsmelding om korleis utviklingshemma kan få oppfylt menneskerettane sine, og her vurdere Kaldheimutvalets (NOU 2016:17 *På lik linje*) tilrådingar og ulike tiltak som kan forbetre levekåra for menneske med psykisk utviklingshemming.
- Behalde pleiepengeordninga som ei tidsavgrensa yting. Leggje betre til rette for foreldre som har nattleg tilsyn eller er i beredskap gjennom graderingsreglane, og vurdere ordningar for økonomisk tryggleik for foreldre som ikkje har opparbeidd seg rettar i dagens pleiepengeordning.

## **Arbeidsliv**

Regjeringa sitt mål er eit norsk arbeidsliv med både tryggleik og fleksibilitet for arbeidstakarar, seriøse arbeidsgivarar og eit velfungerande og effektivt trepartssamarbeid. Gjennom samarbeidet mellom arbeidsgivarar, arbeidstakarar og styresmakter har Noreg skapt ein av verdas mest moderne og omstillingsdyktige arbeidsmarknader. Regjeringa vil vidareutvikle det beste i den norske modellen og meiner at det er ein konkurransefordel for Noreg med eit likestilt og inkluderande arbeidsliv med høg organisasjonsgrad. Samtidig anerkjenner regjeringa at mange arbeidstakarar vel å vere uorganiserte.

Regjeringa vil føre ein aktiv politikk for å kjempe mot arbeidslivskriminalitet med målretta tiltak, auka kontroll og samarbeid mellom styresmakter og partane i arbeidslivet. Regjeringa

vil framover satse på førebygging, haldningsendring og avdekking og i tillegg vurdere auka strafferammer for å kjempe mot arbeidslivskriminalitet.

Mange arbeidstakarar ønskjer meir fleksibilitet for å gjere det enklare å kombinere jobb og privatliv. Regjeringa vil difor fortsetje arbeidet med å modernisere og tilpasse arbeidsmiljølova til det arbeidslivet som både arbeidstakarar og arbeidsgivarar ønskjer.

Sjukefråværet i Noreg er framleis for høgt og langt høgare enn land det er naturleg å samanlikne seg med. Regjeringa vil difor fortløpande vurdere tiltak som kan redusere sjukefråværet, særleg langtidsfråværet.

Regjeringa vil leggje til rette for at flest mogleg skal kunne delta i arbeidslivet. Samtidig vil enkelte kome i situasjonar som gjer at det ikkje er mogleg for dei å forsørgje seg sjølve. Det kan vere ufrivillig arbeidsløyse, sjukdom i kortare eller lengre periodar, eller varig redusert arbeidsevne. I slike tilfelle skal den enkelte bli sikra ei anstendig og føreseieleg inntekt.

#### **Regjeringa vil:**

- Leggje til rette for eit organisert arbeidsliv og eit velfungerande trepartssamarbeid.
- Fortsetje å styrkje innsatsen mot arbeidslivskriminalitet og svart arbeid ved mellom anna å leggje fram ein ny strategi mot arbeidslivskriminalitet.
- Styrkje Arbeidstilsynet og sentera mot arbeidslivskriminalitet.
- Gjennomgå strafferammene og lovverket for å kjempe mot arbeidslivskriminalitet.
- Auke kompetansen om seriøst arbeidsliv hos offentlege innkjøparar i stat og kommune.
- Styrkje det internasjonale samarbeidet mot grenseoverskridande arbeidslivskriminalitet.
- Vurdere tilrådingane frå NOU 2016:1 *Arbeidstidsutvalet – Regulering av arbeidstid - vern og fleksibilitet* i samarbeid med partane i arbeidslivet.
- Arbeide for å etablere ein heiltidskultur i arbeidslivet gjennom å kjempe mot ufrivillig deltid.
- Behalde fast tilsetjing som hovudregel i arbeidsmiljølova.
- Arbeide for å redusere bruken av mellombelse stillingar i offentlig sektor.
- Føre vidare fagforeiningsfrådraget på 2019-nivå.

- Utføre ein gjennomgang av alle rammevilkår og ordningar for gründerar og sjølvstendig næringsdrivande, mellom anna sosiale rettar og sjukepengar.
- Tilpasse lovverket til at fleire skiftar arbeid og arbeidsforhold oftare, og at mange har andre tilknytingsformer til arbeidslivet enn det som var vanleg tidlegare.
- Lovfeste rett til drøfting og varsling i samband med permittering.
- Gjennomgå og vurdere effekten av seniorpolitiske tiltak.
- Vurdere tiltak for harmonisering og forenkling av trygdesystemet.
- Arbeide for å redusere sjukefråværet i tråd med den nye avtalen om eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen).
- Styrkje program for kompetanseheving i arbeidslivet.
- Vurdere ei nasjonal forsøksordning der ein del av det statlege trygdebudsjettet blir overført til utvalde kommunar som får ansvar for å finansiere noko av trygda saman med staten, og som får behalde innsparinga dersom dei lykkast i å hjelpe utsette grupper inn i arbeidslivet.
- Stimulere fleire kommunar og institusjonar til å ta i bruk fleksible turnusordningar gjennom kunnskapsoverføring og rettleiingsmateriell.
- Utvikle rettleiingsmateriell for å leggje til rette for gode samtalar om samvitsfridom i norsk arbeidsliv, basert på prinsippa frå Samvitsutvalet om at reservasjon skal byggje på djup og viktig samvitsovertyding som ikkje er inngripande for tredjepart eller fører til store ulemper for arbeidsgivar og kollegaer.

## **Pensjon**

Regjeringa legg vekt på å sikre ein trygg og verdig alderdom. Difor er det viktig med eit føreseieleg, robust og oversiktleg pensjonssystem. Det er også viktig å stimulere til privat pensjonssparing. Det er positivt både for samfunnet og for hushalda at den enkelte bidreg til å sikre sin eigen økonomiske tryggleik i pensjonisttilværet.

På sikt blir det færre arbeidstakarar per pensjonist i Noreg. For å sikre økonomisk berekraft i velferdssamfunnet må hovudprinsippa i pensjonsreforma liggje fast. Pensjonsordningane må leggje til rette for mobilitet mellom privat og offentleg sektor.

**Regjeringa vil:**



- Tryggje pensjonar i framtida gjennom ein ansvarleg økonomisk politikk.
- Fortsetje gjennomføringa av pensjonsreforma i både privat og offentleg sektor. Dette inneber mellom anna at offentleg tenestepensjon må gi gode insentiv til arbeid, og leggje til rette for mobilitet mellom offentleg og privat sektor.
- Auke den alminnelege aldersgrensa i staten til 72 år, slik den er i arbeidsmiljølova.
- Følgje opp nye avtalar om avtalefesta pensjon, og føre vidare staten sitt bidrag til AFP i privat sektor, men ikkje auke utover dagens nivå når det gjeld kostnad eller del, dersom partane i arbeidslivet vel å føre vidare ordninga.
- Gjennomføre ei evaluering av pensjonsreforma, medrekna utviklinga av den reelle pensjonsalderen og kjøpekrafta, for å sikre eit berekraftig pensjonssystem for framtida.
- Gjennomgå alle særaldersgrenser for å vurdere om dei framleis er føremålstenlege å føre vidare.
- Setje ned eit partssamansett utval for å vurdere pensjon frå første krone.
- Vurdere tiltak som bidreg til at eldre arbeidstakarar kan stå lenger i arbeid, medrekna å vurdere ytterlegare heving av den øvre aldersgrensa i arbeidsmiljølova.
- Leggje til rette for trygge og føreseielege rammer for privat pensjonssparing og private tenestepensjonsordningar.

### **Målretta innsats mot fattigdom**

Regjeringa sitt mål er eit samfunn med små skilnadar. Regjeringa vil målrette innsatsen for å kjempe mot fattigdom og sosial naud, spesielt blant barnefamiliar. Arbeid er ein nøkkelfaktor, og dei viktigaste verkemidla blir ein inkluderingsdugnad for å få flest mogleg i arbeid og eit løft for psykisk helse og rusomsorg.

Fattigdom påverkar helse, utdanningsmoglegheiter og sosialt liv. Barn som veks opp i fattigdom, blir fråtekne moglegheiter som andre barn har. Regjeringa sin førsteprioritet i sosialpolitikken er difor å kjempe mot fattigdom og helseproblem, særleg blant barnefamiliar. Trygg og god omsorg og gode barnehagar og skular er grunnleggjande for å sikre like moglegheiter og gode levekår for alle. Arbeidsretta tiltak, god integrering, trygge og gode buforhold, gode helsetenester og inkludering i fritidsaktivitetar er viktig for å

kjempe mot fattigdom. Regjeringa sitt mål er at ingen skal vere bustadlause, og at alle skal ha ein trygg og god stad å bu og tilgang til gode, rimelege offentlege tenester.

### **Regjeringa vil:**

- Føre vidare redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehage for barn av foreldre med låg inntekt.
- Innføre ordningar med redusert foreldrebetaling og gratis opphald på SFO/AKS etter skuletid for barn av foreldre med låg inntekt.
- Gi rett til barnehageplass for alle barn i mottak.
- Styrkje helsestasjonane og skulehelsetenesta.
- Styrkje behandlinga og ettervernet innan rusomsorg og psykisk helse.
- Sørgje for at auken i barnetrygd også kan kome familiar til gode som er avhengige av ytingar etter lov om sosiale tenester og lov om bustøtte.
- Leggje til rette for at fleire kan eige sin eigen bustad, til dømes ved å ta i bruk leige-til-eige-modellen i større grad i heile landet.
- Forsterke det bustadsosiale arbeidet.
- Styrkje bustøtta for barnefamiliar.
- Innføre eit «fritidskort» for alle barn frå 6 til fylte 18 år som kan brukast til å dekkje deltakaravgift på fritidsaktivitetar etter mønster frå ordninga på Island. Ordninga skal vere ubyråkratisk, og det skal vere mogleg for kommunane å leggje på ein lokal del.
- Styrkje støtteordningane til frivillige organisasjonar som driv med sosial inkludering i lokalsamfunn.
- Styrkje dei frivillige rettshjelpsordningane.
- Støtte frivillighetssentralane sitt arbeid med mellom anna leksehjelp og støtte- og inkluderingstiltak for utsette barn og unge, gjennom statlege støtteordningar og forsterking og forenkling av ordninga med kontingentsøtte.
- Gjere det meir lønsamt å jobbe, spesielt for personar med låge inntekter, mellom anna ved å senke skatten på inntekt.

## **Likeverdsreform**

Regjeringa vil gjennomføre ei likeverdsreform for å gjere det enklare for familiar som har barn med spesielle behov. Vi vil sikre like moglegheiter til personleg utvikling, deltaking og livsutfalding for alle. Utgangspunktet for reforma er at menneske er forskjellige, men at alle har like stor verdi.

### **Regjeringa vil:**

- Setje ned eit offentleg utval som skal greie ut korleis vi kan sikre eit samfunn som gir rom for mangfald og det å vere annleis.

## **Koordinering og forenkling**

For å sikre rettane til personar med nedsett funksjonsevne skal styresmaktene sikre god koordinering. Foreldre som ventar eit barn med spesielle behov, kan trenge tettare oppfølging, rettleiing og støtte allereie under svangerskapet. Systemet kan bli opplevd som krevjande, trass i at retten til koordinator er lovfesta. Ein må jobbe for eit heilskapleg og samanhengande tilbod tilpassa den enkelte sine behov. Samtidig må det sikrast at dokumentasjonskrava er på brukaren sine premissar. Regjeringa har også sett ned eit utval som skal greie ut autismefeltet og liknande diagnoser, til dømes Tourettes syndrom.

### **Regjeringa vil:**

- At foreldre som ventar barn med spesielle behov, skal få lovfesta rett til koordinator allereie under svangerskapet, inkludert rett til heilskapleg rettleiing og tilrettelegging. Foreldra skal også kunne få tilbod om samtale med andre føresette til barn med same diagnose, i samarbeid med pasientorganisasjonar.
- Innføre ein koordinatorgaranti som sørgjer for at familiar med barn med spesielle behov blir sikra ein kvalifisert koordinator som kan bidra med utarbeiding av individuell plan og sikre tilgang til eksisterande hjelpetilbod.
- Forenkle hjelpestønsordningar og ha dokumentasjonskrav med meir tillitsbaserte løysingar.
- Utvikle ein modell som sikrar at det finst eit bustadtilbod for personar med nedsett funksjonsevne, og påleggje kommunane å legge til rette for overgang frå barndomsheim til eigen bustad.

- Sikre meir samanhengande og kompetent helsetilbod til menneske med psykiske funksjonsnedsetjingar etter modell frå «ParkinsonNet».

### **Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)**

BPA handlar om å gi menneske med funksjonsnedsetjingar moglegheit til å delta i samfunnet på lik linje med medmenneska deira. Avgjerda om den enkelte skal få BPA, og eventuelt kor mange timar per veke, blir teken av kommunen. Alle menneske har behov utover heilt grunnleggjande behov for pleie, omsorg og praktisk hjelp. Det handlar også om moglegheit til å fylla dagane med meiningsfylt innhald for den enkelte, å kunne delta i små og store fellesskap, aktivitetar og fritidstilbod.

Regjeringa vil leggje til rette for dette på best mogleg måte.

### **Regjeringa vil:**

- Definere BPA-ordninga som eit likestillingsverktøy, og ikkje ei helseordning.
- At tildeling av timetal for BPA skal vere ei fagleg vurdering. Flytting mellom kommunar skal ikkje påverke timetalet som er innvilga.
- Raskt fjerne den øvre aldersgrensa på 67 år for rett til brukarstyrt personleg assistanse for dei som allereie har fått innvilga ordninga.
- Gjennomføre ein NOU for å sikre at ordninga fungerer etter føremålet, medrekna å greie ut korleis ho kan bli utvida for å sikre deltaking i fritidsaktivitetar. Ordninga skal vere reelt brukarstyrt.

### **Inkluderande arbeidsliv**

Regjeringa vil ha eit samfunn der det er moglegheiter for alle, og der alle som kan, får delta i arbeidslivet og ta del i velstandsutviklinga. Difor har regjeringa sett i gang ein nasjonal inkluderingsdugnad i arbeidslivet. NAV, saman med arbeidsgivarane, skal ha ei tydelegare forplikting i å leggje til rette for at personar med nedsett funksjonsevne kan få tilrettelegging i arbeidslivet. Regjeringa vil ha eit betre samarbeid mellom arbeidsgivarar, NAV, bemanningsbransje, attføringsverksemdar og andre tiltaksleverandørar for å få fleire i arbeid.

### **Regjeringa vil:**

- Tilby fleire varig tilrettelagde arbeidsplassar (VTA), spesielt i ordinært arbeidsliv (VTO), og sørgje for at VTA-plassane i større grad blir tilbodne til utviklingshemma.
- Inkludere fleire med nedsett funksjonsevne i arbeidslivet, mellom anna gjennom betre tilrettelegging og meir bruk av personlege tilretteleggingsavtalar.

### **Pårørande og familien**

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for at alle familiar skal kunne skape trygge rammer rundt sitt liv. Stabile og omsorgsfulle familiar gir trygge barn som veks opp til å bli sjølvstendige vaksne.

Regjeringa vil at pårørande skal ha moglegheit til innverknad på hjelpetilbodet når brukaren ikkje sjølv er i stand til å ta hand om sitt behandlingssløp. Merksemda skal rettast mot at pårørande kan ha fleire roller, både som avlastarar, omsorgspersonar og avgjerdstakarar for behandlingssløpet.

### **Regjeringa vil:**

- Anerkjene pårørande som ein viktig ressurs innan helse- og omsorgstenesta.
- Leggje fram ein eigen pårørandestrategi.
- Lovfeste rett til foreldreopplæring for alle foreldre til barn med nedsett funksjonsevne, etter mal frå foreldreopplæringa som foreldre til barn med høyrselshemming og diabetes får, utvikla av Staped og habiliteringstenesta i samarbeid med brukarorganisasjonar.
- Behalde pleiepengeordninga som ei tidsavgrensa yting. Leggje betre til rette for foreldre som har nattleg tilsyn eller er i beredskap gjennom graderingsreglane, og vurdere ordningar for økonomisk tryggleik for foreldre som ikkje har opparbeidd seg rettar i dagens pleiepengeordning.
- Fremje god helse og gode tilbod for pårørande i krevjande omsorgssituasjonar.
- Bidra til at pårørande blir tekne meir på alvor i alle delar av behandlingsskjeda.
- Peike på utfordringar, behov og moglege løysingar for å ta betre vare på pårørande til sjuke og pleietrengande.
- Greie ut ei ordning med husvikar ved kortvarig sjukdom hos pårørande til barn med store omsorgsbehov.

- Etablere barnehospice som ein naturleg del av helsetenesta i Noreg.
- Styrkje ordningar der frivillige bidreg til sosial inkludering av barn med spesielle behov.
- Greie ut alternative fødselspermisjonsordningar for foreldre som får fleirlingar eller barn med spesielle behov.
- Tydeleggjere kommunane sitt ansvar for å sikre brukar- og pårørandemedverknad.
- Leggje til rette for at det kan bli etablert omsorgssenter for kreftramma og deira pårørande fleire stader i Noreg, som til dømes Maggies-senter.
- Utvikle og utprøve brukarstyrt avlasting etter modell av rett til brukarstyrt personleg assistanse (BPA), som i Sola kommune.

### **3 – Barn, familie, likestilling og forbrukarrettar**

Ein god barndom varer livet ut. På same måte kan ein vond barndom få konsekvensar for fleire generasjonar. Gode oppvekstvilkår for barna våre er eit prioritert område for regjeringa.

Regjeringa vil føre ein politikk som legg til rette for at alle barn og unge får ein trygg og god oppvekst som gir moglegheiter for alle. Barn og unge er den viktigaste ressursen vår. Omsynet til barnet sitt beste er grunnleggjande.

Familiane skaper og sikrar ei trygg ramme rundt barna sin oppvekst, uansett kva form den enkelte familien måtte ha. Mennesket sin eigenverdi, valfridom og sjølvrespekt står sentralt i regjeringa sin familiepolitikk. Familiepolitikken skal støtte opp om familielivet og gi familiane moglegheit til å organisere sine eigne liv. Det bør ligge tungtvegande argument til grunn når politikken blandar seg inn i familiane sin fridom til sjølve å styre sin eigen kvardag.

Regjeringa vil prioritere arbeidet med å sikre gode barnehagar og skular som gir alle barn omsorg, kunnskap og ferdigheiter. Det sosiale sikkerheitsnettet må styrkast, slik at barn og unge får god hjelp og oppfølging når dei treng det.

Noreg er eit av verdas mest likestilte land, men vi har framleis utfordringar når det gjeld formelle og uformelle strukturar i samfunnet. Utdanningsval og yrkesval er i stor grad kjønnsdelt, mange kvinner jobbar ufrivillig deltid, det er for få kvinnelege toppleiarar, og ansvaret for barn er ulikt fordelt. Lik løn for likt arbeid må vere ei viktig målsetjing.

Hatkriminalitet og vald i nære relasjonar er eit stort og alvorleg problem, og regjeringa vil føre ein aktiv politikk som kjempar mot dette.

Regjeringa vil føre ein aktiv likestillingspolitikk for å sikre at alle menneske skal oppleve tryggleik og ha like rettar og moglegheiter i samfunnet, uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, alder, etnisitet, religion og kjønnsidentitet. For regjeringa inneber reell likestilling og likeverd at ein ikkje berre skal ha formelle rettar, men også reelle moglegheiter.

### **Barnefamiljar**

Barn har rett til gode omsorgspersonar, og det er foreldra sitt ansvar å gi barna tryggleik, omsorg og kjærleik. Barn og familjar er forskjellige og har ulike behov. Difor må kvar enkelt familie bli sikra fleksibilitet og fridom til å velje dei løysingane som passar dei best.

Dei fleste småbarnsforeldre ønskjer å kombinere arbeid og familieliv. For familiane er det difor avgjerande med eit godt barnehagetilbod og at arbeidsgivarar legg til rette for fleksibilitet på arbeidsplassen. Nokre småbarnsforeldre ønskjer å jobbe mindre når barna er små, og regjeringa vil leggje til rette for at dette skal vere mogleg.

Velfungerande familjar gir tryggleik og tilhøyrse og skaper rom for utvikling. Regjeringa meiner at det viktigaste for barn er å få vekse opp i trygge og stabile familjar. Vi lever i ulike familjar og eit mangfald av familieformer, og barna sine rettar skal alltid bli sikra. Det er viktig at samfunnet har gode ordningar for å ta vare på barn som likevel ikkje opplever tryggleik i heimen. Barna våre er det viktigaste ansvaret vårt som politikarar. Dei fortener ein trygg oppvekst, anten dei er i barnehagen, på skulen, på internett eller i sin eigen heim. Barna sin rett til ein trygg oppvekst er grunnleggjande for å skape eit godt samfunn for alle. Barn som veks opp i familjar med låg inntekt, må få moglegheiter til utvikling og deltaking. Regjeringa vil difor styrkje innsatsen retta mot barn som veks opp i familjar med vedvarande låg inntekt. Regjeringa vil gjennomføre ei barnereform der eit hovudmål er å gi alle barn like moglegheiter og styrkje økonomien til familjar med låg inntekt.

### **Regjeringa vil:**

- Auke barnetrygda med 7200 kroner for barn frå 0 til fylte 6 år i løpet av perioden.
- Sørge for at auken i barnetrygd også kan kome familjar til gode som er avhengige av ytingar etter lov om sosiale tenester og lov om bustøtte.
- Innføre eit «fritidskort» for alle barn frå 6 til fylte 18 år som kan brukast til å dekkje deltakaravgift på fritidsaktivitetar etter mønster frå ordninga på Island. Ordninga skal vere ubyråkratisk, og det skal vere mogleg for kommunane å leggje på ein lokal del.

- Auke eingongsstønadene til 1 G.
- Føre vidare kontantstøtta.
- Arbeide for å gjere adopsjonsprosessar raskare og enklare både utanlands og innanlands.
- Forbetre støtteordningane for studentar med barn.
- Gi personar som er i overgangsfasen mellom fullført utdanning og yrkesaktivitet, rett til foreldrestipend.
- Følgje opp regjeringa sin foreldrestøttestrategi, og styrkje det førebyggjande arbeidet som kan redusere risikoen for samlivsbrot og høgt konfliktnivå mellom foreldra.
- Styrkje familievernet, medrekna dei kyrkjelege familievernkontora, og ta vare på sjølvstendet deira som ideelle verksemder.

### **Barnevern og familievern**

Barn er sårbare og har eit særleg behov for vern, omsorg og kjærleik. Samtidig er barn individ med sjølvstendige rettar. Barna sin rett til tryggleik og sikkerheit skal alltid bli prioritert. Barn har også rett til å bli høyrde. Regjeringa meiner barnevernet og andre instansar som jobbar med barn, i større grad må involvere barnet i viktige avgjerder som gjeld barnet sitt liv.

Regjeringa vil styrkje tidleg innsats, førebyggjande tiltak og støtte som legg til rette for at flest mogleg barn kan vekse opp i sin familie og sitt nærmiljø. Alle etatar som jobbar inn mot barnefamiliar, må koordinere innsatsen og samarbeide betre om å gi eit heilskapleg tilbod. Eit godt familie- og barnevern må vere tilpassa det enkelte barnet og den enkelte familien sitt behov. Regjeringa vil leggje til rette for eit mangfald av tilbod for å sikre høg kvalitet, valfridom og tilpassing til det enkelte barnet sitt behov.

Vald mot og misbruk av barn, både fysisk og psykisk, er alvorlege overgrep. Regjeringa vil følgje opp opptrappingsplanen mot vald og overgrep gjennom å styrkje førebyggjande tiltak, behandling og oppfølging.

Regjeringa vil bygge politikken sin for familievern rundt prinsippet om førebyggjande arbeid og tidleg innsats for å sikre gode oppvekstvilkår.

Regjeringa vil leggje til grunn at barn skal få moglegheit til å ha kontakt med begge foreldra sine, også etter samlivsbrot. Foreldre har eit felles ansvar for at avtalt eller vedteke samvær skal bli overhalde. Sabotasje av samvær bør i større grad få økonomiske konsekvensar og eventuelt få



konsekvensar for samværsfordelinga. Regjeringa vil greie ut forslag til strengare reaksjonar ved samværssabotasje.

### **Regjeringa vil:**

- Styrkje barna sine rettar og leggje omsynet til barna sitt beste til grunn.
- Styrkje barnevernsbarna si moglegheit til medverknad og til å klage på tenestene dei får.
- Opprette ei domstolsordning for behandling av saker som er knytte til barn og familie, jf. tilrådingane i NOU 2017:8 *Særdomstoler på nye område?*
- Greie ut om det skal bli gjort opptak av samtalar i barnevernssaker for å styrkje rettstryggleiken.
- Gjennomføre barnevernsreforma ved å gi kommunane auka fagleg og økonomisk ansvar for det kommunale barnevernet.
- Følgje opp Stortinget sitt oppmodingsvedtak om å auke delen av ideelle tilbydarar av institusjonsplassar i barnevernet til om lag 40 prosent innan 2025.
- Innføre kompetansekrav og autorisasjon i dei kommunale barnevernstenestene.
- Gjennomføre kvalitets- og kompetanseløftet i kommunalt barnevern.
- Sikre openheit om innhald, kvalitet og pris i barnevernstilbodet, og styrkje godkjennings- og kontrollordningane med kvalitetskriterium for institusjonane.
- Gi kommunane rett til fritt å velje barnevernstiltak, etter ei vurdering av kvalitet, pris og kva som gir best hjelp til det enkelte barnet, uavhengig av kven som leverer tiltaket.
- Gi barn under barnevernet si omsorg ein betre tilpassa skulegang.
- Utvide retten til ettervern for barnevernsbarn frå 23 til 25 år.
- Følgje opp opptrappingsplanen mot vald og overgrep gjennom å styrkje førebyggjande tiltak, behandling og oppfølging.
- Styrkje kompetansen i barnehage og skule for å avdekkje og førebyggje vald og overgrep.
- Sørge for at alle Alternativ til vald-kontor (ATV) får eit familiemandat, og gradvis sikre betre geografisk spreing av tilboda deira, slik at dei mellom anna kan gi tilbod og hjelp til unge valdsutøvarar.

- Sikre at alle familievernkontor har eit tilbod til familiar, og styrkje familievernet sitt mandat og sin kompetanse til å førebyggje vald og overgrep.
- Sikre dei ideelle sentera for familie og barn som tilbyr foreldrerettleiing og støttar ved alvorlege tilfelle av omsorgssvikt.
- Utvide programmet «Familie for første gang» dersom evalueringa i 2019 viser gode resultat.
- Bidra til at tilbodet om mekling ved samlivsbrot blir betre tilpassa den enkelte familien sine utfordringar.
- Setje ned eit ungdomspanel som skal gi råd til regjeringa i aktuelle saker som til dømes integrering, psykisk helse og fråfall i vidaregåande skule.
- Styrkje rekrutteringa av fosterheimar og betre ettervernet for fosterheimsbarn.
- Ha som mål at søsken skal vekse opp i same fosterheim, der det er mogleg og til barnet sitt beste.
- Gjennomgå og betre vilkåra for fosterfamiliar.

## **Likestilling**

Regjeringa sitt mål er at alle skal ha like moglegheiter og fridom til å ta egne val. Regjeringa vil jobbe for likeverd og like moglegheiter for alle, uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, religion, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering eller kva kjønnsidentitet ein har. Vidare vil regjeringa styrkje likestillinga i samfunnet og leggje til rette for at alle skal ha moglegheit til å kombinere familie- og arbeidsliv. Kjønsdelte utdanningsval bidreg til å føre vidare ein kjønnsdelt arbeidsmarknad. Regjeringa vil difor fremje ein strategi for å bidra til ein meir likestilt utdannings- og arbeidsmarknad.

Utdanning, arbeidsliv, integrering og tiltak mot vald i nære relasjonar er viktige innsatsområde i eit likestillingsperspektiv. Det er også behov for å styrkje kvinneperspektivet i utviklingspolitikken.

Regjeringa vil styrkje kompetansen i det samla offentlege hjelpeapparatet og betre koordineringa av arbeidet mot vald og tvang i nære relasjonar.

Regjeringa vil føre vidare Kompetanseløft 2020 for dei kvinnedominerte yrka, mellom anna i barnehage-, pleie- og omsorgssektoren. Regjeringa vil også prioritere tiltak som kan bidra til kvinneleg gründerskap og til eit mangfald av løysingar innan velferd og velferdsinnovasjon. Regjeringa vil dessutan bidra aktivt i arbeidet mot seksuell trakassering.

## **Regjeringa vil:**

- Fremje tiltak som styrkjer kvinneleg gründerskap og velferdsinnovasjon.
- Stimulere til at fleire skal velje utradisjonelle utdanningar og karrierar, for å bidra til eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv, mellom anna ved å gjere ordningar som «Menn i helse» og «Jenter og teknologi» til landsdekkjande ordningar.
- Ha som mål at leiargruppene i statlege selskap, direktorat og statsetatar skal bestå av minst 40 prosent av begge kjønn.
- Sikre LHBTIQ-personar sine rettar, bidra til openheit, aktivt motarbeide diskriminering og bidra til at kompetanse om denne gruppa kjem inn i rammeplanen til alle relevante utdanningsløp.
- Evaluere ordninga med overføring av ansvaret for krisesentera til kommunane, og vurdere tiltak som sikrar eit godt krisesentertilbod.
- Motarbeide kjønnslemlesting.
- Betre seksualundervisninga i grunnskulen og vektleggje grensesetjing og respekt for eigne og andre sine grenser.
- Styrkje språkopplæringa og andre målretta tiltak for at fleire kvinner med minoritetsbakgrunn skal kunne delta i arbeidslivet.
- Forsterke arbeidet for likestilling i minoritetsmiljø, mellom anna ved å styrkje frivillige organisasjonar som særleg bidreg til integrering av minoritetskvinner i det norske samfunnet.
- Styrkje arbeidet mot menneskehandel, vald i nære relasjonar og seksualisert vald mot kvinner.
- Motarbeide rasisme, religiøs diskriminering, antisemittisme, sosial kontroll og fordommar basert på kjønn, seksuell identitet og etnisitet.
- Setje i verk tiltak for å motarbeide diskriminering i arbeidslivet, bustadmarknaden og på utestader.
- Sørge for at Noreg er førande internasjonalt for å fremje rettar for seksuelle minoritetar.
- Styrkje Arbeidstilsynet sin innsats, og opprette eit lågterskeltilbod for handheving av saker om seksuell trakassering.
- Førebyggje seksuell trakassering i skulen.

## **Forbrukarane sine rettar**

Regjeringa meiner at gode forbrukarrettar er avgjerande for ein tillitsbasert marknadsøkonomi. I møte med profesjonelle aktørar er det avgjerande at kvar enkelt forbrukar har gode og sikre rettar, slik at forbrukaren kan ta informerte avgjerder og vernast mot svindel og ulovleg marknadsføring, spesielt i samband med kjøp og sal på nett.

I oppfølginga av Etikkinformasjonsutvalet sitt arbeid vil regjeringa sjå på måtar å styrkje forbrukarane sin rett til informasjon om korleis produkta dei kjøper, er produserte på. Det må vere eit mål at varer som blir importerte til Noreg, ikkje er produserte gjennom barne- og slavearbeid, andre kritikkverdige arbeidsforhold eller på måtar som krenkjer menneskerettar eller miljø.

Regjeringa ser med bekymring på veksten i marknaden for forbrukslån utan sikring og grundig vurdering av betalingsevna til låntakaren. Slike lån kan skape problem for dei som allereie er i ein sårbar økonomisk situasjon. Det er nyleg sett i verk ei rekkje tiltak for å få denne marknaden til å fungere betre. Regjeringa vil vurdere behovet for ytterlegare regulering av marknaden, mellom anna for å bidra til at slike lån blir tildelte på ein forsvarleg måte. Regjeringa vil også vurdere om det bør vere ei øvre grense for effektiv rente på usikra forbrukslån.

### **Regjeringa vil:**

- Leggje fram ei stortingsmelding om forbrukarpolitikk, med særleg vekt på forbrukarane sine rettar og personvernet i den digitale økonomien.
- Styrkje forbrukarane sine rettar og arbeidet mot svindel og ulovleg marknadsføring.
- Styrkje forbrukarane sine interesser og dei profesjonelle aktørane sitt ansvar ved bustadhandel.
- Følgje opp arbeidet frå etikkinformasjonsutvalet, mellom anna ved å sjå på måtar å styrkje forbrukarane sine rettar til informasjon om korleis varer er produserte på.
- Gjennomføre tiltak for å motverke usunt kroppspress og fremje positivt sjølvbilete og sjølvkjensle hos barn og unge.
- Leggje til rette for meir openheit om kva informasjon ulike aktørar samlar inn, og kva den skal brukast til.
- Arbeide for enklare brukarvilkår for digitale tenester.
- Vurdere om det bør vere ei øvre grense for effektiv rente på usikra forbrukslån.

- La dagens sals- og skjenketider for alkoholholdige drikker liggje fast.
- Flytte rammene for Vinmonopolet si opningstid på laurdagar til kl. 10–16.
- Vurdere tiltak som kan gjere det enklare å byte bank, medrekna moglegheit for at kontonummer følgjer kunden, ikkje banken.

#### **4 – Justis, beredskap og innvandring**

Regjeringa vil byggje sin politikk på samfunnet og den enkelte sitt behov for tryggleik.

Regjeringa vil sørge for at politiet er tilgjengeleg og synleg, at domstolane skal ha kapasitet til å behandle saker i tråd med lovbestemte fristar, og at kriminalomsorga skal ha kapasitet til å ta imot straffedømde til soning utan nemneverdig kø.

Kriminalitet er grenseoverskridande. Ny teknologi og økonomisk utvikling medfører at nye kriminalitetsformer oppstår. Kriminaliteten blir meir kompleks, og det er ei utfordring at organiserte nettverk rekrutterer unge menneske til gjengkriminalitet lokalt og internasjonalt. Valdtekt, vald i nære relasjonar og vald og overgrep mot barn og unge er også aukande utfordringar som det krev særskilt kompetanse å avdekkje og kjempe mot. Dette utgjer til saman ein røyndom som norsk politi og rettsvesen må omstillast til å kunne handtere. Den beste måten å kjempe mot kriminalitet på er å førebyggje. Regjeringa vil styrkje det kriminalitetsførebyggjande arbeidet og rehabiliteringa av straffedømde. For å bryte opp destruktive miljø når førebygginga ikkje har ført fram, er det nødvendig å straffeforfølgje lovbrutarar. Dette mellom anna for å ta vare på folk flest sitt behov for tryggleik med reaksjonar som førebyggjer gjentekne kriminelle handlingar.

#### **Politi**

Kriminalitetsbiletet er i stadig utvikling, og justisstyresmaktene må rustast for å møte denne utviklinga. Politiet må ha kompetanse til å kjempe mot kriminalitet på nye område og ha tilgang på nødvendige politimetodar for å kunne førebyggje, avverje og etterforske kriminalitet. Samtidig må ein ta vare på og respektere rettstryggleiken og personvernet. For å kunne verne innbyggjarane i krisesituasjonar trengst det fleire politifolk med god grunntrening og rask tilgang på riktig og godt utstyr, bilar og helikopter.

Regjeringa legg til grunn at politiet sine metodar skal vere effektive, men aldri gå lenger enn det som er nødvendig eller forholdsmessig.

Den beste måten å kjempe mot kriminalitet på er førebygging, noko som er ei av dei viktigaste oppgåvene til politiet. Samarbeid mellom politiet, kommunane og lokalsamfunnet

er ein føresetnad for å førebyggje kriminalitet. Regjeringa meiner at det er viktig med tidleg innsats slik at ei kriminell løpebane kan hindrast så tidleg som mogleg.

Politiet har vore og er under betydeleg omorganisering. Regjeringa vil leggje vekt på å gjennomføre nærpolitireforma frå 2015. Reforma skal sikre politiet moglegheit til å jobbe smartare, vere til stades på fleire arenaer og ha ulik kompetanse for å utføre samfunnsoppdraget. Den skal gi betre og lik kvalitet basert på standardfunksjonane etterretning, politiråd og politikontakt, tenestekontor, politipatruljen, operasjonssentralen og felles straffesaksinntak. Det er viktig å sikre desse funksjonane gjennom tilstrekkeleg politibemanning i heile landet. Regjeringa vil prioritere styrking av tenestestader, slik at politiet kan vere aktivt til stades der folk er.

Vidare er kultur, haldningar, leing, førebygging som primærstrategi og etterforsklingsløftet viktig for kvalitetshevinga.

Politidistrikta skal i større grad disponere ressursane sine slik dei sjølve meiner er føremålstenleg. Regjeringa vil prioritere auka midlar ut til distrikta framfor til Politidirektoratet.

#### **Regjeringa vil:**

- Fullføre arbeidet med nærpolitireforma.
- Arbeide for å nå målet om to politifolk per 1000 innbyggjarar innan 2020.
- Gjennomgå politiutdanninga for å sikre utdanning med spisskompetanse som tek vare på framtida sitt etterforsklings- og kompetansebehov.
- Leggje til rette for at fleire relevante yrkesgrupper blir nytta i politiarbeid.
- Førebyggje kriminalitet gjennom haldningsarbeid og målretta innsats i samarbeid med politiet.
- Føre vidare moglegheita for å gi punktvepning på sårbare stader etter risiko- og sårbarheitsanalysar.
- Føre vidare forsøk med elektrosjokkvåpen i utvalde politidistrikt.
- Setje ned eit offentleg utval for å evaluere dagens politimetodar.
- Styrkje politiet sin kapasitet og kompetanse til å kjempe mot datakriminalitet, medrekna å auke politiet sitt nærvær på internett.
- Gjennomgå reglane for bruk av overskotsinformasjon.

- Føre vidare kommunane sin tilgang til å innføre lokale reglar for tigging.
- Vurdere særskilde satsingar for utstyr i politiet.

### **Motarbeiding av organisert kriminalitet**

Samla sett har kriminaliteten dei siste åra gått ned, men den tek samtidig nye former og gjer at politiet må jobbe på ein annan måte. Den blir meir komplisert og organisert, går på tvers av politidistrikt og landegrenser, og går i aukande grad før seg i den digitale verda.

Organiserte kriminelle nettverk er hierarkiske og utfordrande å kjempe mot. Dei driv både økonomisk kriminalitet, handel med våpen og narkotika og handel og utnytting av menneske.

Menneskehandel er vår tids slaveri, og millionar av menneske er offer for dette i verda i dag. Regjeringa vil intensivere arbeidet med å straffeforfølgje bakmenn og sikre eit heilskapleg tilbod til offer. Samarbeidet mellom politiet, offentlege etatar og frivillige organisasjonar, og samarbeidet på tvers av landegrenser, må styrkast.

### **Regjeringa vil:**

- Ha eit tett justispolitisk samarbeid med EU og internasjonale organisasjonar om grenseoverskridande kriminalitet, menneskehandel og terrorisme.
- Sikre eit heilskapleg tilbod til offer for menneskehandel.
- Leggje til rette for eit trepartssamarbeid mellom frivillige organisasjonar, private og det offentlege for å hjelpe prostituerte ut av prostitusjon.
- Førebyggje at einslege mindreårige asylsøkjjarar blir offer for menneskehandel.
- Styrkje frivillige organisasjonar som arbeider for å førebyggje og kjempe mot menneskehandel.
- Føre vidare forbod mot kjøp av seksuelle tenester.
- Utvide grunnlaget for opphaldsløyve for offer for menneskehandel.

### **Motarbeiding av gjengkriminalitet**

I dei seinare åra har det vore ei alvorleg utvikling med etablering av gjengmiljø som rekrutterer svært unge menneske. Dette gjer at unge hamnar i ein negativ spiral og mistar kontakten med skule og arbeid. Gjengmiljøa skaper utryggleik og redsel i lokalmiljøa.

Regjeringa vil difor kjempe mot gjengkriminalitet for å sikre samfunnsdeltaking og tryggleik for folk flest.

Gjengmiljøa baserer seg på eit omfattande nettverk av bakmenn. Det krevst store ressursar og eit omfattande arbeid å straffeforfølgje desse. Samtidig er det viktig å hindre rekrutteringa av ordinære gjengmedlemer, då desse raskt blir erstatta av nye unge menneske. I dette arbeidet må det leggjast vekt på førebygging, bruk av straff og rehabilitering som bidreg til at tidlegare gjengmedlemer ikkje kjem tilbake til gjengane etter oppfølging frå samfunnet.

### **Regjeringa vil:**

- Utarbeide ein ny handlingsplan mot barne- og ungdomskriminalitet.
- Styrkje samarbeidet mellom politi, barnevern og skule.
- Vurdere å etablere institusjonar i barnevernet, inkludert rørslerestriksjonar, som kan handheve reglane for personar under 15 år som utfører alvorleg kriminalitet og kan utgjere ein fare for seg sjølve eller andre.
- Sikre tilstrekkeleg kapasitet i ungdomseiningane for innsette i alderen 15-18 år.
- Sikre barnevernets kompetanse på, og moglegheit til, å ta hand om barn som utfører kriminelle handlingar, medrekna å tydeleggjere barnevernet sitt ansvar. Dette omfattar også å utarbeide klare retningslinjer for samarbeid med politi og andre offentlege etatar, og å auke kunnskapen om kva moglegheiter lov- og regelverk gir rom for.
- Opne for meir effektiv inndraging av midlar som er tileigna gjennom kriminalitet.
- Opprette eit gjengprosjekt som jobbar målretta med å kjempe mot gjengkriminalitet.
- Gjennomgå og vurdere aktuelle føresegner for å sikre tilstrekkeleg heimel for opphaldsforbod som er tilpassa dagens utfordringar, over lengre tid og i eit større geografisk område.
- Innføre forbod mot machete.
- Forbetre ordninga med ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, med erfaring frå narkotikaprogram med domstolskontroll, for å sikre god rehabilitering av den enkelte, og for å redusere tida mellom kriminell handling og straffereaksjon.

### **Motarbeiding av vald og overgrep**



Valdtekt, vald i nære relasjonar og vald og overgrep mot barn og unge er eit alvorleg og omfattande samfunnsproblem. Talet på politimeldingar av seksuelle overgrep mot barn og unge har auka markant dei siste åra, av dette spesielt nettrelaterte overgrep.

Politiets ressursar og kompetanse til førebygging og etterforsking av vald, valdtekter og seksuelle overgrep skal styrkjast, og det skal leggjast til rette for betre samarbeid med politi, skule, helsetenesta, familievernet, barneverntenesta og andre relevante etatar.

Regjeringa vil føre ein heilskapleg og offensiv politikk og prioritere arbeidet med å kjempe mot vald og overgrep, valdtekt og vald i nære relasjonar.

### **Regjeringa vil:**

- Følgje opp opptrappingsplanen mot vald og overgrep mot barn etter intensjonen, med konkrete tiltak og øyremarking, gjennom å styrkje førebyggjande tiltak, behandling og oppfølging.
- Styrkje innsatsen mot valdtekt, og heve politiet sin kompetanse på området.
- Leggje fram ein eigen strategi mot internettrelaterte overgrep mot barn.
- Styrkje og vidareutvikle Statens barnehus.
- Styrkje samarbeidet med frivillige organisasjonar som arbeider for å motverke vald og overgrep.
- Leggje fram ein ny handlingsplan mot valdtekt.
- Vidareutvikle handlingsplanen mot vald i nære relasjonar.
- Følgje opp politireforma ved å fortsetje å styrkje politidistrikta sine ressursar og kompetanse til førebygging og etterforsking av vald, valdtekter og seksuelle overgrep.
- Vurdere formelle krav til etterforskarar som skal gjennomføre sentrale avhøyr i valdtektssaker.
- Kvalitetssikre overgrepsmottaka.
- Greie ut og vurdere eit kriminalitetsofferfond etter svensk modell.
- Greie ut bustads- og/eller opphaldsforbod for gjerningspersonen i offeret sin bustadkommune i dei grovaste valds- og utuktssakene.
- Gjennomgå ordninga med hemmeleg adresse, med sikte på å gi offera større fridom og eit meir normalt liv.

## Rettsstat og rettargang

Justispolitikken skal sikre kvar enkelt sitt krav på rettstryggleik, rettferd og likskap for lova. Regjeringa meiner det er viktig at dei mest sårbare i samfunnet har tilgang til rettshjelp, og ønskjer difor framleis å styrkje dei frivillige rettshjelpstiltaka.

Justissektoren krev store ressursar, og det er viktig at sektoren er strukturert slik at den er mest mogleg effektiv og ubyråkratisk. Regjeringa vil styrkje domstolane og kriminalomsorga, mellom anna ved å vurdere organiseringa, med sikte på å frigjere midlar til raskare saksbehandling i domstolane for å redusere restansane og auka kapasitet og betre tilbod i kriminalomsorga.

### Regjeringa vil:

- Fortsetje satsinga på dei frivillige rettshjelpstiltaka.
- Fastsette storleiken på salærsatsen i statsbudsjettet etter konsultasjonar med Advokatforeininga.
- Vurdere rettshjelpsutvalet sitt arbeid med ei reell styrking av rettshjelpsordningane.
- Prioritere ei styrking av påtalemakta, og følgje opp Påtaleanalysen.
- Gå imot bruk av religiøse kleplagg og symbol i tilknytning til statleg makt- og myndigheitsutøving i politi, domstolar og kriminalomsorga.
- At private aktørar og sosiale entreprenørar i større grad skal bidra til at innsette blir rekrutterte til arbeidslivet.
- Leggje til rette for at nye digitale arbeidsmetodar blir tekne i bruk for å bidra til ein meir effektiv ressursbruk.
- Styrkje arbeidet mot økonomisk kriminalitet.
- Gjennomgå strafferammene og lovverket, og effektivisere inndraging for å kjempe mot arbeidslivskriminalitet.
- Arbeide for å opprette eit bransjestyrt og digitalt «Nemndenes hus» i Noreg.
- Ta initiativ til eit breitt samarbeid om nye retningslinjer for å avvikle store straffesaker meir effektivt, og at arbeidet med hurtigspor i domstolane i mindre straffesaker skal halde fram og bli utvida til fleire domstolar.

- Gjennomføre tiltak som effektiviserer straffeprosessen i enkeltsaker utan at rettstryggleiken blir svekt. Mellom anna skal ein sjå på mekanismane for siling av ankar til lagmannsretten, gjennomgå ressursbruk, tidsbruk og kostnadstypar og greie ut moglegheiter for å auke delen av tilståingssaker.
- Følgje opp straffeprosesslovutvalet si innstilling med tiltak som bidreg til effektivisering, og som speglar endringar i kriminalitetsbiletet og den samfunnsmessige utviklinga.
- Trappe opp arbeidet med å innføre opptak av lyd og bilete i norske domstolar.
- Tydeleggjere regelverket for mistenkte sin rett til innsyn i eiga sak i samband med oppfølginga av straffeprosesslovutvalet si utgreiing.
- Greie ut fordelar og ulemper ved å skilje politi og påtalemakta.

### **Straff og soning**

Regjeringa vil behalde det generelle straffenivået, men opne for mindre justeringar på enkelte område i tilfelle der straffenivået blir opplevd som urimeleg.

Regjeringa vil redusere bruken av isolasjon, og legg til grunn at bruken av isolasjon kan vere skadeleg for den innsette. Kriminalomsorga sine vedtak må vere opne, godt grunngitte og kunne etterprøvast.

Regjeringa meiner det må vere ein god balanse mellom straff og rehabilitering. Dei fleste innsette i norske fengsel skal førast tilbake til samfunnet, og dei må raskast mogleg bli rekrutterte til arbeidslivet etter enda soning. Regjeringa vil jobbe for å auke talet på soningsoverføringar av utanlandske innsette til heimlandet ved å inngå avtalar med andre statar der menneskerettane blir respekterte.

Regjeringa ønskjer å styrkje offeret sine rettar, og vil arbeide for ytterlegare styrking av offerkontora.

### **Regjeringa vil:**

- Halde soningskøane nede.
- Behalde det generelle straffenivået i perioden, men opne for mindre justeringar på enkelte område innanfor dagens rammer.
- Gjennomgå praksis for strafferabatt i saker med alvorlege lovbrøt, eksempelvis drap, valdtekt og seksuelle overgrep, med sikte på å ta vare på Stortinget sin intensjon ved behandlinga av straffelova.

- Søkje å overføre fleire utanlandske statsborgarar som utfører kriminalitet i Noreg, til soning i heimlandet.
- Arbeide for eit meir rehabiliterande straffegjennomføringssystem ved at det blir lagt større vekt på innhaldet i soninga.
- Fremje ei stortingsmelding om kriminalomsorga.
- Endre straffelova slik at forvaringsdømde ikkje kan sleppe ut tidlegare enn om dei hadde fått ei ordinær fengselsstraff.
- Gjennomgå bruken av varetekt, og vurdere utvida bruk av alternative tvangsmiddel til fengsling under varetekt for å halde varetektsnivået lågast mogleg.

### **Personvern**

Regjeringa legg til grunn at personvernet er grunnlovsfesta, at kvar og ein har rett til privatliv, og at staten har eit ansvar for å sikre vern om den personlege integriteten. Presset mot personvernet blir sterkare som følge av auka bruk av digitale løysingar og internett. Regjeringa vil stille strenge krav til sikker lagring og behandling av personopplysningar, både frå private og offentlege aktørar.

### **Regjeringa vil:**

- Følgje opp ny personopplysningslov som implementerer EUs personvernforordning, og i denne samanheng sikre Datatilsynet si rolle som tilsynsorgan og ombod.
- Setje ned ein personvernkommissjon for å vurdere personvernet si stilling i Noreg. Denne skal mellom anna sjå på personvern i justissektoren og korleis personvernet kan sikrast ved auka bruk av digitale løysingar, medrekna rettane til brukarar av sosiale medium.
- Sikre den enkelte sin rett til å råde over eigne private opplysningar.

### **Beredskap**

Regjeringa vil fortsetje arbeidet med å styrkje beredskapen for at Noreg skal vere førebudd på å handtere kriser, alvorlege situasjonar og nye truslar lokalt og nasjonalt. Arbeidet skal, i tråd med den nye tryggleikslova, styrkje samhandlinga mellom styresmakter og verksemdar som tek seg av viktige samfunnsfunksjonar. Regjeringa vil styrkje arbeidet mot truslar i det

digitale rom, styrkje medvitet både i offentleg og privat sektor og jobbe for å sikre offentlege institusjonar og sentrale funksjonar mot dataangrep.

I norsk redning og beredskap er det ein styrke at mange ulike aktørar, både offentlege, private og frivillige, er involverte og bidreg på forskjellige måtar før, under og etter ei hending. Regjeringa vil føre vidare samarbeidet med dei frivillige beredskapsorganisasjonane og ha gode system for samvirke.

### **Regjeringa vil:**

- Fullføre beredskapssenteret på Taraldrud innan planlagt tid, i tråd med reguleringsplanen og i samarbeid med lokalmiljøet og naboar.
- Styrkje arbeidet med førebygging, klimatilpassing og beredskap mot naturfare, inkludert NVE sitt arbeid med flaum- og skredkartlegging.
- Styrkje tryggleiken rundt IKT-driftsanlegg og styrkje den nasjonale kontrollen med kritisk IKT-infrastruktur.
- Prioritere ei snarleg oppgradering av IKT-system i beredskapsetatane, særleg i politiet.
- Gjennomgå beredskapskapasiteten i kommunane, inkludert rollefordeling mellom brannvesen, politi og helsevesen.

### **Svalbard**

Svalbard må forvaltast aktivt i tråd med Svalbardtraktaten, og regjeringa vil jobbe for at Svalbard blir tydelegare integrert i norsk politikk for nordområda og Arktis. Det er viktig å bevare busetjing og aktivitet på Svalbard. Svalbard må difor bli vidareutvikla gjennom satsing på forskning, reiseliv og anna næringsverksemd for å erstatte kolverksemda.

Regjeringa vil sikre stabile og føreseielege vilkår for reiselivsnæringa. Vidare er det viktig å stimulere til innovasjon og nyetableringar og satse meir på forskning og høgare utdanning.

### **Regjeringa vil:**

- Leggje til rette for eit levedyktig lokalsamfunn på Svalbard.
- Utvikle ein strategi for næringsutvikling og innovasjon på Svalbard.
- Styrkje norsk forvaltning av Svalbardsona og integrere Svalbard tydelegare i norsk politikk for nordområda og Arktis.

- Følgje opp strategiar innan næringsliv, reiseliv, hamn, forskning, utdanning og strategisk infrastruktur på Svalbard.
- Følgje opp utgreiing om energiforsyning på Svalbard, basert på berekraftige og fornybare løysingar.
- Leggje betre til rette for solid kunnskapsbasert forvaltning av natur- og kulturminneverdiar på Svalbard.

## **Ein berekraftig innvandringspolitikk**

Talet på migrantar på verdsbasis har auka betydeleg sidan tusenårsskiftet, og migrasjonsstraumane er svært lite føreseielege. Noreg må difor ha ein høg beredskap for raske skiftingar.

Befolkningsauke, langvarig konflikt og uro, fattigdom og klimaendringar vil gi store utfordringar med migrasjon også i åra framover. Samtidig er det ei positiv utvikling at stadig fleire ønskjer å nytte seg av dei auka moglegheitene til å reise, studere og jobbe lovleg i andre land.

Innvandring har tilført samfunnet viktig kompetanse og bidrege til å dekkje mangel på arbeidskraft i fleire sektorar. Innvandring gjer også Noreg til ein meir mangfaldig nasjon. Samtidig ser vi utfordringar når det gjeld integrering.

Vi må lykkast betre med integreringa i arbeidslivet. Dette er heilt sentralt både for den enkelte og for berekrafta i velferdsordningane våre. Folkeflytting set det norske samfunnet på prøve, uansett årsak. Ikkje minst gjeld dette berekrafta til den norske velferdsstaten. Det norske velferdssamfunnet står overfor ein periode med ein aukande del eldre og mindre økonomisk handlingsrom. Høg innvandring blir ei tilleggsutfordring i dette biletet. Det er difor nødvendig å regulere innvandringa. Det er viktig å føre ein asylpolitikk som held talet på asylsøkjjarar utan behov for vern lågast mogleg, for å bruke ressursane på asylsøkjjarar med behov for vern og kvoteflyktningar. Talet på kvoteflyktningar må ein sjå i samanheng med andre innvandrings- og integreringsutfordringar.

Noreg skal vere ein pådrivar for å finne gode løysingar for verdas flyktningar, både gjennom hjelp i nærområda og ved å ta imot kvoteflyktningar.

Moglegheita til å søkje asyl er ein grunnleggjande menneskerett. Regjeringa vil føre ein restriktiv, ansvarleg og rettssikker innvandringspolitikk innanfor rammene av internasjonale forpliktingar. Ei rettssikker behandling er avgjerande for å sørge for at dei som har krav på vern, faktisk får det, medan dei utan krav skal bli raskt returnerte. Regjeringa vil arbeide for

å få på plass returavtalar med fleire land for å unngå at personar oppheld seg i Noreg utan lovleg opphald.

For å sikre legitimiteten til innvandringspolitikken og regelverket er det viktig at moglegheiter for misbruk blir hindra.

Ved familieinnvandring til Noreg meiner regjeringa at innvandraren anten må kunne forsørge seg sjølv eller bli forsørgd av den personen ein blir gjenforeint med. Regjeringa ønskjer å kjempe mot tvangsekteskap og fleirkoneri og hindre at reglane om familieinnvandring blir undergravne gjennom utnytting. Difor er det behov for å gjennomgå regelverk og praksis og fremje tiltak for å hindre dette.

Barn på flukt er meir sårbare enn vaksne. Omsynet til barnet sitt beste må bli vektlagt som eit grunnleggjande omsyn i alle utlendingssaker som gjeld barn.

Noreg har teke eit stort ansvar over lengre tid, og ansvaret for menneske på flukt må delast mellom fleire land. Difor støtter regjeringa i utgangspunktet planar om eit forpliktande europeisk kvotesystem som gir ein permanent fordelingsmekanisme mellom alle europeiske land. For å avhjelpe årsakene til at folk migrerer, vil regjeringa forsterke innsatsen for meir utvikling og demokrati.

### **Regjeringa vil:**

- Sikre rask behandling av asylsøknader utan at det går ut over rettstryggleiken til asylsøklarane.
- Føre vidare det vedtekne nivået på kvoteflyktningar.
- At nivået på kvoteflyktningar samtidig må sjåast i samanheng med andre innvandrings- og integreringsutfordringar, medrekna eventuell relokalisering frå EU.
- Framleis sørge for rask busetjing av flyktningar.
- Intensivere arbeidet mot falsk ID og falske dokument.
- Styrkje innsatsen for å avdekkje personar som har fått opphald i Noreg på falske premisar.
- Styrkje rettshjelpsordningane.
- At barn i større grad blir høyrde munnleg ved behandling av klager i utlendingssaker.
- Utføre ein fornya gjennomgang av klageordninga på utlendingfeltet.
- Sikre at det blir halde nemndsmøte med personleg oppmøte, og at det blir gitt moglegheit til å føre vitne under nemndsmøte i Utlendingsnemnda i asylsaker der vurderingstemaet er

truverdet ved ei konvertering. Den utvida tilgangen til personleg oppmøte gjeld berre éin gong i kvar sak.

- Vurdere praksis i klagesaker som knyter seg til forfølging på grunn av religion.
- Vurdere forbetringar i ordningar for tvangsprostituerte og offer for menneskehandel, samtidig som moglegheitene for misbruk blir hindra.
- Føre vidare innsatsen for å kalle tilbake løyve når behovet for vern har falle bort.
- Føre vidare innsatsen for tvangsretur av utlendingar utan lovleg opphald, og leggje til rette for fleire assisterte returar. I tillegg etablere program for frivillig retur i samarbeid med relevante organisasjonar.
- Utforme og fremje til Stortinget ei ny føresegn i utlendingslova om rett til opphald for utlendingar med krav på subsidiært vern. Føresegna er ei beredskapsordning og blir sett i verk dersom det blir ein betydeleg auke i asylframkomstane. Opphaldsløyve på dette grunnlaget skal ikkje gi rett til flyktningstatus, med dei særrettar som etter trygdereglane blir tilkjende flyktningar. Personar med subsidiært vern har rett til busetjing med statleg hjelp og rett og plikt til introduksjonsprogram. Dei har rett til familiegjenforeining på same vilkår som flyktningar. Opptening av rett til permanent busetjing byrjar etter to år.
- Leggje til rette for ei eingongsløysing for eldre ureturnerbare asylsøkjjarar som har budd lengre enn 16 år i Noreg. Løysinga blir ramma inn slik at ho ikkje skaper presedens, og ho vil ikkje gjelde for straffedømde.
- Innføre karantenetid for flyktningar som dreg på reiser til heimlandet utan føregåande avtale med norske styresmakter, og som ikkje kan sendast ut på grunn av folkerettslege forpliktingar Noreg er bunde av. Utmåling av karantenetida må vere forholdsmessig. I karantenetida blir det ikkje tent opp butid i samsvar med kravet for permanent opphaldsløyve. Det blir heller ikkje gitt løyve til familieinnvandring i karantenetida.
- Føre vidare hovudregel om at retten til familiegjenforeining gjeld nære slektningar som ektefelle og barn.
- Redusere gebyr ved familiegjenforeining for personar med flyktningstatus.
- Vurdere avgrensingar i talet på familieetableringar for å kjempe mot fleirkoneri.
- Fortsetje arbeidet med å etablere omsorgssenter i heimlandet.
- Bruke DNA-testing i alle saker for å avklare slektskap i samband med familiegjenforeining.



- Leggje til grunn at ved familieinnvandring til Noreg må ein kunne forsørge seg sjølv eller bli forsørgd av den ein blir gjenforeint med.
- Stramme inn unntak frå sjølvforsørgarkravet for personar under grunnopplæring og vidaregåande utdanning, slik at dette berre gjeld dei som er i godkjent opplegg gjennom introduksjonsordninga, i NAV-tiltak eller som er omfatta av ungdomsretten til vidaregåande opplæring.
- Stramme inn regelverk og praksis og fremje tiltak for å forhindre proformaekteskap, fleirkoneri og gjentakande familieinnvandring.
- At statsborgarskap i Noreg skal hengje høgt. Det er til gunst for alle dersom tildeling av statsborgarskap også er innretta slik at det er integreringsfremjande. Difor vil regjeringa føreslå endringar i statsborgarlova for å oppnå dette. Regjeringa vil greie ut og endre statsborgarlova slik at det som hovudregel er åtte års butid for å få statsborgarskap. Det blir innført eit unntak for personar som etter fastlagde kriterium er sjølvforsørgde, og butidskravet for desse blir sett til seks år. Dei som har unntak frå dagens hovudkrav, og anerkjende flyktingar, beheld gjeldande butidskrav.
- Heve krav til norskkunnskapar for å få norsk statsborgarskap til nivå B1.
- Betre tilbodet til einslege mindreårige med mellombels opphald gjennom styrkt innsats for oppsporing av familie og opplæring som er relevant ved retur, til dømes gjennom tilpassa vidaregåande opplæring.
- Bidra til å førebyggje konflikhtar og behov for migrasjon gjennom sterk internasjonal innsats, og kople Noreg sterkare på dei europeiske prosessane for eit felles europeisk system som også kan innebere etablering av felles asylsenter utanfor EU og styrking av yttergrensa til Schengen-landa.
- Bruke Noreg sin posisjon, mellom anna som bistandsytar, til å sikre fleire returavtalar og auke aksept for prinsippet om at alle land har plikt til å ta imot eigne borgarar.
- Føre vidare ein differensiert mottaksstruktur med mellom anna framkomstmottak, integreringsmottak og returmottak, tilpassa behova til asylsøklarane og samfunnet.
- Sikre eit tilbod med forsterka mottak som tek vare på sikkerheit og tryggleik for omgivnadane.
- Ha raskare og enklare prosedyrar for å søkje om arbeidsløyve, visum og forlenging og fornying av arbeidsløyve.

- Leggje til rette for arbeidsinnvandrarak med relevant kompetanse frå land utanfor EØS.
- Føre vidare mellombels grensekontroll så lenge den tryggleikspolitiske situasjonen krev det.

## **5 – Økonomi, skatt og berekraft**

Noreg er eit land med store moglegheiter. Høg arbeidsinnsats og produktivitet er grunnlaget for auka verdiskaping i heile landet og mogleggjer eit godt velferdsnivå. Regjeringa vil basere den økonomiske politikken sin på at verdiar må bli skapte før dei kan delast.

Velfungerande marknader er avgjerande for velstand og økonomisk utvikling. Gjennom å leggje til rette for auka verdiskaping og produktivitet, både i næringslivet og i det offentlege, vil regjeringa sikre grunnlaget for velferda i framtida. Regjeringa vil føre ein ansvarleg økonomisk politikk, der den offentlege pengebruken blir tilpassa situasjonen i økonomien innanfor rammene til handlingsregelen.

Den auka bruken av oljepengar skal vridast i retning av investeringar i kunnskap og infrastruktur, og vekstfremjande skattelettingar, i tråd med føremålet som blei fastlagt i handlingsregelen.

Verdien av den framtidige arbeidsinnsatsen vår utgjer den største delen av nasjonalformuen. Regjeringa vil difor prioritere å styrkje arbeidslinja og investere i kompetanseheving. I tillegg er det viktig å investere i tryggleik, utvikling og læring for barn.

Petroleumsnæringa blir ei viktig næring for Noreg i mange år framover, men det vil etter kvart bli lågare etterspurnad etter varer og tenester frå næringa. Difor treng Noreg fleire bein å stå på i åra som kjem.

God omstillingsevne vil bidra til at norske verksemder står godt rusta til å møte internasjonal konkurranse. Skattesystemet skal vere vekstfremjande og leggje til rette for styrkt konkurransekraft, og for at det blir skapt fleire nye og lønsame arbeidsplassar. Samtidig må skattesystemet vere enkelt, forståeleg og handterleg for dei som blir skattlagde. Regjeringa ønskjer eit skattesystem som stimulerer til arbeid og innsats, og eit lågare skattenivå for å gi meir valfridom til familiarne. Naturressursar bør skattleggast slik at overskotet går til fellesskapen, samtidig som selskapa kan vinne ut lønsame ressursar.

Folk investerer i bustad og hytte av omsyn familiens velferd. Difor bør ikkje desse sjåast på som skatteobjekt på lik linje med andre investeringar. Eigedomsskatt er ei usosial form for skatt som rammar uavhengig av betalingsevne. Regjeringa vil difor fortsetje å redusere eigedomsskattesatsen og skattegrunnlaget.

**Regjeringa vil:**

- Føre ein ansvarleg økonomisk politikk basert på handlingsregelen, og halde orden i økonomien.
- Gjere norsk økonomi mindre sårbar for svingingar i petroleumsverksemda gjennom å styrkje veksten i fastlandsøkonomien.
- Setje i verk tiltak for auka verdiskaping og auka produktivitet.
- Senke det totale skatte- og avgiftsnivået.
- Forbetre skattesystemet ved å redusere skattesatsar og gjennomgå skattefrådrag som har lita tilknytning til inntekt og arbeid, med sikte på forenkling.
- Sikre skattegrunnlaget ved å unngå utholing.
- Skattleggje naturressursar slik at overskotet går til fellesskapen, og innrette skattesystemet slik at det fører til samfunnsøkonomisk lønsame investeringar.
- Førebyggje overskotsflytting for å sikre skattegrunnlaget, og vere ein pådrivar internasjonalt for langsiktige og prinsippbaserte fellesløysingar mot skatteomgåing.
- Styrkje den generelle ordninga for gunstig kjøp og tildeling av aksjar og opsjonar i eigen verksemd.
- Vurdere om aksjesparekontoordninga (ASK) kan inkludere unoterte aksjar.
- Vurdere forbetringar i skattefunnordninga.
- Gjennomgå og forenkle meirverdiavgiftssystemet med mål om å redusere talet på satsar.
- Redusere eigedomsskattesatsen med ytterlegare éi promilleeining for bustader og fritidsbustader, frå 5 til 4 promille.
- Fortsetje nedtrapping i formuesskatten for arbeidande kapital.
- Arbeide for gjensidig reduksjon i tollsatsane for å bidra til auka frihandel.
- Sikre dei nest fattigaste utviklingslanda betre tollvilkår enn andre mellominntektsland ved å redusere tollsatsar for alle varer som er omfatta av den norske tollpreferanseordninga.
- Fasthalde fjerninga av arveavgifta.
- Greie ut ein modell med minstefrådrag for sjølvstendig næringsdrivande som alternativ til faktiske frådrag.
- Fjerne eingongsavgift for bilar over 20 år.

- Avvikle grensa for avgiftsfri import i 2020.
- Føre vidare tax free-endringa som blei gjennomført i 2014, der tobakkskvoten kan bytast inn i alkohol.

### **Staten som sjølvassurandør**

Staten følgjer sjølvassurandørprinsippet. Det tyder at hovudregelen er at staten ikkje forsikrar seg, men dekkjer skader og tap når dei oppstår. Regjeringa vil greie ut og vurdere om gjenanskaffingar der staten er sjølvassurandør, bør kunne førast som ein 90-post i statsbudsjettet.

### **Grønt skatteskipt**

Klimaendringar er ei av hovudutfordringane i vår tid. Skatte- og avgiftspolitikken er eit viktig verkemiddel for å redusere norske klimagassutslepp. Regjeringa vil byggje klimapolitikken på marknadsbaserte og kostnadseffektive tiltak. Hovudverkemidla i norsk klimapolitikk er, og skal vere, sektorovergripande verkemiddel i form av klimagassavgifter og utsleppskvotar som kan omsetjast.

### **Regjeringa vil:**

- Trappe opp den flate CO<sub>2</sub>-avgifta med fem prosent årleg for alle sektorar fram til 2025. Provenyet blir brukt til å redusere skattar og avgifter for aktuelle grupper for å lette omstillinga. Andre relevante avgifter (mellom anna HFK/PFK) blir auka tilsvarande.
- Unntaka for landbruk og fiskeri blir fjerna dersom det partssamansette utvalet for fiske og forhandlingane mellom staten og jordbruksorganisasjonane om ein klimaavtale ikkje kjem fram til tiltak som gir reelle og tilstrekkelege utsleppsreduksjonar. Dette skal sjåast i samanheng med kompenserte tiltak i samråd med næringane.
- Sjå eventuell vidare opptrapping av CO<sub>2</sub>-avgifta etter 2025 i samanheng med reduksjon av utsleppa og omlegging av bilparken.
- Følge ein føreseieleg opptrappingsplan for biodrivstoff etter 2020 for å nå måla for utsleppskutt i transportsektoren basert på teknologiutviklinga og utviklinga i alternative energibærarar. Opptrappinga tek sikte på å skje utan bruk av biodrivstoff med høg avskogingsrisiko. For å sikre drivstoff til eldre bilar blir 98E0 innført som sikringsstandard for bensin.

- Ikkje auke vegbruksavgifta på bensin og diesel. Auka pumpeprisar som følge av auka krav til omsetningspåbod for biodrivstoff og auka CO<sub>2</sub>-avgift på drivstoff pålagt vegbruksavgift, skal i sin heilskap motsvarast med reduserte avgiftssatsar på drivstoff.
- Fortsetje grøn omlegging av eingongsavgifta for kjøp av nye køyretøy ved å auke CO<sub>2</sub>-og NO<sub>x</sub>-komponentane, og redusere andre komponentar tilsvarande. Nye utsleppsverdiar (WLTP) blir innførte provenynøytralt, slik at den grønne omlegginga av eingongsavgifta blir forsterka.
- Skjerpe verkemidla for nyttetraffic, kompensert med avskrivingsatsar og anna.
- Byrje arbeidet med eit bilavgiftssystem som er berekraftig etter 2025.
- Føre vidare skattefordelane for elbil når det gjeld eingongsavgift og meirverdiavgift i heile perioden for å nå 2025-måla.
- Vurdere tilrådingane frå ekspertutvalet som har sett på klimarelaterte risikofaktorar og kva betydning desse har for norsk økonomi.

### **Betre konkurranse og ein meir effektiv offentleg sektor**

Den felles velferda vår no og i framtida avheng av eit velfungerande og effektivt offentleg tenestetilbod. Eit godt utdannings- og helsetilbod, gode transportsystem, politi, rettsvesen og eit solid sosialt sikkerhetsnett gjer Noreg til eit godt land å bu i, og bidreg samtidig til konkurransevne og verdiskaping.

For å sikre eit berekraftig velferdssamfunn blir det stadig viktigare å gjennomgå offentleg ressursbruk og jobbe for betre bruk av skattebetalarane sine pengar. Dette inneber prioriteringar av utgiftene i statsbudsjettet. Regjeringa vil arbeide for målretting av overføringar til private, og for at offentlege investeringar i større grad blir brukte på samfunnsøkonomisk lønsame prosjekt. Samtidig må offentleg sektor framleis vise omstillingsevne og -vilje, og ein må gjennomføre tiltak for å effektivisere og avbyråkratisere offentleg sektor.

Konkurrensepolitikken står sentralt i regjeringa sitt arbeid for auka produktivitet, ein meir effektiv økonomi og betre ressursbruk. Konkurranse i marknadene bidreg til eit betre tilbod av varer og tenester med høgare kvalitet og lågare prisar. Konkurranse stimulerer norske verksemdar til å bli meir produktive og innovative, samtidig som dei blir meir konkurransedyktige i internasjonale marknader.

Ny teknologi gir nye moglegheiter for tenester og kontakt mellom innbyggjarane og det offentlege, og vi må tilpasse organisering og tilbod av offentlege tenester i takt med endringar i samfunnet.

Regjeringa vil framleis modernisere offentlege verksemder med utgangspunkt i eit best mogleg tenestetilbod til kvar enkelt innbyggjar på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Gjennom omfattande reformer og strukturtiltak har regjeringa dei siste åra lagt grunnlaget for å få betre tenester og meir ut av ressursane i åra som kjem. Regjeringa vil fortsetje dette arbeidet.

### **Regjeringa vil:**

- Sikre meir tilgjengelege offentlege tenester gjennom digitalisering.
- Auke produktiviteten gjennom strukturreformer som styrkjer næringslivet sine vekstmoglegheiter, og tiltak for å effektivisere offentleg sektor.
- Gjennomføre tiltak som bidreg til å forenkle og avbyråkratisere arbeidet i og mellom departementa, direktorata og etatane.
- Hindre at offentlege økonomiske verksemder får særfordelar som fører til konkurransevriding.
- Ta riktige investeringsval ved å prioritere mellom investeringsprosjekt og velje dei riktige løysingane som når samfunnsmåla mest kostnadseffektivt, og sikre god styring og kostnadskontroll undervegs i prosjekta.
- Sørge for standardar som bidreg til innovasjon og kostnadseffektive løysingar.
- Sørge for forpliktande gevinstrealisering i digitaliseringsprosjekt og strukturreformer.
- Sørge for at dei offentlege overføringane blir betre målretta.
- Leggje til rette for å la private tilbydarar konkurrere om å levere offentleg finansierte tenester der det er fornuftig.
- Vurdere om Nye Vegar-modellen bør prøvast ut i andre statlege sektorar enn i samferdselspolitikken.
- Vektleggje omsynet til arbeidstilbod i utforminga av offentlege velferdsordningar.
- Styrkje inkludering og integrering i arbeidsmarknaden, medrekna at flyktingar og asylsøkjjarar blir raskt og effektivt integrerte, og at færre blir gåande på helsereelaterte ytingar.

- Vurdere og eventuelt følge opp tilrådingane frå sysselsetjingsutvalet (Holden-utvalet).
- Leggje til rette for at fleire som jobbar deltid og ønskjer å jobbe heiltid, kan gjere det.
- Kritisk gjennomgå alle offentlege byggjeprojekt for å sjå om dei kan bli meir kostnadseffektive og bli dimensjonerte til føremålet dei skal tene.
- Føre vidare ABE-reforma, men samtidig vurdere korleis ho kan bli betre målretta for å oppnå måla om avbyråkratisering og effektivisering.
- Arbeide for at regelverket legg til rette for meir effektive arbeidsprosessar, administrative forenklingar og digitalisering.
- Forenkle og automatisere dataflyt mellom næringslivet og skattestyresmaktene med sikte på å lette rapportering og å avbyråkratisere.

### **Finansmarknadene**

Velfungerande finansmarknader er avgjerande for økonomiens vekstevne og folks kvardag ved at lønsame prosjekt får tilgang til kapital til prisar som speglar risikoen, at folk får tilgang til lån og investeringsmoglegheiter, og at forbrukarane blir verna. Regjeringa er bekymra for den sterke gjeldsveksten i norske hushald, også når det gjeld forbrukslån. Regjeringa vil leggje til rette for ein velfungerande kapitalmarknad, trygge bankar og ei konkurransedyktig finansnæring. Regjeringa vil også leggje til rette for auka konkurranse og nye forretningsmodellar innan digitalisering, teknologi og finansielle løysingar (fintech), samtidig som personvern og tryggleikssyn blir teke vare på.

### **Regjeringa vil:**

- Vurdere ytterlegare innstrammingar i tilgangen til å yte forbrukslån.
- Gjennomgå eigedomsmeklingslova med sikte på forenklingar og tryggleik for forbrukarane.
- Leggje til rette for folkefinansiering, både gjennom forenklingar for næringa og auka tryggleik for forbrukarar, og vurdere å etablere eit eige regelverk for folkefinansiering i lys av utviklinga internasjonalt, mellom anna i EU.
- Greie ut utvida land-for-land-rapportering.

### **Oljefondet - Statens pensjonsfond utland (SPU)**

Oljefondet er ein suksess fordi norske politikarar har basert seg på grundige faglege utgreiingar av investeringsstrategien med utgangspunkt i eit mål om høgast mogleg avkastning til moderat risiko, og med etisk motiverte utelatningskriterium mellom anna knytt til våpen, menneskerettar og alvorleg miljøskade. SPU skal ikkje vere eit politisk verkemiddel. Regjeringa vil også framover basere forvaltninga på gjeldande retningslinjer og faglege vurderingar, med målsetjing om ein langsiktig investeringsstrategi med akseptabel risiko.

### **Regjeringa vil:**

- At SPU skal følgje internasjonalt anerkjende standardar for ansvarleg forvaltning.
- At SPU skal følgje ein ansvarleg investeringspraksis som fremjar god selskapsstyring i dei selskapa det blir investert i, fremjar openheit og tek omsyn til miljø- og samfunnsmessige forhold.
- Leggje fram eit forslag til mandat for investeringar i unotert infrastruktur for fornybar energi under miljømandatet, med krav til openheit, avkastning og risiko som for andre investeringar.
- Vurdere rapporteringskrav rundt SPU si aktive eigarskapsutøving.
- Setje ned eit utval som skal gjennomgå dei etiske retningslinjene for Statens pensjonsfond utland.

## **6 – Næring og fiskeri**

Eit sterkt, mangfaldig og konkurransedyktig næringsliv er avgjerande for å halde oppe eit godt velferdsnivå i framtida. Gode generelle rammevilkår og eit skattesystem som stimulerer til etablering av verksemder, arbeidsplassar og norsk privat eigarskap er difor heilt sentralt. Norsk næringsliv er sett saman av i all hovudsak små og mellomstore verksemder. Regjeringa vil difor sikre rammevilkår som er tilpassa desse verksemdene.

Regjeringa vil føre ein framtidsretta næringspolitikk, som legg til rette for verdiskaping og vekst i privat sektor, lønsame arbeidsplassar og omstilling av norsk næringsliv. Gjennom kunnskap, forskning og innovasjon, blir grunnlaget lagt for nye jobbar med høg verdiskaping, som kan støe eit berekraftig velferdssamfunn.

Regjeringa vil satse meir på ny grøn teknologi. Regjeringa vil redusere byråkratiet, gjere det lettare å skape nye verksemder og meir lønsamt å investere i norske arbeidsplassar. Regjeringa byggjer næringspolitikken på breie verkemiddel som fremjar innovasjon og



nyskaping, og som står opp om dei beste prosjekta på tvers av alle sektorane. Dei rike naturressursane til Noreg gir grunnlag for aktivitet, innovasjon og næringsutvikling i heile landet. Desse ressursane må takast i bruk på ein berekraftig måte som gir grunnlag for lønsame arbeidsplassar. Regjeringa vil føre ein industri- og næringspolitikk som legg til rette for å dra nytte av naturlege føresetnader og sterke teknologi- og kompetansmiljø i Noreg. Målet til regjeringa er at Noreg skal bli mellom dei leiande landa i Europa på innovasjon. Det skal vere enkelt og ubyråkratisk å starte nye verksemder og å etablere fleire arbeidsplassar.

Det er ein klar samanheng mellom samferdsel og næringsutvikling, særleg i distriktsnoreg. Regjeringa vil difor halde fram med den sterke satsinga på samferdsel og kommunikasjon i heile landet.

Regjeringa vil:

- Følgje opp Prosess21, eit samhandlingsforum for minimale utslepp og berekraftig vekst i prosessindustrien.
- Vurdere korleis staten kan bidra til at lønsame prosjekt har tilgang til kapital, og til dette høyrer det å vurdere ordningar knytt til såkornfond/presåkornfond i lys av Kapitaltilgangsutvalets utgreiing og andre prosessar som er i gang.
- Gjere det enklare å ta i bruk folkefinansiering i Noreg.
- Evaluere minerallova med sikte på ei berekraftig ressursutvikling.
- Forenkle søknadsprosessen og betre rammevilkåra for mineralnæringa.
- Forme strategiar for romnæringa og for små- og mellomstore verksemder.
- Vurdere forenklingar i avgiftssystemet slik at særavgifter fungerer i tråd med føremålet.
- Leggje til rette for utvikling av ny grøn industri i Noreg.
- Tilmåte verkemidla retta mot næringa og skattesystemet mest mogleg effektivt for å stimulere til verdiskaping, omstilling og innovasjon.
- Leggje fram ei stortingsmelding om helsenæringa, som mellom anna tek for seg korleis den offentlege helsetenesta kan bidra til utvikling av innovasjon og utvikling av nye løysingar.
- Følgje opp tiltaka i industrimeldinga for å bidra til at Noreg er ein industri- og teknologinasjon som er driven av kunnskap.
- Innføre fleksibilitet i grensa for alkoholinnhald (alkoholhaldig drikk gruppe 1) som tek høgde for kvalitetsskilnader i produkta, slik at mikro- og minibryggjeri skal kunne selje produkta sine i vanleg butikk.
- Leggje til rette for at norske verksemder og institusjonar i større grad deltek i EU sitt rammeprogram for forskning og innovasjon.

## **Digitalt løft**

Samfunnet er i endring, mellom anna som følgje av teknologisk utvikling knytt til digitalisering og automatisering. Utviklinga skaper store moglegheiter for fleire arbeidsplassar i Noreg, auka produktivitet og effektivisering, men utfordrar også

eksisterande arbeidsplassar og kompetansen til den einskilde. Regjeringa vil at Noreg skal vere leiande i å ta i bruk nye digitale moglegheiter i alle sektorar.

### **Regjeringa vil:**

- Leggje til rette for testfasilitetar for utvikling og bruk av ny teknologi i alle næringer.
- Satse på teknologiar som opnar nye dører.
- Leggje til rette for lønsam utvikling av datasenter i Noreg.
- Følgje opp arbeidet med ein heilskapleg og samla strategi for meir digitalisering på tvers av næringer og bransjar gjennom ein Digital21-prosess.
- Halde fram arbeidet med digitalisering av offentlege tenester og kommunikasjon mellom det offentlege og næringslivet.
- Gjere fleire offentlege tenester tilgjengelege på nett.
- Vurdere korleis blokkjede-teknologi kan leggje grunnlaget for ny verdiskaping.
- Fjerne eller endre regelverk som hindrar teknologisk utvikling og nye forretningsmodellar i næringslivet og offentleg sektor.

### **Innovasjon**

Kunnskap, forskning og innovasjon er avgjerande for å skape nye jobbar med høg verdiskaping. Gode kompetansmiljø og system for å stimulere til forskning og innovasjon aukar konkurransekrafta til norsk næringsliv, og gjer det meir attraktivt å etablere næringsverksemd i Noreg. Innovasjonsaktiviteten i norsk næringsliv går føre seg både som knoppskyting og i eksisterande verksemdar, men også gjennom reine nyetableringar. Regjeringa har som mål at Noreg skal vere eit innovativt land og vil styrkje satsinga på forskning og innovasjon i næringslivet.

### **Regjeringa vil:**

- Styrkje samspelet mellom næringslivet, academia, innovasjons- og forskingsmiljø.
- Prioritere dei næringspolitiske verkemidla som har høgast grad av innovasjon og effektivitet.
- Vidareføre satsinga på dei breie, landsdekkjande ordningane.
- Leggje til rette for kommersialisering av forskingsresultat.
- Leggje til rette for næringsklynger som drivkraft for innovasjon.
- Arbeide for å trekkje til seg hovudkontorfunksjonane i forskning og utvikling hos dei internasjonale selskapa til Noreg.
- Ha gode ordningar som stimulerer næringslivets eigen forskings- og utviklingsaktivitet, og vidareføre satsinga på forskning og utvikling retta mot næringslivet.
- Setje i gang eit arbeid for å vurdere korleis heilskapen i verkemiddel-apparatet retta mot næringa bør vere utforma til beste for brukarane.

- Vidareutvikle Katapult-ordninga.
- Sørgje for at innovasjonsmidlar også går til utvikling av nye måtar å jobbe på.
- At offentlege innkjøp skal bidra til innovasjon og miljøvenlege løysingar, gjennom til dømes anbodskrav og utviklingskontraktar.

## **Gründerskap**

Regjeringa vil føre ein næringspolitikk som gir gode rammer for gründerar og oppstartsselskap, slik at det blir lettare og tryggare å skape nye arbeidsplassar. Regjeringa vil halde fram arbeidet med å gjere tilgangen til risikokapital og kompetente investorar enklare, mellom anna ved å vurdere å innføre ei ordning med investor- og gründervisum for å trekkje kapital og innovasjonskraft til Noreg.

### **Regjeringa vil:**

- Integreere entreprenørskap betre i heile utdanningsløpet.
- Styrkje samspelet mellom utdanningsinstitusjonar og privat næringsliv.
- Gå gjennom rammevilkåra for sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar for å gjere det enklare å starte eiga verksemd.
- Heve inntektsgrensa for elev- og ungdomsverksemd, og forenkla overgangen til ordinær verksemd.
- Vurdere verkemiddel for å fremje investeringar frå privatpersonar i oppstartsverksemd, medrekna auka skattefrådrag.
- Vurdere ordninga med statlege verkemiddel retta mot tilgang på kapital i tidleg- og vekstfase.
- Gjere det enklare for små verksemd å delta i offentlege anbod.
- Setje i verk ein gjennomgang av alle rammevilkår og ordningar for gründerar og sjølvstendig næringsdrivande, mellom anna sosiale rettar og sjukepengar.
- Greie ut ei ordning der sjølvstendig næringsdrivande får behalde opptente rettar til dagpengar i ei utvida periode i overgangen frå løna arbeid til eiga verksemd.

## **Små og mellomstore verksemd**

Norsk næringsliv er i all hovudsak sett saman av små og mellomstore verksemd. Regjeringa vil difor sikre rammevilkår som stimulerer til vekst og utvikling. Dette må mellom anna skje ved å redusere byråkratiet og skjemaveldet, og tillegg føre ein langsiktig og føreseieleg politikk. På den måten blir det enklare å starte, fornye og drive små og mellomstore verksemd.

## **Regjeringa vil:**

- Leggje fram ein strategi for å styrkje små og mellomstore verksemder.
- Heve grensa for halvårleg innrapportering av moms.
- Heve grensa for revisjonsplikt for verksemder som bruker autorisert rekneskapsførar.
- Vurdere regelendingar for å gjere det lettare for små og mellomstore verksemder å rette seg etter HMT-regelverket, utan at standarden blir senka.
- Vurdere om verkemiddel-apparatet treffer små- og mellomstore verksemder godt nok.
- Ha eit mål om netto innsparingar for verksemdene som følgje av avbyråkratisering.
- At små og mellomstore verksemder skal få reelt høve til å konkurrere om relevante offentlege anbod.
- Greie ut moglegheita for å la sjølvstendig næringsdrivande og småverksemder få betale skattar og sosiale avgifter på etterskot.
- Gå gjennom og betre skattlegging på opsjonar for gründerverksemder og insentivordninga for skatt ved å investere i gründer- og oppstartsverksemder.

## **Forenkling**

Regjeringa har eit mål om mest mogleg effektiv bruk av ressursane til fellesskapen og vil arbeide for ein enklare kvardag for folk og verksemder. Eit omfattande skjemavelde og ei krevjande rapporteringsplikt er ein last for næringslivet. Unødvendig byråkrati reduserer konkurransekrafta til næringslivet og evna til verdiskaping. Behovet det offentlege har for kontroll, må balanserast betre mot behovet næringslivet har for forenkling.

## **Regjeringa vil:**

- Halde fram å redusere kostnadene næringslivet har ved å gjere rapportering, lover og reglar enklare. Målet er å redusere kostnadene med 10 mrd. kroner i perioden 2017-2021.
- Halde fram arbeidet med forenklingar for næringslivet, men særleg vekt på forenklingar som kjem små og mellomstore verksemder til gode.
- Gå gjennom selskapsretten for å fremje auka verdiskaping.
- Vidareutvikle Altinn som plattform og ha som mål at næringslivet berre skal trenge å rapportere same informasjonen til det offentlege éin gong.
- At omsynet til næringsutvikling skal leggjast meir vekt på i gjennomføringa av forenklingstiltak.
- Arbeide for meir samordna og einskapleg tilsynspraksis overfor næringslivet, og styrkje rettleiingsplikta til tilsyna.
- Fjerne unødvendige og forelda lov- og regelverk, medrekna å fjerne omstillingslova.

## Reiseliv

Regjeringa legg til rette for verdiskaping og lønsemd i reiselivsnæringa først og fremst gjennom å etablere gode rammevilkår for å drive næringsverksemd. Reiselivsnæringa er ei av dei raskast veksande næringane i verda, der Noreg har gode føresetnader for å delta.

### Regjeringa vil:

- Byggje ut infrastruktur for å auke tilgjenga til destinasjonane i distrikta.
- Styrkje merkevarebygginga av Noreg som reisemål.
- Ta vare på kulturarven og naturen gjennom vern lagt til rette for bruk.
- Redusere skatte- og avgiftsnivået og forenkla skatte- og avgiftssystemet, som også vil kome reiselivsnæringa til gode.
- Gå gjennom ulike hinder som avgrensar etablering av handelsverksemd, med sikte på forenklingar.
- Utvikle modellar innan kulturturisme som kan gi nye forretningsmodellar og samarbeid mellom kulturinstitusjonar og turistnæringa.
- Gi kommunane sjølvstyre til å gi sals- og skjenkeløyve i same lokale i tilknytning til bryggjeri.

## Konkurransen

Verksam konkurranse bidreg til bruk av ressursane i samfunnet, held kostnadene nede, fremjar innovasjon og reduserer ulikskapane i samfunnet. Ein velfungerande marknadsøkonomi føreset eit klart regelverk og tiltak mot misbruk av marknadsmakt.

Konkurransmekanismer og marknader er viktige for å sikre maktspreiing i samfunnet, og bidreg til innovasjon både i offentleg og privat sektor. Regjeringa vil føre ein politikk der offentleg sektor i større grad samarbeider med næringslivet, der privat sektor har kapasitet og kompetanse til å bidra med nye løysingar og betre tenestetilbod.

### Regjeringa vil:

- Gjennomføre tiltak for å sikre like konkurransevilkår mellom offentleg og privat sektor, slik at fleire private tenestetilbydarar i større grad kan bidra til å løyse oppgåvene til fellesskapen.
- Klargjere arbeidsdeling mellom privat og offentleg sektor i tråd med marknads- og teknologiutviklinga.

## Eigarskap i norsk næringsliv

Små og mellomstore verksemdar står for ein stor del av norsk sysselsetjing og verdiskaping. Regjeringa har som mål å styrkje sjølv eigardemokratiet ved at fleire deltek i økonomien som eigarar i verksemdene. Spreidd eigarskap er nødvendig for å fordele makt og ressursar på fleire hender, skape ein sosial marknadsøkonomi og byggje samfunnet nedanfrå gjennom vekst og nyskaping.

Lokale eigarar gir stabile lokale arbeidsplassar. Sterke og mangfaldige eigarskapsmiljø er viktige for å utvikle lønsame og berekraftige verksemdar og næringsklynger. Privat eigarskap er hovudregelen i norsk næringsliv, og regjeringa vil føre ein politikk som styrker den private, norske eigarskapen.

Noreg vil framleis ha statleg eigarskap i utvalde selskap. I nokre selskap kan dette vere rett for å ta vare på viktig samfunnsansvar og kompetansmiljø, og for å sikre at hovudkontorfunksjonar er lokaliserte i Noreg. Regjeringa vil føre ein ansvarleg og føreseieleg eigarskapspolitikk tufta på fastlagde prinsipp for statleg eigarstyring. Regjeringa er open for transaksjonar som aukar verdiane og strategiske alliansar knytte til statens eigarposisjonar. Avgjerder skal baserast på aktuelle konjunkturar, marknadstilhøve, den finansielle stillinga til selskapa og generelle framtidsutsikter.

Regjeringa vil føre ein politikk som gjer det attraktivt å investere utanlandsk kapital i Noreg.

#### **Regjeringa vil:**

- Styrkje den private, norske eigarskapen.
- Gjennomføre ein gradvis reduksjon i statlege eigardelar i verksemdar der lønsemd på kommersielt grunnlag er hovudmålet.
- Vidareutvikle eigarskapspolitikken gjennom å leggje fram ei ny eigarskapsmelding.

#### **Handel**

Noreg har ein liten og open økonomi, der handel med andre land har vore og er viktig for å oppnå eit høgare velferdsnivå enn vi ville ha klart åleine.

Aldri før har så mange blitt løfta ut av fattigdom, og utviklinga dei siste tiåra viser at marknadsøkonomi og internasjonal handel er viktige føresetnader for å motverke fattigdom.

Noreg skal vere ein pådrivar for opne marknader og frihandel, både gjennom multilaterale og bilaterale avtalar.

Regjeringa er oppteken av marknadstilgang i framveksande marknader. Regjeringa vil mellom anna arbeide vidare med handelsavtalar med både asiatiske land, Mercosur-landa og andre aktuelle handelspartnarar.

Importvernet for landbruket blir ført vidare.

Regjeringa vil arbeide for at Noreg og andre land har opne marknader for varer frå utviklingsland.

### **Regjeringa vil:**

- At Noreg skal vere ein aktiv pådrivar for frihandel.
- Arbeide for eit rettferdig, globalt handelsregelverk under WTO som byggjer ned tollbarrierar og sikrar like moglegheiter for utvikling, også mellom utviklingsland og industriland.
- Arbeide for multilaterale handelsavtalar gjennom WTO, for å skape stabile rammevilkår og sams konkurransetilhøve globalt.
- Utvikle det handelspolitiske samarbeidet med dei nærmaste handelspartnarane våre, medrekna EU.
- Sikre EØS-avtalen som berebjelke for norske arbeidsplassar og verdiskaping.
- Arbeide for at fleire land opnar marknadene sine for varer frå utviklingsland.
- Gå gjennom det samla apparatet som fremjar norske næringsinteresser i utlandet.
- Auke bruken av bilaterale investeringsmodellar (BIT) der dette er mogleg og føremålstenleg.
- Greie ut ei antislaverilov etter modell frå Storbritannia.

### **Grøn næringsutvikling**

I eit lågutsleppssamfunn må vi lykkast med å kombinere verdiskaping med berekraft i produksjon og i forbruk av varer og tenester. Dette krev ei kontinuerleg omstilling av norsk økonomi og næringsliv.

Noreg har gode føresetnader for å utvikle løysingar for låg- og nullutslepp. Regjeringa vil føre ein politikk som legg til rette for auka konkurransekraft, verdiskaping og innovasjon, gjennom utvikling av berekraftige og miljøvenlege produkt og løysingar.

### **Regjeringa vil:**

- Ha tett dialog med næringslivet for å bidra til lønsame, grøne arbeidsplassar.
- Drive ein næringspolitikk som legg til rette for lønsam grøn næringsutvikling.
- Bruke prising av utslepp gjennom kvotar og avgifter, offentlege innkjøp, reguleringar og verkemiddel som fremjar teknologisk utvikling til å utløyse grøn vekst og skape ein større marknad for miljøvenlege produkt og tenester.
- Leggje til rette for at Nysnø kan gjennomføre lønsame, langsiktige investeringar som bidreg til mindre utslepp av klimagassar. Regjeringa vil trappe opp investeringskapitalen i Nysnø årvisst i perioden. Selskapet blir oppkapitalisert på same måte som Argentum og Investinor.

## **Ideell sektor**

Det sivile samfunnet la grunnlaget for velstanden og velferda i Noreg. Regjeringa vil styrkje det sivile samfunnet som er bygt opp av frivilligheit og ideell sektor. Regjeringa anerkjenner at ideelle aktørar er ein viktig del av velferdssamfunnet, og er eit viktig alternativ til både det offentlege og kommersielle tilbodet. Regjeringa vil sikre ideelle aktørar fridom frå statleg overstyring og gode rammevilkår som tryggjer særpreget til sektoren.

### **Regjeringa vil:**

- Leggje til rette for meir bruk av ideell verksemd innanfor relevante samfunnssektorar.
- Følgje opp Stortingets vedtak om å auke delen av den samla helse- og omsorgssektoren som er organisert og driven som ideell verksemd, og kome tilbake til eit måltal i statsbudsjettet for 2020.
- At helseføretaka skal inkludere ideelle aktørar i plan- og utviklingsarbeidet sitt som likeverdige partar.
- Sikre at regelverket for innkjøp av helse- og sosialtenester utnyttar handlingsrommet til å sikre ideelle aktørar.
- Stille dei same faglege krava til ideelle og private som leverer tenester til det offentlege.
- Arbeide for å innføre fleire langsiktige driftsavtalar i barnevernet.
- Styrkje det ideelle sin posisjon i føretaksmodellen og sikre like vilkår mellom offentlege og ideelle tilbod.
- Sikre at RHF-ane og HF-ane ikkje byggjer og utviklar konkurrerande tilbod til eksisterande tilbod hos private, ideelle aktørar.
- Konkretisere Stortingets vedtak om 40 prosent ideell del i institusjonsbarnevernet innan 2025.
- Invitere ideelle leverandørar på arbeids- og velferdsfeltet til å utvikle ein strategi som sikrar utviklinga av rolla og tilboda i den ideelle sektoren.
- Betre vilkåra for bruk av sosiale entreprenørar for å styrkje innovasjon og nyskaping på velferdsområdet.

## **Hav**

Noreg skal vere ein leiande havnasjon. For å oppnå dette, vil regjeringa bidra til berekraftig verdiskaping og sysselsetjing i havnæringane. Viktige verkemiddel vil vere gode rammevilkår, kunnskaps- og teknologiutvikling, og styrking av den internasjonale konkurransekrafta til havnæringa. Havet skal vere eit sentralt interesseområde for norsk



utanriks- og utviklingspolitikk ved å leggje vekt på berekraftig bruk og verdiskaping, reine og sunne hav. Berekraftig bruk av hav er også viktig i utviklingspolitikken.

Regjeringa vil følgje opp tiltak og initiativ frå havstrategien «Ny vekst, stolt historie», stortingsmeldinga «Hav i utenriks- og utviklingspolitikken», nordområdestrategien og bioøkonomistrategien, og setje i verk initiativ knytt til plast i hava.

### **Regjeringa vil:**

- Styrkje profilen til Noreg som havnasjon.
- Arbeide for å utvikle havnæringane.
- Arbeide for å utvikle eksisterande og nye arbeidsplassar basert på ressursane i havet
- Leggje til rette for ei konkurransekraftig maritim næring i Noreg.
- Han konkurransedyktige skipsregister.
- Vidareføre nettolønsordninga for sjøfolk.
- Han ei konkurransedyktig skattlegging av reiarlag.
- Gi dei marine og maritime næringane høve til å teste ut løysingar i fullskala gjennom Demo HAV.
- Bidra til innovasjon gjennom auka næringsretta forskning på tvers av havnæringane.
- Vidareutvikle strategien til regjeringa på flytande vindkraft.
- Følgje opp arbeidet med Ocean Space Centre.

### **Fiskeri og havbruk**

Fiskeri- og havbruksnæringane er mellom dei viktigaste framtidsnæringane for Noreg. Ein berekraftig vekst innan desse sektorane vil skape lønsame arbeidsplassar i alle delar av landet. Regjeringa vil vidareføre arbeidet med stabile og gode rammevilkår som bidreg til berekraftig vekst, og som samstundes tek vare på viktige miljø- og naturverdiar.

Desse næringane har eit monaleg vekstpotensial som kan løysast ut gjennom berekraftig organisering og opne handelsmarknader. Regjeringa vil difor føre ein politikk som stimulerer til meir handel og tilgang på marknader.

Ressursane i havet vil bli ein sentral del av den nye bioøkonomien, og regjeringa vil difor fremje ein berekraftig vekst i sektoren.

### **Fiskeri**

Dei felles fiskeriressursane våre er ein evigvarande ressurs som kan bidra til vekst og verdiskaping i heile landet, føresett ei ansvarleg forvaltning. Regjeringa vil difor basere uttaket av havressursar på faglege råd, og motverke ulovleg fiske. Det er framleis behov for aktiv forvaltning av store sjøpattedyr. Forsking og kunnskapsutvikling er viktig for å i større

grad kunne skatlegge artar som i dag ikkje blir utnytta kommersielt. Regjeringa vil hindre unødvendig regulering av flåten og modernisere kvoteordninga.

### **Regjeringa vil:**

- Styrkje Noreg som sjømatnasjon og sikre god tilgang til marknader for norske produkt.
- Leggje til rette for ei innovativ, lønsam og berekraftig sjømatnæring.
- Vurdere nye tiltak som kan bidra til rekruttering og utvikling i næringa.
- Sikre optimal og berekraftig utnytting av fiskebestandane.
- At årlege totalkvotar blir fastsett basert på faglege råd.
- Ikkje gjennomføre strukturendring for fartøy under 11 meter.
- Ikkje omfordele fiskeressursane mellom fartøygrupper.
- Ikkje gjere endringar på taket for strukturordninga i dei ulike flåtegruppene. Strukturkvoter fell tilbake til gruppa når perioden er slutt.
- Etablere ei finansieringsordning knytt til finansiering av overflødige båtar som følgje av samfiskeordninga.
- Rydde opp i uheldige sider ved pliktsystemet.
- At grunnprinsippa i deltakarlova, Fiskesalgsloven og havressurslova ligg fast.
- Trappe opp kampen mot ulovleg fiske og annan fiskerikriminalitet.
- Arbeide for at industrien får tilstrekkeleg tilgang på råstoff.
- Arbeide for at det blir skapt større verdier av kvar kilo fisk og andre marine ressursar.
- Auke den nasjonale satsinga på forskning innanfor kvitfisknæringa, mellom anna på fangstmetodar, tilverking, levandelagring, logistikk og marknadsføring.

### **Havbruk**

Havbruksnæringa er ei næring for framtida i Noreg. Regjeringa vil gjere havbruksnæringa meir konkurransedyktig og allsidig gjennom nyskaping, produktutvikling og satsing på eksportfremjande tiltak. Havbruksnæringa har framleis eit stort vekstpotensial, men det er ein føresetnad at vidare vekst i næringa er berekraftig.

Ny teknologi gjer at næringa i framtida vil kunne drive på andre lokalitetar og med mindre risiko for rømming enn i dag. Samstundes må næringa intensivere arbeidet i kampen mot sjukdom og redusere risikoen for rømming.

### **Regjeringa vil:**

- Leggje til rette for berekraftig vekst gjennom praktisering og vidareutvikling av trafikklysordninga.

- Få på plass eit framtidsretta regelverk knytt til utanskjers havbruk.
- Stimulere kommunane til å stille lokalitetar til rådvelde for næringa, mellom anna gjennom bruk av havbruksfondet.
- Auke satsinga på forskning, innovasjon og teknologiutvikling.
- Bruke løyve til utvikling for å utvikle nye og betre løysingar for havbruk og sjømatnæringa.
- Halde på ei restriktiv linje i miljøkrav til havbruksnæringa og handteringa av produksjonsfisk.
- Samarbeide med næringa for å motverke lakselus, spreiding av sjukdom og rømming.

## 7 – Landbruk og mat

Regjeringa vil ta vare på det unike ved norsk matproduksjon, som lite bruk av medisinar, høg dyrevelferd og ei lang verdikjede. Regjeringa tuftar hovudlinjene i landbrukspolitikken på forståinga som dei fire partia har stilt seg bak i samband med handsaminga av Meld. St. 11 (2016-2017) Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon.

Landbrukspolitikken skal framleis byggje på desse fire berebjelkane: Eit velfungerande importvern, samvirkebaserte marknadsordningar, forhandlingsinstituttet med årlege jordbruksoppgjer, og ein eigedomspolitik for å sikre den sjølveigande bonden. Regjeringa tuftar landbrukspolitikken sin på ei klar forståing av at bonden er sjølvstendig næringsdrivande.

### Jordbruk

Det viktigaste samfunnsoppdraget til jordbruket er å produsere dei mat- og fôrvarene som det er naturleg å produsere i Noreg, og dekkje mest mogleg etterspurnad innanlands og lønsam eksport. Det sikrar også busetjinga og at kulturlandskapet blir teke vare på.

Regjeringa ønskjer eit aktivt og lønsamt jordbruk over heile landet, med produksjon og føretaksstrukturar som byggjer på lokale jord-, beite-, skog- og utmarksareal. Eit jordbruk der inntektsmoglegheita også blir sikra for ulike bruksstorleikar, er ein viktig føresetnad for å nå dette målet. Regjeringa vil, i dialog med organisasjonane i landbruket, utvikle strategiar for berekraftig matproduksjon som også bidreg til å nå mål på klima- og miljøområdet. Landbruket går gjennom ei modernisering som vil halde fram, og som bidreg til landbruk i heile landet. Regjeringa vil leggje grunnlaget for eit livskraftig og framtidretta jordbruk og reduserte kostnader gjennom den økonomiske politikken generelt, og meir direkte ved å bidra til investeringar og bruk av ny teknologi i matproduksjonen. Handlingsrommet for ei særnorsk prisutvikling er avgrensa, og det vil bli avgjerande at næringa har eit berekraftig kostnadsnivå.

Regjeringa vil vidareføre avtaleinstituttet med årlege separate jordbruksoppgjer, og vurdere å fornye metodikken for utrekning av pristap knytt til ubalanse i marknaden.

Regjeringa meiner at eit velfungerande og føreseieleg importvern for landbruksprodukt er ein føresetnad for å kunne oppretthalde eit landbruk over heile landet og auke matproduksjonen. Regjeringa vil ta omsyn til dei naturgitte ulempene norsk landbruk har i konkurranse med andre. I bilaterale og multilaterale handelsforhandlingar vil regjeringa ta vare på interessene til norsk jordbruk og eit velfungerande importvern.

Lokal matproduksjon er viktig for landbruket i framtida. Marknaden for «lokalmat» og økologisk mat veks, og auka forbrukarorientering kan gi landbruket fleire bein å stå på. Regjeringa vil stimulere til større mangfald ved å auke satsinga på geografisk merking av opphav og spesialitet. Regjeringa vil også forenkle regelverket for foredling av mat på eigen gard, under føresetnad av at maten er trygg.

Landbruket er ein viktig bidragsytar i det grøne skiftet, både gjennom binding av karbon og produksjon av fornybar, biobasert energi og drivstoff. Samstundes er reduserte klimagassutslepp frå landbruket heilt nødvendig. Eit berekraftig jordbruk er ein føresetnad for å sikre ressursane og miljøverdiane for framtida. Regjeringa vil føre ein politikk som gir insentiv til mindre utslepp og nødvendige klimatiltak i landbruket. Regjeringa vil forhandle med partane i jordbruket om ein frivillig og forpliktande klimaavtale for jordbruket.

### **Regjeringa vil:**

- Sikre eit velfungerande importvern og politisk handlingsrom for å ta vare på norsk matproduksjon i bilaterale og multilaterale forhandlingar.
- Vidareføre ansvaret produsentane har for marknadsbalanseringa der produsentsamvirka står for denne. Rolla til samvirka som marknadsregulator må ikkje vere konkurransevridande for nokon. Funksjonen og samansetjinga til omsetjingsrådet blir vidareført.
- Vurdere verkøya for balansering i marknaden i dialog med organisasjonane i landbruket i dei årlege jordbruksoppgjera.
- Gi bonden større næringsfridom.
- Arbeidet for at næringsutøvarane i alle produksjonar og på alle typar bruk skal ha reelt høve til inntektsutvikling på linje med andre i samfunnet. For å sikre rekruttering og inntektsmoglegheiter for dei som bruker heile eller mesteparten av arbeidskrafta si i næringa, er det viktig å redusere inntektsgapet mellom jordbruket og andre i samfunnet. Ei berekraftig kostnadsutvikling, god tilpassing til marknaden og utvikling i produktivitet vil vere ein føresetnad for inntektsutviklinga. Målet er at inntektene for bonden i størst mogleg grad blir henta frå marknaden.
- Føre ein landbrukspolitikk der utgangspunktet er at bønder er sjølvstendig næringsdrivande med moglegheiter og ansvar for å utvikle føretaket sitt til ein lønsam arbeidsplass med eit trygt arbeidsmiljø og attraktive levekår.
- Gjennomføre fleire forenklingar som reduserer byråkratiet og gjer kvardagen til bonden enklare.
- Sikre eit landbruk over heile landet, og styrkje arbeidsdelinga i norsk jordbruk, slik at areal til produksjon av korn og grønt blir ført vidare, medan tyngda av den grasbaserte husdyrproduksjonen blir liggjande i distrikta.
- Konesjonsgrensa for svin og storfe skal ikkje setjast høgare enn i dag, og skal bidra til å sikre geografisk spreidd produksjon. Kvoteordninga for mjølk blir ført vidare.
- Bruke jordbruksoppgjera til å styrkje grunnlaget for ein variert bruksstruktur og ei geografisk fordeling av produksjonen som sikrar produksjonsgrunnlaget i heile landet. Tilskotsprofilen i dag inneber ei nedtrapping av husdyrtilskota når driftsomfanget aukar, og det er naturleg at denne nedtrappinga blir halde på gjeldande nivå for å bidra til at produksjon utover eit visst driftsomfang blir basert på marknadsinntektene.
- Leggje til rette for ei velfungerande varekjede for mat med effektiv konkurranse i alle ledd, både i matindustrien og handelen.

- Innføre lov om god handelsskikk med tilsyn som har sjølvstendig avgjerdskompetanse i løpet av 2020.
- Halde fram satsinga på lokal mat og drikke, og forenkle regelverket for foredling på eige bruk.
- Styrkje den sjølveigande bonden ved praktisering av jord- og konsesjonslova. Det vil ikkje bli gjennomført ytterlegare liberalisering i lovgivinga om jord- og konsesjonar, og regjeringa vil føre vidare bu- og driveplikta for å sikre at matjorda blir brukt til matproduksjon.
- Vurdere korleis ein skal innrette tilgangen på kapital og verkemiddel for investeringar til alle bruksstorleikar gjennom Innovasjon Norge for å bidra til å fornye driftsbygningar og rekruttering.
- Følgje opp jordvernstrategien. Stortingets vedtekne jordvernmål skal nåast, og deretter vil regjeringa vurdere eit nytt måltal for nedbygging av dyrka jord.
- Stimulere til økologisk produksjon som er etterspurd av marknaden.
- Leggje til rette for urbant landbruk.
- Styrkje landbruksutdanninga og setje i verk kompetanseretta tiltak for å stimulere til rekruttering i næringane.
- Ha ein næringspolitikk som legg til rette for ein effektiv og lønsam næringsmiddelindustri, der konkurransen blir sikra.
- Greie ut nytteeffekten av opplysningskontora, og om aktivitet, ressursbruk og organisering er målretta for å løyse behova for opplysning i dag.
- Styrkje satsinga på god dyrevelferd, medrekna gradvis innføring av dyrepoliti i alle fylka i landet.
- Styrkje FOU med tanke på utvikling av plantesortar og dyreeigenskapar som er godt tilpassa framtidige klimakrav og endra tilhøve i produksjonen.
- Setje ned ei lovutval som berre har som føremål å samle lovgivinga i landbruket i færre og meir oversiktelege lover, men utan endringar i politikken.
- Betre miljøet i jordbruket gjennom auka stell og røkt av kulturlandskapet, naturmangfaldet og kulturminna.
- Vidareføre arbeidet for å sikre norske forbrukarar trygg mat gjennom godt regelverk og tilsyn i heile produksjonskjeda.
- At Noreg framleis skal vere eit føregangsland på lite bruk av antibiotika og låg førekomst av antibiotikaresistens i husdyrhaldet.

## Skogbruk

Tilveksten i norske skogar er monaleg større enn hogsten. Det bidreg til karbonbinding, men viser også potensial for å skape nye og større verdiar basert på ressursane i skogen. Ressursane i skog og utmark kan spele ei viktig rolle i bioøkonomien. Regjering vil difor følgje opp bioøkonomistrategien. Regjeringa vil føre ein skogpolitikk som legg til rette for å skape større verdiar i norske skogressursar og som bidreg til frivillig vern av skog.

### **Regjeringa vil:**

- Følgje opp skogmeldinga, med sikte på å utvikle skogbruket i alle delar av landet.
- Styrkje grunnlaget for skogbruket gjennom kostnadsreducerande tiltak, fjerning av flaskehalsar i infrastrukturen og utbygging av skogsbilvegar og tømmerkaier.
- Leggje til rette for meir avverking i skogen og samstundes styrkje omsynet til miljøet i skogbruket.
- Følgje opp kravet til nyplanting etter hogst.
- Verne ti prosent av skogen gjennom privat frivillig vern og vern av offentleg eigde skogareal. Vernet skal gjennomførast på ein slik måte at det får minst mogleg konsekvensar for bidraget avverkinga og skognæringa har til det grønne skiftet.
- Føre ein næringspolitikk som også kjem norsk treforedlingsindustri til gode.
- Følgje opp bioøkonomistrategien og vidareutvikle dei tiltaka som stimulerer til bruk av tre.
- Stimulere byggebransjen til nyskaping og bruk av tre som byggjemateriale.
- Leggje til rette for at nye lønsame arbeidsplassar blir skapte i bionæringane.
- Greie ut moglegheita for å innføre retningslinjer for kor lenge dødsbu kan eige ein landbrukseigedom.
- Leggje til rette for å vidareutvikle skogressursane og styrkje skogens bidrag til CO<sub>2</sub>-opptak og lagring av karbon, gjennom eit aktivt skogbruk og å utnytte moglegheitene for produksjon.
- Sørge for samordna kartlegging av naturen ved at det standardiserte naturtype- og naturskildringssystemet – Natur i Noreg (NiN) – blir lagt til grunn for Miljøregistreringar i skog (MiS) og annan offentleg finansiert kartlegging av naturtypar.
- Leggje til rette for nærings- og teknologiutvikling basert på «negative utslepp», som kan bidra positivt til dei langsiktige måla.

### **Reindrift**

Den samiske reindriften er ein viktig kulturberar for det samiske folket. Grunnlaget for dette blir sikra gjennom berekraft, dyrevelferd og forsvarleg bruk av beiteområda. Difor vil regjeringa i samarbeid med reindriftnæringa leggje til rette for ei økologisk berekraftig reindriftnæring. Næringa må halde fram med marknadsorienteringa.

### **Regjeringa vil:**

- Leggje til rette for ei økologisk berekraftig reindriftnæring, som gir grunnlag for økonomisk lønsemd og samisk kultur.
- Følgje opp reindriftnmeldinga, mellom anna gjennom endringar i reindriftnlova.
- Skjerpe krava til offentleggjering av talet på rein.
- Sanksjonere mot ny reintalsposisjonering for å hindre tilpassing på ein måte som stengjer ute aktørar som har halde seg lojalt til tidlegare fatta vedtak.

- Arbeide for å få på plass ein norsk-svensk reinbeitekonvensjon.
- Motverke dyresjukdomen skrantesyke.
- Vurdere ordninga på tilskot til reindrift for å stimulere til næringsutvikling ved å løne matproduksjon, samstundes som ein tek vare på kulturelle aspekt ved reindriften.

## **Pelsdyr**

Regjeringa vil gjennomføre ei styrt avvikling av pelsdyrnæringa. Ein tek sikte på å fremje ein lovproposisjon til Stortinget om forbod mot pelsdyrhald, med ein avviklingsperiode for eksisterande produsentar fram til årsskiftet 2024/2025.

For å unngå at avviklinga krenkjer EMK tilleggsprotokoll 1 artikkel 1 og for å gi pelsdyrprodusentane nødvendig framsyn, blir det lagt opp til at eksisterande næringsaktørar per 15.1.2018 får økonomisk kompensasjon for tap av retten til å drive pelsdyrhald, jf. den juridiske vurderinga som høyrer til Meld. St. 8 (2016-2017). Kompensasjonsordninga blir greia ut og klargjort i løpet av 2019 for å gi aktørane nødvendig tryggleik for å gjennomføre avviklinga. Ein vurderer også om andre tiltak bør setjast i verk for å lette omstillinga til annan landbruksproduksjon for dei aktuelle produsentane. I tillegg vil staten ta initiativ til eit samarbeid med kommunar der pelsdyrnæringa har spela ei viktig rolle, for å sikre omstillingstiltak og fleksibilitet for dei pelsdyrprodusentane avviklinga gjeld for. Krav til betre dyrevelferd i pelsdyrnæringa som følgjer av Meld. St. 8 (2016-2017) og Innst. 151 S (2016-2017), blir ikkje gjennomført i avviklingsperioden.



## 8 - Helse og omsorg

Regjeringa vil prioritere arbeidet med å sikre god helsehjelp til den einskilde pasienten, og ein trygg og verdig eldreomsorg. Helse- og omsorgstenesta må organiserast med utgangspunkt i behova til pasientane, og pasientane skal sikrast eit likeverdig tilbod av helsetenester over heile landet. Ambisjonen til regjeringa er å skape ei helseteneste for pasienten. Kvar einskild pasient skal oppleve respekt og openheit i møte med helsetenesta, og sleppe unødvendig ventetid. Ingen avgjerder skal takast utan pasienten.

Det er eit offentleg ansvar å sikre gode helse- og omsorgstenester til alle. Regjeringa vil sørge for eit godt samarbeid med ulike private og ideelle aktørar som bidreg til innovasjon, mangfald, kvalitet og valfridom i tenestetilbodet.

Helsekøane må framleis reduserast, og tilboda må bli betre gjennom nye og styrkte måtar å jobbe på. Regjeringa vil sikre valfridom for brukarane og styrkje kompetansen til dei tilsette. Auka digitalisering og effektivisering må frigjere meir tid til helsehjelp og pleie. Tilbodet til dei mest utsette, særleg innanfor rus og psykisk helse, og dessutan sjuke eldre, må framleis styrkjast.

### Folkehelse

Det aller viktigaste helsearbeidet er arbeidet for å hindre at folk blir sjuke. Regjeringa vil leggje prinsippet om å førebyggje der ein kan, og reparere der ein må, til grunn for folkehelsearbeidet.

Ein god og førebyggjande folkehelsepolitikk skal leggje til rette for at den einskilde kan ta gode val for eiga helse. God helse og gode levekår heng saman, og arbeidet for folkehelsa må leggje til rette for ei betre helse for alle. Dette vil også bidra til å redusere sosiale skilnader. Helsevanane som blir etablerte tidleg i livet, påverkar utsiktene til å lykkast i skulen og arbeidslivet. Det helsefremjande arbeidet i nærmiljøet bør skje i samarbeid mellom kommunen, frivillige organisasjonar, private og brukarorganisasjonane. Ein god folkehelsepolitikk er ein føresetnad for eit berekraftig velferdssamfunn.

### Regjeringa vil:

- Leggje fram ei stortingsmelding om folkehelsepolitikken.
- Styrkje samarbeidet med næringslivet for eit sunnare kosthald.
- At psykisk helse skal vere ein integrert del av folkehelsearbeidet, mellom anna arbeide for å motverke einsemd.
- At Noreg skal vere ein global pådrivar for koordinert arbeid med antibiotikaresistens.
- Styrkje det rusførebyggjande arbeidet retta mot ungdom, medrekna å styrkje rusundervisninga i skulen.
- Utarbeide ein ny tobakksstrategi, med mål om ein tobakksfri generasjon.

- Leggje til rette for meir fysisk aktivitet i skulen og på SFO, med mål om éin time dagleg fysisk aktivitet innanfor timetalet i dag, utan at det går utover metodefridomen til lærarane.
- Samarbeide med frivillige for å utvikle tilbud til utsette barne- og ungdomsgrupper, eldre og kronisk sjuke.
- Føre vidare samarbeidet med friluftsråd og friluftsforskingane om lågterskel friluftstilbod i nærmiljøa, og følgje opp friluftsmeldinga.
- Finansiere levekårsundersøkingar og helsestatistikk for menneske med psykiske og fysiske funksjonsnedsettingar og familiarane deira.
- Prøve ut ordningar der fireårskontrollen blir gjort i barnehagen.
- Arbeide for stadig god oppslutning om barnevaksinasjonsprogrammet, og vurdere nye tiltak for å sikre dette.
- Føre vidare hovudlinjene i dagens alkoholpolitikk, som er: Vinmonopolet, regulerte sals- og skjenketider, alkoholavgifter og reklameforbodet.
- Ikkje auke dagens taxfree-kvote.
- Leggje fram ein nasjonal alkoholstrategi for å følgje opp gjeldande målsetjing om reduksjon i skadeleg alkoholkonsum, og etablere eit samarbeid med partane i idretten og arbeidslivet om medvit kring haldningar til alkohol i idrett og arbeidsliv, og verdien av alkoholfrie arenaer.

### **Primærhelsetenesta**

Helse- og omsorgstenestene i kommunane skal moderniserast og styrkjast. Samarbeidet med spesialisthelsetenestene må bli betre for å sikre samanhengande, trygge tenester som tek vare på behovet til den einskilde. Talet på eldre i befolkninga er aukande, og stadig fleire har kroniske sjukdomar og samansette omsorgsbehov. Regjeringa vil stimulere til rekruttering av kritisk helsefagleg kompetanse for å redusere presset på primærhelsetenesta. Regjeringa vil sikre alle tilgang til ei kompetent og godt organisert primærhelseteneste, uansett kor i landet ein bur.

### **Regjeringa vil:**

- Betre og modernisere fastlegeordninga, for å styrkje rekruttering med sikte på god legedekning i heile landet. Regjeringa vil evaluere ordninga og sikre tilstrekkelege tiltak for å halde på og rekruttere nye fastlegar på kort og lang sikt.
- Auke talet på LIS1-stillingar, for å takle utfordringane med rekruttering i fastlegeordninga og mangelen på spesialistar i spesialisthelsetenesta.
- Ha samhandling mellom kommunane og sjukehusa som eit av hovudtemaa i neste nasjonale helse- og sjukehusplan, og i samband med dette ha ein god prosess med kommunane (KS) for å sikre perspektivet deira i arbeidet.
- Innføre krav om at fastlegar skal tilby e-konsultasjon til dei som ønskjer det.
- Leggje til rette for tverrfaglege primær- og oppfølgingsteam i kommunane.

- Halde fram satsinga på ei tverrfagleg helsestasjons- og skulehelseteneste som skal sørge for god tilgang på hjelp og støtte til barn og unge.
- Stimulere til eit løft for jordmortenesta for å sikre tilstrekkeleg jordmorkapasitet over heile landet.
- Sikre fleire plassar i jordmorutdanninga.
- Arbeidet for at kravet om psykolog i alle kommunar frå 2020 kan gjennomførast.
- Leggje fram ei stortingsmelding om prioritering i primærhelsetenesta basert på NOU 2018:16 *Det viktigste først*.
- Halde oppe og vidareutvikle innsatsen for å førebyggje tannhelseproblem, særleg for eldre.
- Vidareutvikle tannhelsetenesta, og gradvis utvide skjermingsordningane.
- Gjennomføre ei kartlegging av oppgåvene til dei regionale kompetansesentera for tannhelse og evaluere dei.
- Setje i verk ei prøveordning der kommunar som sjølv ønskjer det kan ta over ansvaret for tannhelsetenesta.
- Vurdere korleis statlege tilskot til bedriftshelsetenester kan utvidast til fleire verksemdar.
- Bidra til meir rekruttering av kritisk helsefagleg kompetanse til kommunesektoren i samhandling med sektoren.
- Leggje til rette for meir praksis i kommunehelsetenesta for alle helsefagutdanningane.

### **Omsorg for eldre og pleietrengjande**

Regjeringa vil sikre ein god og verdig eldreomsorg som er tilpassa individuelle behov. Velferdsteknologi må i større grad takast i bruk for å auke kvaliteten på tenestene. Tilbodet må byggjast ut vidare for å gi alle som treng det eit heilskapleg helse- og omsorgstilbod, med tid til den einskilde.

Regjeringa vil gjennomføre kvalitetsreforma for eldre «Leve hele livet». Reforma skal bidra til at eldre kan meistre livet lengre, er trygge på at dei får god hjelp når dei har behov for det, at pårørande skal bidra utan at dei blir utslitne og at tilsette kan bruke kompetansen sin i tenestene. Reforma skal styrkje kvaliteten i det som er grunnleggjande: mat og måltid, aktivitet og fellesskap, helsetenester og samanheng i tenestene. For å sikre at reforma blir gjennomført i heile landet, vil regjeringa etablere eit støtteapparat som skal stø kommunane i å tilpasse reforma etter lokale behov og ressursar. «Leve hele livet» skal bidra til kompetanseheving i tenesta og betre kvalitet.

### **Regjeringa vil:**

- Følgje opp arbeidet i kommunane med å gjennomføre kvalitetsreforma «Leve hele livet».
- Bidra til at kommunar i større grad legg til rette for fritt brukarval innan heimetenesta.

- Greie ut ei fri brukarvalsordning i kommunane, etter modell frå Sverige.
- Følgje opp kompetanseløft 2020 vidare og sikre tilstrekkeleg kapasitet til etter- og vidareutdanning i helse- og omsorgstenesta.
- Gi tilskot til både netto tilvekst og rehabilitering av plassar i sjukeheim og omsorgsbustader.
- Jobbe for eit demensvenleg samfunn.
- Styrkje forskinga på demens og stimulere til tidleg medisinskfagleg utgreiing av personar med symptom på demens.
- Stimulere til at fleire kommunar gjennomfører førebyggjande heimebesøk for eldre.
- Sørgje for betre kunnskap om kvaliteten i omsorgstenesta, både mellom offentlege og private leverandørar.
- Leggje til rette for å utvide bruken av objektive kvalitetsindikatorar og målingar av brukartrivsel i kommunane, og sikre at denne kunnskapen er fritt tilgjengeleg.
- Styrkje både kommunal og privat utbygging og tryggingbustader, sjukeheimplassar, hospice, demenslandsbyar og private bufellesskap.
- Opprette fleire tverrfaglege oppfølgingsteam som skal bidra med koordinering og yte tilrettelagde, fleirfaglege tenester.
- Samarbeide med trussamfunna slik at eldre i institusjon blir gitt høve til og tilbod om nokon å snakke med om åndelege og eksistensielle spørsmål, og dessutan leggje til rette for at fleire eldre får høve til å lage elektronisk livstestamente.
- Leggje til rette for at fleire kommunar tek i bruk velferdsteknologi, og vurdere påskjøningsordningar for kommunar som satsar førebyggjande på eldre.
- Leggje til rette for at fleire eldre kan bu heime.
- Utvide prøveordninga med statleg finansiering av omsorgstenester, både i tid og i talet på kommunar.
- Gi eit betre tilbod til eldre på institusjon ved å leggje fram ein nasjonal strategi for godt kosthald og sunn ernæring hos eldre.
- Etablere ei tilskotsordning for kjøkken i sjukeheimar, mellom anna basert på erfaringar frå Danmark.
- Etablere eit eige eldreombod etter modell av Barneombodet.
- Sikre at par som ønskjer det, skal kunne bu saman på sjukeheim eller i omsorgsbustad.
- Ytterlegare redusere eigendelen for personar som bur på dobbeltrom mot sin eigen vilje.
- At tilbod om aktiv livshjelp, smertelindring og omsorg til personar i avslutningsfasen av livet, skal vere tilgjengeleg for alle som treng det.
- Fremje eiga sak for Stortinget om palliativ omsorg og oppfølging av NOU 2017:16 *På liv og død – Palliasjon til alvorlig syke og døende*.

### **Spesialisthelsetenesta**

«Pasientens helseteneste» betyr at kvaliteten på behandlinga skal vere høg, ventetida så kort som mogleg og at pasienten skal bli høyrd i alle delar av helsetenesta. Pasientane skal møtast

med kunnskap og respekt. God informasjonsflyt og kommunikasjon mellom kommunehelsetenesta, fastlegen og spesialisthelsetenesta er viktig for å sikre dette. Gjennom ein oppdatert nasjonal helseplan skal dei overordna prioriteringane for helsetenesta fastsetjast, samstundes som det einskilde sjukehus blir gitt handlingsrom og fleksibilitet slik at behandlinga kan bli best mogleg. Regjeringa vil jobbe for eit heilskapleg og trygt fødetilbod i små og store sjukehus.

Fritt behandlingsval er viktig for å korte ned sjukehuskøane. Både ideelle og private tenester er viktige, likeverdige partnarar, og kan avlaste og redusere helsekøane i det offentlege. Det er framleis for store variasjonar i kvaliteten ved sjukehusa, og regjeringa vil difor arbeide for betre kvalitet og meir openheit om kvaliteten i tilboda.

### **Regjeringa vil:**

- Sikre trygge sjukehus og gode helse tenester, uansett kor i landet ein bur.
- Styrkje samarbeidet mellom store og små sjukehus, mellom anna tildeling av oppgåver frå dei større sjukehusa, hospiterings- og rotasjonsordningar.
- Leggje fram ein oppdatert nasjonal helse- og sjukehusplan med vekt på digitalisering, kompetanse, rekruttering, psykisk helse og samhandling med kommunane.
- Nasjonal helse- og sjukehusplan skal innehalde ein gjennomgang av dei prehospitale tenestene og ei heilskapleg skildring av investeringsplanen for sjukehusa.
- Ytterlegare redusere ventetida før ein tek til med behandling eller blir greidd ut, også undervegs i behandlingsgangen.
- At avtalespesialistane skal kunne rettsvurdere pasientar, delta i utdanning av nye spesialistar og bli omfatta av innsatsstyrt finansiering.
- Styrkje kapasiteten og kompetansen i dei akuttmedisinske tenestene utanfor sjukehusa.
- Utvikle og innføre eit pakkeløp for fleire lidningar, medrekna pakkeløp for hjerneslag, smertebehandling, utmatting, muskel- og skjelettlidningar, rus, psykisk helsevern og egne pakkeløp for «kreftpasientar heim».
- Gi fleire kreftpasientar og andre med alvorleg sjukdom tilgang til utprøvande behandling.
- Styrkje førebygginga av vald og overgrep ved å sørge for sosialpediatrar på alle barneavdelingar, tilstrekkeleg midlar til medisinske undersøkingar på barnehusa og ved å styrkje behandlingstilbodet til unge overgripingar.
- Stimulere til vidareutvikling av tilboda om Avansert heimesjukehus for barn.
- Utvide fritt behandlingsval til nye område.
- Leggje til rette for ny helse- og velferdsteknologi og nye arbeidsmetodar ved å gjere finansieringsordningane stads- og teknologinøytrale.
- Metodevurdere innføring av offentleg finansierte legemiddel og nye metodar i spesialisthelsetenesta opp mot kriteria i Prioriteringsmeldingen.

- Auke bruken av private avtalespesialistar, utan at dette svekkjer dei mindre sjukehusa. Etablere økonomiske insentiv som sikrar at sjukehusa rapporterer fullverdige tal til kvalitetsregister.
- Føre vidare dagens styringssystem, men gi meir sjølvstyre og ansvar til det einskilde sjukehus.
- Vidareutvikle aktivitetsbasert finansiering til å omfatte meir samanhengande pasientløp og føre vidare 50 prosent aktivitetsbasert finansiering.
- Desentralisere spesialisthelsetenester slik at desse er tilgjengelege i nærmiljøet til pasienten, så langt det er mogleg og tenleg.
- Styrkje helseforskinga, særleg på kroniske sjukdomar og utmattingssjukdomar.
- Gjennomføre ein prosess med kommunane i Vest-Finnmark om å byggje ut tilbodet i spesialisthelsetenesta på klinikk Alta, slik at befolkninga får dekt ein vesentleg del av behovet for sjukehusstenester der. I samband med vurderinga av konsekvensane av den nye regionreforma for inndeling av helseføretaka, føreslår ein at Finnmarkssykehuset blir ein del av UNN.
- Sikre lokal leing i sjukehusa.
- Leggje betre til rette for investeringar i sjukehusbygg og ny teknologi gjennom å vurdere endringar i investeringsordningane for sjukehus, medrekna lengre nedbetalingstid, rentevilkår og låneordninga.
- Ta raskt i bruk nye teknologiske løysingar for avstandsoppfølging og målingar, til det beste for pasientane.

## Rus

Regjeringa vil føre ein ruspolitikk tufta på kunnskap, med mål om førebygging av rusproblem, skadereduksjon og fridom frå rus. Å redde liv og sikre verdigheit må alltid vere grunnlaget for ein human rusomsorg. Dei tiltaka som har størst effekt skal prioriterast.

Regjeringa meiner den einskilde rusavhengige skal få god hjelp og behandling. Dei som ønskjer å få hjelp til eit liv fritt frå rus skal også få betre hjelp og oppfølging til det.

Regjeringa vil halde fram med å styrkje rusomsorga, særskild rehabilitering og ettervern, og dessutan halde fram kampen mot overdosedødsfall, og sikre verdigheit for rusavhengige.

Regjeringa vil gjennomføre ei rusreform basert på mandatet og forslaga til rusreformutvalet, og endre reaksjonane frå styresmaktene mot personar som blir tekne for bruk og innehaving av narkotika til eige bruk frå straff til hjelp, behandling og oppfølging.

Regjeringa vil ikkje legalisere bruk og innehaving av narkotika. Politiet kan framleis avdekkje bruk og innehaving og arbeide førebyggjande, særleg mellom ungdom. Dette er ikkje til hinder for meir vekt på skadereduksjon.

## Regjeringa vil:

- Følgje opp opptrappingsplanen for tilbodet til rusavhengige, til dette høyrer å styrkje ettervernet.
- Gjennomføre ei rusreform basert på rusreformutvalets mandat og arbeid, for å sikre eit betre tilbod til rusavhengige der ansvaret for reaksjonane frå samfunnet på bruk og innehaving av lovstridige rusmiddel til eige bruk blir overført frå justissektoren til helsetenesta. Politiet skal kunne påleggje at den rusavhengige skal møtast med helseretta tiltak, og manglande oppfølging vil føre til sanksjonar. Regjeringa vil ta stilling til dei einskilde forslaga til korleis reforma skal gjennomførast etter at arbeidet til utvalet har vore på høyring. Målet er at nødvendige vedtak og lovendringar skal vere gjorde i løpet av 2021.
- Styrkje samarbeidet med frivillige aktørar og sosiale entreprenørar.
- Auke bruken av helsefaglege tiltak og metodar som reaksjon på mindre alvorlege narkotikarelaterte lovbrøt, medrekna bruk av ungdomskontrakt, i påvente av ei rusreform.
- Styrkje narkotikaprogram med domstolskontroll.
- Inkludere fleire legemiddel og sørgje for meir valfridom i LAR, og halde fram arbeidet med eit forsøk med heroinassistert behandling innanfor LAR.
- Ytterlegare prioritere rehabiliteringstilbodet i LAR (bustad, arbeid og aktivitet, og sosial oppfølging) i samband med fullføringa av opptrappingsplanen.
- Gjennomføre ei heilskapleg evaluering av legemiddelassistert rehabilitering (LAR).
- Utarbeide ein ny strategi mot overdosedødsfall.
- Innføre pakkeløp for rusbehandling innan 2020 etter mal av pakkeløp for kreft, der ruspasientar beinveges går frå avrusing til behandling.
- Sikre at dei som er motiverte for det, får tilbod om medikamentfri behandling ved rusavhengigheit.
- Auke løyvinga til forskning på ulike typar førebyggjande og behandlande tiltak for rusavhengige som er retta mot fridom frå rus.
- Greie ut ei ordning med fritt brukarval i kommunane, som legg til rette for at rusavhengige også kan søkje seg til omsorgstilbod utanfor spesialisthelsetenesta.
- Styrkje lågterskel- og behandlingstilbod for barn av rusavhengige.
- Leggje til rette behandlingstilbod for familiar.
- Styrkje førebyggjande tiltak mot rusmisbruk overfor barn og ungdom, mellom anna gjennom Samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT) i kommunane.
- Styrkje tilbodet om avrusing og livsmeistring for innsette med narkotikaprobblem.
- Etablere fleire behandlingsplassar og betre ettervern for alkoholmisbrukarar.
- Styrkje forskinga på rusbruk og behandling, og etablere eit nasjonalt kvalitetsregister for spesialisert rusbehandling.

## Psykisk helse

Psykisk helse er ei av dei viktigaste satsingsområda til regjeringa. Regjeringa vil gi eit særleg løft for den psykiske helsa til barn og unge gjennom ein eigen opptrappingsplan. God psykisk helse er viktig for å ha god livskvalitet, og for å meistre kvardag, skule og jobb.

Terskelen for å få hjelp må vere låg, og hjelpa må vere tilgjengeleg i nærmiljøet til den einskilde. Innsatsen må difor setjast inn tidlegast mogleg for dei som slit med psykiske problem. At psykiske lidingar oppstår, må førebyggjast, mellom anna ved å hindre mobbing og sosial isolasjon mellom barn, unge og vaksne. Arbeid og aktivitet skal vere ein integrert del av behandlinga og oppfølginga. Regjeringa vil byggje ned hindera for å søkje hjelp, mellom anna for minoritetane i landet.

### **Regjeringa vil:**

- Innføre pakkeløp innanfor psykisk helse.
- Prioritere tidleg innsats og førebyggjande tiltak.
- Leggje fram ein heilskapleg forpliktande opptrappingsplan for den psykiske helsa til barn og unge. Revidere alle tvangsheimlar, basert på tilrådingane frå Tvangslovutvalet.
- Innføre «jobbresept» og vidareutvikle ordninga med grøn resept for å aktivisere pasientar som ein del av behandlingstilbodet.
- Leggje til rette for tilbod om aktivitet og arbeid, til dømes Fontenehus.
- Stimulere til tverrfagleg samarbeid mellom tenestene. Styrkje det ambulante behandlingstilbodet i psykisk helsevern.
- Styrkje innsatsen mot unødig medikamentbruk mellom barn og unge som søker psykisk helsehjelp.
- Styrkje behandlingstilbodet innanfor psykisk helsevern i kriminalomsorga.
- Styrkje samarbeidet med frivillige og andre private aktørar for å leggje til rette for eit mangfaldig tilbod.
- Føre vidare og styrkje samarbeidet mellom barnevern og ungdomspsykiatri.

### **Legemiddel**

Regjeringa vil sikre pasientane likeverdig og rask tilgang til nye og effektive legemiddel. Legemiddelpolitikken skal gi betre tryggleik for pasientane, god behandling, låge kostnader for det offentlege, og stimulere til innovasjon. Regjeringa vil sikre at legemiddel er tilgjengelege på den norske marknaden og sikre tilgangen til nødvendige legemiddel uavhengig av betalingsevne. Det nordiske samarbeidet skal vidareutviklast og styrkjast innan metodevurdering, godkjenning og innkjøp av legemiddel.



## **Regjeringa vil:**

- Styrkje forskinga på vaksinar.
- Sikre rett bruk av legemiddel.
- Ta nye legemiddel raskare i bruk.
- Effektivisere metodevurdering og avgjerdsprosessar i helsetenestene.
- Sikre at legemiddelpolitikken, medrekna innkjøp av legemiddel, bidreg til forskning og innovasjon.
- Leggje fram ein handlingsplan for kliniske studiar i Noreg.
- Hindre at eigendelane blir ein last ved å halde dei på eit moderat nivå, og samstundes betre skjermingsordningane for kronisk sjuke.
- Innføre eit hurtigløp for godkjenning av nye legemiddel.

## **E-helse og digitalisering**

Digitalisering og bruk av nye e-helseløysingar er ein føresetnad for å skape helse- og omsorgstenesta for pasienten og gjere tenesta berekraftig for framtida. Difor vil regjeringa realisere «Éin innbyggjar – éin journal» og digital helseteneste for pasientane. Digitale løysingar og ny teknologi må gå frå pilotstadiet til å bli den nye måten å jobbe på. Bruk av nasjonale e-helseløysingar må vere ein del av sørge-for-ansvaret til helse- og omsorgstenesta.

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for næringsutvikling innanfor e-helse gjennom forskning og innovasjon. Det må stimulerast til utvikling av brukarvenleg velferdsteknologi, og ein må få opplæring i bruk av ny teknologi både for brukarar og tilsette. For pasientane skal det i framtida vere enkelt og naturleg å ha kontakt med helsetenesta på nett.

## **Regjeringa vil:**

- Realisere «Éin innbyggjar – éin journal». Ei løysing for kommunane og integrasjon med løysingar til spesialisthelsetenesta blir prioritert først.
- Etablere ein ny finansierings- og styringsmodell for økonomisk berekraftige nasjonale e-helseløysingar med sikte på innføring frå 2020.
- Leggje til rette for samfunnsøkonomisk effektiv konkurranse og innovasjon i leverandørindustrien for e-helseløysingar.
- Leggje til rette for betre utnytting av samla helsedata i Noreg for å utvikle betre og meir treffsikre helsetenester, innanfor ramma av godt personvern og god datatryggleik.
- Etablere Helseanalyseplattforma for å effektivisere og gjere tilgangen til helsedata enklare, samstundes som personvern og tryggleik blir styrkt.
- Leggje til rette for gode mobile helseløysingar når pasienten ønskjer det, som auka bruk av digitale sjølvtestar, der personvernet også blir teke var på.

- Gjere finansieringssystemet til spesialisthelsetenesta teknologi- og stadnøytral for å leggje betre til rette for nye digitale løysingar og nye måtar å jobbe på i helsetenesta.

### **Abortforebyggjande tiltak og reproduktiv helse**

God seksuell helse er viktig for livskvaliteten til den einskilde. Barn, unge og vaksne treng kunnskap og tryggleik for å setje grenser og for å ta sjølvstendige val om eigen kropp og seksualitet. Gjennom god informasjon og andre tiltak vil regjeringa arbeide for forståing og toleranse for mangfald, og slik redusere fordomar og diskriminering.

#### **Regjeringa vil:**

- Tilby rettleiing gjennom helsestasjonen slik at foreldre og føresette har nødvendig kunnskap til å kunne snakke med barna om kropp, kjønn, seksualitet, tryggleik og grenser.
- Leggje fram ein handlingsplan for å redusere talet på uønskte graviditetar og svangerskapsbrot med ein tredjedel på ti år.
- Sikre gode undervisningsopplegg i barnehage og skule, slik at barn og unge har kunnskapen, ferdigheitene og haldningane dei treng for å respektere kvarandre og ta informerte val.
- Byggje ut informasjons- og rettleiingstenester om prevensjon og uønskt graviditet, som internett- og telefonenester, helsestasjonar for ungdom, studenthelsetenester og rettleiingstenester.
- Fjerne opninga for abort av ein eller fleire friske fleirlingar (fosterreduksjon) i eit svangerskap før grensa for sjølvbestemt abort. Det blir ikkje gjort endringar i abortlova utover dette.
- Gradvis utvide ordninga for gratis langtidsverkande prevensjon til kvinna er 24 år. Samarbeide med interesseorganisasjonar om tiltak for å redusere risikoen for spreing av seksuelt overførbare sjukdomar.

### **Gen- og bioteknologi**

Regjeringa vil at medisinsk bruk av bioteknologi skal utnyttast til det beste for menneska i eit samfunn der det er plass til alle. Dette skal skje med respekt for menneskeverd, menneskerettar og personleg integritet og utan diskriminering på grunnlag av arveanlegg, tufta på etiske normer nedfelt i den vestlege kulturarven vår.

Genetisk og bioteknologisk kunnskap, og praktisk bruk av denne i helsetenesta, har vore ein viktig del av nyvinningane i moderne medisin til beste for menneska. Det er viktig for

regjeringa at Noreg tek vare på dei konkurranseføremonane vi alt har, og legg til rette for spesialiserte kompetansmiljø på dette feltet. Innanfor desse grensene vil regjeringa leggje til rette for persontilpassa medisin.

### **Regjeringa vil:**

- Leggje til rette for den medisinske teknologiutviklinga med dei prioriteringskriteria som gjeld, og samstundes ta vare på rettane til den einskilde, personvernet og helsa.
- Ikkje gjere endringar i bioteknologilova, med mindre dei fire partia er samde om det. Det er semje om følgjande endringar:
  - Setje ned aldersgrensa for når barnet har rett på å få vite identitet til sæddonoren frå 18 år til 15 år.
  - Innføre krav om politiattest og barneomsorgsattest for å bli godkjend til assistert befruktning.
  - Etablere ordningar for å utvide lagringstida for befrukta egg.
  - Fastsetje aldersgrenser for IVF med moglegheit for unntak for nedre aldersgrense.
  - Endre ordninga slik at det blir enklare for ein familie å få same donor til alle barna, og vurdere grensa for talet barn per donor.
  - At inseminasjon ikkje skal reknast inn i det statlege tilbodet om tre forsøk med assistert befruktning.
  - Oppretthalde ikkje-anonym sæddonasjon, og innføre plikt for foreldre til å informere barnet dersom det er unnfanga gjennom assistert befruktning, for å sikre retten barnet har til å kjenne det biologiske opphavet sitt.
- Leggje til rette for meir forskning og vidareutvikle spesialiserte kompetansmiljø innan gen- og bioteknologi.
- Stimulere til vidareutvikling av persontilpassa medisin.
- Leggje til rette for at resultata frå både klinisk forskning og medisinsk grunnforskning kan overførast til diagnostikk og pasientbehandling.
- Utvide retten til å lagre ubefrukta egg for kvinner som blir infertile i ung alder.

### **Habilitering og rehabilitering**

Habiliterings- og rehabiliteringstilbodet må styrkjast for å gi folk høve til å meistre kvardagen og delta i utdanning, arbeids- og samfunnsniv. Målet er å kunne leve eit mest mogleg sjølvstendig liv ut frå eigne føresetnader og ønske. Det er viktig med gode tilbod både i kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.

### **Regjeringa vil:**

- Gi dei som har rett til rehabilitering høve til å sjølv velje kvar dei skal få behandlinga.

- Setje kommunane i stand til å ta eit større ansvar for rehabiliteringstilbodet for dei vanlegaste pasientgruppene.
- Innarbeide rehabilitering i pakkeløp der dette er ein naturleg del av behandlingssløpet.
- Styrkje tilbodet for behandlingsreiser.
- Sikre at foreldre framleis skal ha høve til å velje mellom ulike tilbod i intensiv trening og rehabilitering av barn.

## 9 – Kommunal og modernisering

Regjeringa vil leggje til rette for levande lokalsamfunn i heile landet. Vi vil spreie makt og byggje samfunnet nedanfrå. Eit sterkt lokalt folkestyre gir folk og lokalsamfunn fridom og høve til å styre sin eigen kvardag og samfunnsutviklinga. Statleg detaljstyring og byråkrati må reduserast og meir makt og styre må desentraliserast til lokalsamfunn og dei folkevalde der.

Kommunane er ein av berebjelkane i folkestyret og velferdssamfunnet. Kommunestrukturen må tilpassast utfordringane i dag og til framtida. Større og sterkare kommunar kan gi betre velferdstenester, ei meir berekraftig samfunnsutvikling og eit sterkare lokalt sjølvstyre. Kommunereforma må difor halde fram, gjennom positive insentiv og verktøy for gode lokale prosessar.

Regionreforma skal gjennomførast. Færre fylkeskommunar vil gi grunnlag for sterkare regionar som kan gi betre tenester og drive ei meir samordna samfunnsutvikling. Dette legg til rette for utbygging av attraktive bu- og næringsområde og gode, miljøvenlege transportløyisingar.

### Regjeringa vil:

- Styrkje det kommunale sjølvstyret og redusere statleg og regional detaljstyring. Rettane og rettstryggleiken til einskildmenneske skal vernast.
- Gjennomføre regionreforma og overføre oppgåver og ansvar til fylka i tråd med oppgåvemeldinga.
- Leggje til grunn at fylkeskommunane skal vere ein regional utviklingsaktør i tråd med regionreforma.
- Gi kommunane eit større ansvar når det gir eit betre og meir heilskapleg tilbod, mellom anna i barneverntenesta.
- Føre vidare kommunereforma gjennom positive insentiv og verktøy for gode lokale prosessar.
- Opne for fleire forsøk der kommunar og fylkeskommunar kan få overført oppgåver eller prøve ut nye arbeidsformer når det kan gi betre og meir samordna tenester.
- Redusere byråkratiet og bidra til ei meir effektiv offentleg forvaltning. Færre fylkeskommunar skal samla sett føre til færre tilsette i administrative stillingar, færre heiltidspolitikarar på regionalt nivå og meir ressursar til tenester som kjem innbyggjarane og næringslivet til gode.
- Følgje opp vallovutvalets innstilling, og difor vurdere å endre valkrinsane ved stortingsval slik at de samsvarer med dei nye regionane, og gi veljarane større påverknad ved val.
- Sikre kommunane gode, føreseielege økonomiske rammer, med særleg vekt på kjerneoppgåvene til kommunane.

- Sørge for eit inntektssystem som gir innbyggjarane gode, likeverdige tenester over heile landet og som ikkje hindrar frivillige endringar i kommunestrukturen.
- Gjere nødvendige endringar i inntektssystemet for fylka etter regionreforma.
- Gjere øyremerkte ordningar enklare slik at det blir større handlingsrom for kommunane og mindre byråkrati i staten og kommunane.
- Styrkje samarbeidet mellom staten og kommunane om digitalisering, klart språk og andre tiltak som fremjar brukarorientering, innovasjon og effektivitet.
- At eigedomsretten skal vere eit berande prinsipp i lover og reglar.
- Leggje stor vekt på lokaldemokratiet i plan- og bygningsaker, og samstundes ta vare på viktige nasjonale omsyn.
- Gi Fylkesmannen ansvaret for samordning av statlege innvendingar, med mål om å redusere motsegn frå statlege styresmakter.
- Gjere planbehandlinga enklare ved å harmonisere plan- og bygningslova og sektorlover.
- Redusere planleggingstid i statleg planarbeid, og leggje til rette for raskare og meir effektiv planlegging i kommunar og fylkeskommunar.
- Innføre nytt regelverk for utrekning av sjølvkost i kommunale avgifter som sikrar låge gebyr og effektive tenester for innbyggjarane.
- Stille nasjonale krav til tilfredsstillande norskkunnskapar der det er nødvendig av omsyn til helse, tryggleik og kvalitet i tilbodet, medrekna helsesektoren og barnehagar. Kommunane må som arbeidsgivar sikre at tilsette har nødvendig språkkunnskapar for å skjøtte oppgåvene sine, til dømes gjennom kompetansehevande tiltak.
- Leggje vekt på at innhaldet i og dimensjoneringa av utdanningane i større grad speglar kompetansebehova i kommunesektoren.
- Bidra til auka rekruttering av kritisk kompetanse til kommunesektoren i samhandling med sektorane.
- Halde på ei god toppfinansieringsordning for ressurskrevjande tenester.

## **Nordområda**

Regjeringa vil føre ein offensiv nordområdepolitikk, der dei lange linjene i nordområdepolitikken blir ført vidare. Visjonen til regjeringa er at nordområda skal vere ein fredeleg, skapande og berekraftig region. Dette krev eit samspel mellom utanriks- og innanrikspolitik. Internasjonalt samarbeid er viktig for å utløyse det fulle potensialet for vekst og er ein føresetnad for å hevde norske interesser i nordområda. Regjeringa vil følgje opp nordområdestrategien, med vekt på internasjonalt samarbeid, næringsutvikling, kunnskap, infrastruktur, miljøvern, tryggleik og beredskap.

## **Regjeringa vil:**

- Halde på Arktis som ein fredeleg, føreseieleg og stabil region basert på internasjonalt samarbeid og respekt for folkerettslege prinsipp.
- Samarbeide internasjonalt om grenseoverskridande utfordringar som klimaendringar, miljø og ressursforvaltning, helse og tryggleik.
- Leggje til rette for å auke verdiskaping og innovasjonsevne i nordnorsk næringsliv basert på ressursane i landsdelen, og dessutan styrkje leverandørutviklingsprogrammet.
- Halde fram samarbeidet mellom akademia og næringslivet på område der landsdelen har føremonar.
- Sørge for eit godt utdanningstilbod.
- Arbeide for at Nord-Noreg har ein effektiv og samanhengande infrastruktur som bidreg til berekraftig utvikling og omstillingsevne for næringsliv i landsdelen.
- Styrkje tryggleik og beredskap knytt til auka aktivitet i nord.
- Redusere klimagassutslepp og forureining i samsvar med nasjonale mål og internasjonale forpliktingar.
- Føre vidare og vidareutvikle Regionalt nordområdeforum. Det blir etablert eit sekretariat for Regionalt nordområdeforum i Vadsø.
- Leggje fram ei ny stortingsmelding om nordområdepolitikken til regjeringa.
- Føre vidare støtte til folk-til-folk-samarbeidet i nord.

## **Distriktpolitikk**

Regjeringa vil leggje til rette for levande lokalsamfunn og vekst i heile Noreg.

Distriktpolitikk skal gjere det mogleg å bu, arbeide og drive eit aktivt næringsliv i både byar, tettstader og distrikt. Regjeringa vil føre ein politikk som bidreg til å sikre eit likeverdig tenestetilbod i heile landet. Det er mange politikkområde som til saman utgjør ein god distriktpolitikk. Regjeringa vil føre ein politikk på kommunestruktur, kompetanse, næringsutvikling, landbruk, fiskeri, samferdsel, kommunikasjon, kunnskap og helse som bidreg til livskraftige lokalsamfunn og distriktssenter.

Gode kommunikasjonsløysingar er viktige for folk, verdiskaping og arbeidsplassar i heile landet, og ikkje minst eit effektivt transportsystem, utbygd mobildekning og breiband. Det er avgjerande for å sikre vekstkraftige regionar i heile landet at ein har eit næringsliv som er i stand til å ta vare på og skape nye lønsame arbeidsplassar. Berekraftig utnytting av naturressursane må også gi positive ringverknader for lokalsamfunna.

Regjeringa vil bidra til å desentralisere makt og myndigheit gjennom å flytte ansvar og oppgåver nærmare innbyggjarane. Ein god distriktpolitikk handlar også om å styrkje koplingane mellom verksemdar og offentlege institusjonar i byar og distrikt.

**Regjeringa vil:**

- Prioritere verkemiddel som kan styrkje innovasjon og nyetablering i alle delar av landet, med vekt på gründerar.
- Halde på ordninga med regionalt differensiert arbeidsgivaravgift der verksemdar i distrikta betaler ei lågare avgift for sine tilsette.
- Gi lokalt handlingsrom gjennom å utvide høvet kommunane har til dispensasjon frå eksisterande lokalt vedtekne planar innanfor rammene til nasjonalt regelverk.
- Gi kommunar og fylkeskommunar utvida forvaltningsansvar i verneområde.
- Lokalisere nye offentlege kompetansearbeidsplassar over heile landet, også utanfor dei største byane. Ny statleg verksemd skal som hovudregel etablerast utanfor Oslo.
- Følgje opp planen om utflytting av statlege arbeidsplassar frå 2016, og arbeide for ytterlegare utflyttingar i perioden.
- Sikre heilskapleg oversikt og koordinering av flytting, nedlegging og oppretting av statlege arbeidsplassar. Ved strukturendringar vil regjeringa sikre ei framleis god regional fordeling av statlege kompetansearbeidsplassar.
- Halde fram arbeidet med å gjere utmarksforvaltinga enklare gjennom samordning og digitalisering.
- Revidere statlege planretningslinjer for strandsona med sikte på meir differensiert forvaltning i område med spreidd busetnad, slik at det blir større lokal handlefridom samstundes som ein tek vare på moglegheita for rekreasjon og vern av kulturlandskapet.
- Leggje til rette for auka breibandutbygging, mellom anna gjennom å føre vidare statlege bidrag til dette i distrikta.
- Leggje til rette for etter- og vidareutdanning med moglegheit for desentraliserte modellar for utdanning for å bidra til kompetansebehovet i næringslivet og offentleg sektor.
- Leggje til rette for rask utbygging av ladeinfrastruktur i heile landet, gjennom ein kombinasjon av offentlege verkemiddel og marknadsbaserte løysingar, for å halde tritt med auken i elektriske transportmiddel.
- Styrkje Merkurprogrammet for å sikre folk i distrikta tilgang til ein nærbutikk og bokhandel av god kvalitet.

## **Bustad og stadutvikling**

Regjeringa vil leggje til rette for stadutvikling med høg kvalitet gjennom ei samordna planlegging av areal og transport. God arealplanlegging er eit verkemiddel for å kunne nå dei langsiktige klima- og miljømåla. Regjeringa vil styrkje lokaldemokratiet og leggje til rette for god medverknad samstundes som plan- og bygningslova blir gjort enklare.

Eigedomsretten er ein grunnleggjande føresetnad for bustadpolitikken til regjeringa. Den gir tryggleik for den einskilde og fremjar ansvar og skaparkraft.

Regjeringa vil arbeide for at alle har ein trygg og god stad å bu. Flest mogleg skal ha høve til å eige sin egen bustad. Bustadsosiale ordningar bidreg til at vanskelegstilte kan skaffe og halde på ein god bustad, som er ein viktig del av det sosiale tryggningsnettet.



Bustader, infrastruktur og næringsområde skal kunne byggjast raskare og rimelegare. Offentlege reguleringar skal ikkje unødvendig forseinke eller gjere prosessen dyrare. Forenklingsarbeidet skal difor halde fram gjennom meir effektive planprosessar og ein heildigital prosess i byggjesaker.

Levande lokaldemokrati heng saman med stort handlingsrom for kommunane i arealplanlegging og lokal samfunnsutvikling. Regjeringa vil difor tydeleg avgrense planleggingsansvaret mellom det regionale og lokale nivået, samordne og gjere statlege føringar og regelverk tydelege.

### **Regjeringa vil:**

- Halde fram arbeidet med områdesatsing i dei store byane for å løfte bydelar med sosiale utfordringar.
- Sørge for ei god bustøtteordning som er målretta mot dei som treng ho mest.
- Sørge for at tiltaket «frå leige til eige» gir fleire høve til å eige sin eigen heim.
- Sørge for at Husbanken har tilstrekkelege rammer til å dekkje bustadsosiale behov, medrekna bustadsosiale forsøksprosjekt, og har fleksible ordningar tilpassa behova til den einskilde og kommunane.
- Føre vidare tiltak mot bustadspekulasjon og hyblifisering.
- Gjere regelverk for eksisterande bygg enklare og tydelegare, med sikte på å utvide handlingsrommet bustadeigaren har til å gjere endringar på eigedomen sin.
- Gjere krava til saksbehandlinga enklare og redusere talet på søknadspliktige tiltak. I denne samanhengen skal det greiast ut å fjerne søknadsplikt for plattung og terrasse, gjere det lettare å etablere utleigedel i tilknytning til eigen bustad, og utvide krava til søknadsfri garasjebygging.
- At kommunane skal vere primær planmyndigheit. Fylkesplanar skal difor i utgangspunktet vere rådgivande.
- Gå gjennom praktiseringa av krav til saksbehandling for forenkla byggjesøknad, og sikre kort saksbehandlingstid.
- Sikre betre samheng mellom planlegging og behandling av byggjesaker, rekkjefølgjekrav og utbyggingsavtalar.
- Gjere prosessane og regelverket for gjennomføring av fortetting og transformasjon i byar og tettstader enklare.
- Gi kommunane høve til å stille krav til miljø- og klimaomsyn i planarbeidet.
- At staten tek eit større ansvar for klimatilpassing av eigedomen og infrastrukturen sin, og i tillegg samarbeider med kommunane for å setje dei betre i stand til å handtere nye utfordringar som følge av klimaendringane, inkludert eit betre tilbod frå NVE på rettleiing om arealplanlegging.
- Utvikle energikrava til bygg i tråd med klimaforliket.
- Styrkje forskings- og utviklingsarbeid som kan gjere nye bustader meir miljøvenlege, utan at utbygginga blir gjort unødvendig dyrare.
- Styrkje plan- og arkitekturkompetansen i kommunane.

- Stimulere til meir bruk av tre som byggjemateriale.
- Føre vidare høge krav til universell utforming ved utbygging av bustader, infrastruktur og næringsområde.
- Leggje til rette for meir bruk av digitale løysingar for å skape eit enklare møte med ein døgnopen offentleg sektor. Leggje til rette for digitale prosessar i plan- og byggjesak og sikre betre sjølvbeteningsløysingar for offentlege kartdata, plandata og bygnings- og eigedomsinformasjon.
- Gå gjennom kostnadsverknadene av regelendringar på plan- og bygningsområdet kvart fjerde år.
- Opne for alternative buformer i større grad, og gjennomføre eit pilotprosjekt med mikrohus.
- Gjere bygningstekniske krav for plassering av campingvogner, «spikertelt», villavogner og bubil på campingplass enklare.
- Stimulere til oppgradering av eldre bustader.
- Gjere det enklare å følgje lover og reglar i byggjenæringa, og styrkje innsatsen mot arbeidslivskriminalitet i samarbeid med næringa.

### **Urfolk og nasjonale minoritetar**

Regjeringa vil leggje til rette for at samar og nasjonale minoritetar i Noreg skal få utvikle sine språk, kulturen sin og samfunnslivet deira. Samane har status som urfolk i Noreg. Jødar, kvenar/norskfinnar, romanifolk/taterar, skogfinnar og rom har status som nasjonale minoritetar.

### **Regjeringa vil:**

- Ta vare på Sametinget og konsultasjonsordninga mellom Sametinget og regjeringa.
- Utvikle samisk næringsliv, medrekna reiseliv, knytt til samisk kultur og dei tradisjonelle samiske næringane.
- Følgje opp NOU 2016:18 *Hjertespråket* saman med Sametinget.
- Følgje opp tiltaka i Handlingsplan mot antisemittisme.
- Følgje opp Målrettet plan for kvensk språk.
- Halde fram arbeidet med å følgje opp NOU 2015:7 *Assimilering og motstand*.
- Følgje opp arbeidet med å etablere eit permanent kultur- og ressurscenter som ein del av den kollektive oppreisinga til norske rom.
- Leggje fram ei ny stortingsmelding om politikk og tiltak overfor nasjonale minoritetar i løpet av perioden.

### **Ei brukarorientert, moderne og effektiv offentleg forvaltning**

Regjeringa vil vidareutvikle offentleg forvaltning for å sikre at ho er brukarorientert, effektiv, resultatorientert og moderne.

Arbeidet med innovasjon i offentleg sektor må styrkjast for å sikre gode tenester, betre samordning og god bruk av ressursane i samfunnet. Tenestene må ta utgangspunkt i behova til den einskilde og bli meir samordna på tvers av nivå og sektorar. Det skal leggjast til rette for eit større mangfald og meir valfridom i offentlege tenester.

Arbeidet med digitalisering av offentlege tenester skal halde fram i tråd med føringane i Digital Agenda for Noreg. IKT-tryggleiken må sikrast og tilpassast eit nytt trusselbilete.

### **Regjeringa vil:**

- Utarbeide ei stortingsmelding om innovasjon i offentleg sektor.
- Styrkje innsatsen for klart språk i kommunikasjonen frå forvaltninga til innbyggjarane.
- Vidareutvikle tiltak for betre styring og leiing, særleg retta mot digitalisering, innovasjon, brukarorientering og samordning.
- Utvikle ein strategi for digitalisering i offentleg sektor for å styrkje innsats, samarbeid og samordning.
- Vidareutvikle medfinansieringsordninga for digitaliseringsprosjekt i staten.
- Styrkje samarbeidet om digitalisering med kommunesektoren, medrekna tiltak for auka bruk av velferdsteknologi og digitale verktøy og læringsressursar i skulen.
- Utvikle digitale løysingar som tek utgangspunkt behova til brukaren på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.
- Etablere ein sentral marknadsplass for skytenester.
- Utvikle ein strategi for å bidra til tilstrekkeleg og oppdatert IKT-kompetanse i forvaltninga.
- Styrkje den digitale kompetansen i befolkninga, mellom anna gjennom digitale rettleiingssenter over heile landet.
- Kartleggje og vurdere korleis statlege publikumstenester kan leggjast til kommunale sørviskontor for å bidra til ei effektiv forvaltning og godt tilgjenge.
- Sørge for betre etterleving av regelverk om universell utforming av IKT-løysingar i offentleg sektor.
- Styrkje tiltak for å sikre personvernet og tryggje at den einskilde har størst mogleg råderett over eigne personopplysningar.
- Utvikle retningslinjer og etiske prinsipp for bruk av kunstig intelligens.
- Sørge for at veksten i talet på tilsette i statsforvaltninga er lågare enn den generelle sysselsetjingsveksten og at talet på tilsette i sentralforvaltninga er lågare i 2021 enn i 2017.

### **Openheit og innsyn**

Openheit og innsyn er grunnleggjande i eit demokrati. Openheit gir borgarane høve til større innverknad i avgjerdsprossar og er svært viktig for å halde på tilliten til det politiske systemet. Dessutan er openheit eit tryggingnett mot maktmisbruk og korrupsjon. Alle offentlege dokument skal som hovudregel vere opne for innsyn. Dokument kan berre i

særhøve haldast utanfor offentlegheita. Offentlege data skal vere lett tilgjengelege, så langt som mogleg utleverast i relevante format ein kan søkje i, og ha ein pris som ikkje overstig kostnadene det offentlege har til å distribuere dei. Openheit og innsyn er ein viktig del av demokratiet og regjeringa vil oppdatere offentleglova.

#### **Regjeringa vil:**

- At offentlege data skal vere lett tilgjengelege i opne format og ha fribrukslisens.
- Leggje til rette for at offentlege postjournalar så langt som mogleg blir digitaliserte og gjort tilgjengelege i format ein kan søkje i.
- Leggje til rette for at offentlege sakspapir kan publiserast i format ein kan søkje i.
- Følgje opp forslaget om registreringsplikt av verva og dei økonomiske interessene til regjeringsmedlemer i tråd med Stortingets vedtak.

#### **Arbeidsgivarpolitikk i staten**

Staten skal vere en moderne og attraktiv arbeidsgivar som evner å rekruttere, utvikle og halde på kompetente medarbeidarar. Regjeringa skal følgje opp strategien for arbeidsgivarpolitikk i staten.

#### **Regjeringa vil:**

- Sørge for at staten er ein tydeleg og profesjonell arbeidsgivar som bidreg til å vidareutvikle trepartssamarbeidet.
- Bidra til å utvikle gode verktøy for kompetanseutvikling for dei tilsette i staten.
- Gjennomføre inkluderingsdugnaden for å bidra til at fleire kjem i jobb, mellom anna ved å auke talet på plassar for opplæringskandidatar med nedsett funksjonsevne og sørge for at minst 5 prosent av nytilsette i staten skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller «hol i CV-en».
- Bidra til at verksemdene til staten i samarbeid med lokale tillitsvalde har mest mogleg handlingsrom til å fordele lønsmidlar i tråd med lokale behov.
- Styrkje innverknaden verksemdene har i arbeidsgivarpolitikken gjennom aktiv bruk av Arbeidsgiverrådet.
- Leggje betre til rette for praksis- og kandidatopphald for studentar i departementa, direktorata og statsetatane.

## 10 – Kultur

Kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft, og kulturpolitikken skal byggje på ytringsfridom og toleranse. Kulturlivet og sivilsamfunnet er viktige føresetnader for ei opplyst offentlegheit, og dermed ei investering i demokratiet og allmenndanninga. Kulturen skal vere fri, med personleg engasjement og frivillig medverknad som grunnlag.

Regjeringa meiner at kulturlivet, frivilligheita og medieoffentlegheita er sjølvstendige byggjesteinar i samfunnet. Dei skal kunne utvikle seg mest mogleg på eigne premisser utan statleg overstyring, men det offentlege skal leggje til rette for utvikling og eit mangfald av private og offentlege finansieringskjelder. Det er ei viktig oppgåve å verne om kulturarven vår.

### Kunst- og kulturlivet

Målet til regjeringa er eit kulturliv der eit mangfald av aktørar gir varierte opplevingar til flest mogleg. Regjeringa vil at makta i den offentlege kulturpolitikken skal vere spreidd, og vil styrkje det frie feltet innanfor kunst og kultur. Kulturlivet retta mot publikum er ein viktig del av kulturpolitikken. Regjeringa vil leggje til rette for at fleire kunstnarar og kulturarbeidarar kan skape sin eigen arbeidsplass. Regjeringa vil difor gå gjennom rammevilkår og ordningar for gründerar og sjølvstendig næringsdrivande for å sikre dei sosiale rettane deira, og dessutan redusere skjemaveldet og sørgje for kompetanse på entreprenørskap og forretningsdrift.

Regjeringa har som mål å få fleire utanlandske aktørar til å bruke Noreg som utgangspunkt for kulturproduksjonane deira. Regjeringa vil satse på kulturell innovasjon og tilrettelegging for overgang til nye plattformer og format.

Tilgjenge til kunst og kultur er eit gode for både produsentar og forbrukarar. Ingen skal urettvist tene på åndsverka til andre. Den som skaper eit åndsverk skal ha vern mot misbruk og sikrast rimeleg godtgjersle. Regjeringa vil stimulere til verdiskaping og investeringar i norsk innhald. Film og dataspel er døme på viktige kreative næringar som regjeringa vil leggje til rette for. Regjeringa vil sikre at den norske kulturnæringa har minst like gode rammevilkår som andre næringar.

### Regjeringa vil:

- Stimulere til maktspreiing i kulturlivet, både geografisk, organisatorisk og økonomisk.
- At offentleg støtte til kultur i større grad skal gå til framsyning, ikkje berre produksjon.
- Leggje til rette for føreseielege rammevilkår for kunst- og kulturinstitusjonar, mellom anna ved å vurdere modellar for meir føreseielege tilskotsordningar.

- Leggje til rette for det frie feltet innanfor kunst og kultur, og bidra til føreseielege rammer for grupper og frilansarar på ulike kunstfelt.
- Føre vidare gode og langsiktige stipendordningar for kunstnarar.
- Leggje til rette for at fleire kunstnarar og kulturarbeidarar kan skape sin eigen arbeidsplass og gjere regelverket enklare.
- Styrkje den private finansieringa av kulturfeltet mellom anna gjennom OPS og insentivordningar som gåveforsterkningsordninga.
- Bidra til kvalitet og mangfald i kulturlivet og leggje vekt på næringspotensialet i kulturen.
- Føre vidare kunstnarassistentordninga.
- Halde fram satsinga på Talent Norge.
- Vurdere utviding av insentivordninga for film- og TV-produksjon i Noreg.
- Gå gjennom tilskotsordningane på filmområdet for å vurdere om dei er tilpassa endringane og sikre at dei bidreg til å nå dei filmpolitiske måla.
- Leggje til rette for meir eksport av norsk kunst og kultur gjennom gode insentivordningar og større samling av kompetansen i klyngemiljø i alle delar av landet.
- Gjere regelverket enklare og redusere søknadsbyråkratiet i kultursektoren.
- Føre vidare arbeidet med digital formidling av kunst og kultur.
- Føre vidare støtte til utvikling av dataspelteknologi til underhaldning, læring og kulturformidling.
- Bevare Nasjonalgalleriet som kunstgalleri knytt til Nasjonalmuseet, føresett at det ikkje kjem store kostnader til rehabilitering som følgje av dette.
- Vurdere innretninga og fordelinga av tippemidlar til kulturbygg og bygg eigde av frivillige innanfor ramma av tippenøkkelen i dag.
- Arbeide for ei modernisert åndsverklov.
- Sikre at rettshavarane får godtgjersle for arbeidet sitt uavhengig av formidlingsplattform.
- Leggje til rette for at norske åndsverk blir gjort tilgjengelege på internett når vernetida er over.

## **Barne- og ungdomskultur**

Regjeringa meiner at barn og unge skal ha høve til å sjølv vere frivillige og at dei får organisere sin eigen ungdomskultur. Regjeringa vil gi barn og ungdom kulturell ballast, opplæring og glede i møte med ulike kunstuttrykk. Regjeringa vil sjå på ordningar som gir fleire barn høve til å delta i kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv. Regjeringa vil også at fleire barn skal få eit kulturskuletilbod gjennom å leggje til rette for samarbeid mellom kulturskulane, skulefritidsordningane og frivillige, samstundes som eigenarten i kulturskulen blir ført vidare. Regjeringa vil sikre kommunane fridom til å sjølv finne dei løysingane som gir best kulturskule- og fritidstilbod hos seg, men vil leggje til rette for tilgjenge, mangfald og kvalitet i det tilbodet som blir gitt.

### **Regjeringa vil:**

- Leggje fram ei stortingsmelding om barne- og ungdomskultur.
- Leggje til rette for samarbeid mellom kulturskulane, skulefritidsordningar og dei frivillige, og på denne måten sikre fleire barn tilgang til kulturskulane gjennom auka tilgjenge og gode ordningar for låginntektsfamiliar.
- Styrkje rolla kulturskulane har som regionale talentaktørar.
- Vurdere korleis kulturtilbodet for barnehagebarn kan gjerast betre nasjonalt.
- Sikre ei framleis god Frifond-ordning for barne- og ungdomsorganisasjonar og uorganisert frivillig aktivitet.
- Innføre eit «fritidskort» for alle barn frå 6 til fylte 18 år som kan brukast til å dekkje deltakaravgift på fritidsaktivitetar etter mønster frå ordninga på Island. Ordninga skal vere byråkratisk og det skal vere mogleg for kommunane å leggje på ein lokal del i pakken.

### **Frivilligheit og idrett**

Frivilligheit skaper lokalt engasjement, fellesskap, integrering og kulturelt og demokratisk medvit. Regjeringa vil bidra til at frivilligheita veks fram nedanfrå, friare frå politisk styring og med ei utvikling på eigne premisser, gjennom mellom anna breie og ubyråkratiske støtteordningar. Økonomisk situasjon og sosial bakgrunn skal ikkje hindre deltaking og frivillig innsats. Midlar og tiltak retta mot barn og unge skal prioriterast.

Regjeringa vil sikre gode rammevilkår for den organiserte og den eigenorganiserte idretten, særleg den som rettar seg mot barn og unge. Den organiserte idretten har eit særleg ansvar for å sikre at terskelen for deltaking er så låg at alle skal kunne delta. Offentleg støtte skal i sterkare grad kanaliserast til lokalt engasjement og bidra til mangfaldet av aktivitetar. Regjeringa meiner det er positivt at internasjonale idrettsmeisterskap blir lagde til Noreg, også innanfor idrettar for menneske med nedsett funksjonsevne. Det er viktig å halde på arrangørkompetansen, for å sikre kvaliteten på meisterskap i framtida.

### **Regjeringa vil:**

- Leggje til rette for breidde og mangfald gjennom gode støtteordningar for frivillige, og prioritere barne- og ungdomsaktivitet.
- Gjennomføre ei forenklingsreform for frivilligheita.
- Styrkje det frivillige kulturlivet, som kor, korps og amatørteater.
- Betre rammevilkåra for frivillige organisasjonar, medrekna ordninga for momskompensasjon.
- Leggje til rette for at ein størst mogleg del av idrettsfinansieringa går til aktivitet og anlegg, ikkje til administrasjon.
- Gå gjennom og betre vilkåra for eigenorganisert idrett, inkludert anlegg.

- Sikre at ein stor del av anleggsmidlane går til nærmiljøanlegg, folkehelseiltak og breiddeidrett.
- Leggje til rette for at menneske med nedsett funksjonsevne får delta i frivilligheit og idrett.
- Leggje til rette for at organisasjonar og idrettslag enklare kan inkludere minoritetar.
- Leggje fram ei eiga stortingsmelding om idrettspolitik.

## **Spelpolitikk**

Regjeringa vil føre ein politikk som legg til grunn det sosiale ansvaret og omsynet til speleavhengige, samstundes som han legg vekt på behovet for endring som følgje av teknologisk utvikling. For mange er spel hyggjeleg rekreasjon, og spel gir inntekter til samfunnsnyttige føremål. Regjeringa vil føre vidare krav om at inntekter frå pengespel i Noreg skal gå til frivillige og ideelle føremål, samstundes som støtteordningane må bidra til utviklinga i organisasjonane på eigne premissar.

### **Regjeringa vil:**

- Føre vidare einerettsmodellen, og vurdere moglegheita for å opne opp for fleire humanitære og frivillige aktørar innanfor ramma av det ESA-godkjende unntaket.
- Gjennomføre ei brei og ekstern evaluering av norsk spelpolitikk.
- Leggje fram ein handlingsplan mot speleavhengigheit.

## **Museum og kulturarv**

Regjeringa vil leggje vekt på mangfaldet av kulturarv i Noreg. Kulturarven representerer både den felles historia vår og store økonomiske og kulturelle verdiar, og bidreg til identitet og fellesskapskjensle. Museum og kulturinstitusjonar bør vekkje engasjement mellom folk og i større grad ha høve til eigenfinansiering. Kulturarven blir teken best vare på gjennom bruk og forvaltning. Regjeringa vil styrkje statusen på handverk og bevaring av handverkstradisjonar.

### **Regjeringa vil:**

- Leggje til rette for utvikling av kulturenæringsverksemd knytt til museum og kulturarv.
- Gjennomføre ei heilskapleg vurdering av museumsreforma og gå gjennom statlege verkemiddel og finansieringa av musea etter konsolideringsprosessen for å sikre føreseielege rammer.
- Ta til på arbeidet med ei ny museumslov.



- Gjere den nasjonale kulturarven vår meir tilgjengeleg ved å styrkje forskings- og formidlingskompetansen i musea.
- Leggje betre til rette for digitalisering av arkivsektoren og formidlinga i musea.
- Vidareutvikle eit nordisk samarbeid om utdanning innanfor små og utsette handverksfag på kulturfeltet.
- Gjennomføre ei utgreiing som vurderer næringspolitiske sider ved den immaterielle kulturarven.

## **Språk, bibliotek og litteratur**

Språk er grunnlaget for tenking og samhandling, ein viktig del av kulturarven og ein føresetnad for deltaking i demokratiet. Regjeringa vil sikre gode bruks- og opplæringsvilkår for dei offisielle språka i Noreg og dei to jamstilte målformene i norsk.

Norsk deltaking på bokmessa i Frankfurt 2019 er ei viktig utanrikskulturell satsing som gir gode moglegheiter for langsiktig profilering av norsk kultur. Regjeringa vil føre ein aktiv litteraturpolitikk og leggje vekt på behovet for digital omstilling både når det gjeld bokmarknaden og biblioteka. Regjeringa vil føre vidare fastprisordninga for bøker, men vurdere korleis konkurransen i bokmarknaden kan bli betre.

### **Regjeringa vil:**

- Fremje forslag om ei ny heilskapleg språklov som fører vidare prinsippa i lovverket i dag knytt til jamstilte målformer, teiknspråk og minoritetsspråk, og vurdere tiltak for å styrkje hovud- og sidemålsopplæringa for tidlege alderstrinn, og dessutan opne for lokale prøveordningar.
- Avvikle avgiftsskiljet mellom papirbøker og e-bøker og innføre fritak på meirverdiavgift også på e-bøker.
- Vurdere korleis konkurransen i bokmarknaden kan gjerast betre.
- Føre vidare og revidere innkjøpsordninga for litteratur, med sikte på mellom anna meir tilgjengeleggjing og inkludering av digitale plattformer.
- Satse på folke- og skulebiblioteka, mellom anna gjennom å styrkje arbeidet med digitale plattformer og nye modellar for drift av biblioteka.
- Jobbe vidare med digitalisering av dei store ordbokprosjekta.
- Sikre fellesnordisk språkforståing ved å arbeide for at film og fjernsyn blir teksta, ikkje dubba, når programmet er statleg finansiert eller støtta.
- Styrkje dei nasjonale leseprosjekta.

## **Medium, internett og offentlegheit**

Mediepolitikken til regjeringa skal leggje til rette for yringsfridom, pressefridom og informasjonsfridom, for god nyheitsproduksjon over heile landet, og ein brei offentleg

samtale i det digitale mediesamfunnet. Mediepolitikken skal stimulere til innovasjon og nyskaping, og samstundes sikre tradisjonane og grunnverdiane til den frie pressa i ei ny tid. Regjeringa vil ha ei mediestøtte som er føreseieleg, ubyråkratisk og med størst mogleg avstand til politiske styresmakter.

NRK er ein viktig fellesinstitusjon i Noreg, og skal sikrast stabil og god finansiering. Regjeringa legg verdiane i NRK-plakaten til grunn for arbeidet sitt.

Regjeringa vil verne om det opne nettet, samstundes som ein tek vare på omsynet til personvern og opphavsrettar.

### **Regjeringa vil:**

- Sikre NRK som eit ikkje-kommersielt allmennkringkastingstilbod av høg kvalitet.
- Arbeide for at NRK i minst mogleg grad svekkjer aktivitetsgrunnlaget til medium som hentar inntektene sine i marknaden.
- Vurdere tilpassing av NRK-plakaten slik at han tek omsyn til mediemangfald i ei digital verd.
- Halde oppe mediemangfaldet og moglegheita for alternative og reklamefinansierte allmennkringkastingstilbod.
- Modernisere mediestøtta for å sikre eit mangfald av utgivingar på ulike plattformer, norsk journalistisk innhald, og føre vidare innovasjonsordninga for digital medieutvikling.
- Fjerne dagens lisens og endre finansieringsmodellen for NRK slik at han er meir framtidsretta, sikrar redaksjonell fridom og legitimitet, styrkjer den sosiale profilen og er enkel og ubyråkratisk. All mediestøtte skal samlast i éi ordning.
- Vurdere om produksjonar der NRK sjølv eig opphavsretten skal gjerast digitalt tilgjengelege under fribrukslisens.
- Arbeide for at internasjonale medieaktørar som opererer i Noreg må halde seg til norske konkurransevilkår.
- Fremje ei ny lov om medieansvar der kjeldevernet og redaktøransvaret blir vurdert.
- Innføre fritak for meirverdiavgift for elektroniske tidsskrift, og sikre at ordninga tek vare på utviklinga av det digitale mediesamfunnet gjennom å leggje til rette for elektroniske utgåver av trykte tidsskrift som ikkje må vere heilt identiske med den trykte utgåva.
- Handheve prinsippet om nettnøytralitet, slik at internett gir like moglegheiter for alle og bidreg til mediemangfald.

### **Kyrkje, tru og livssyn**

Regjeringa vil føre ein heilskapleg og aktivt støttande trus- og livssynspolitikk, som anerkjenner rolla til trus- og livssamfunna og kva dei har å seie for einskildmenneske og som

samfunnsskapande kraft. Regjeringa vil hegne om og verne trus- og livssynsfridomen til den einaskilde borgaren og respektere eigenarten til dei ulike trus- og livssynssamfunna og retten deira til sjølvstyring i lære- og ordningsspørsmål. Lovgiving og finansiering skal sikre lik behandling av alle trus- og livssynssamfunn. Grunnlova seier at Den norske kyrkja er folkekyrkja i Noreg, og at ho skal støast slik. Den norske kyrkja har difor ei særleg stilling og rolle i det norske samfunnet. Kyrkja skal ha ressursar som gjer at ho kan vere til stades i heile landet, utføre oppdraget sitt og gi menneske gode tenester i alle livssituasjonar.

Trussamfunn må halde seg til norske lover og reglar.

### **Regjeringa vil:**

- Føre ein aktiv og støttande trus- og livssynspolitik, der lovgiving og finansieringsordningar byggjer på prinsipp om likebehandling og trus- og livssynsfridom.
- Sikre den særlege stillinga til Den norske kyrkja som landsdekkjande og demokratisk folkekyrkje gjennom lovgivinga og føreseielege finansieringsordningar.
- Ha ein brei gjennomgang av offentleg trus- og livssynspolitik og leggje fram ei stortingsmelding for trus- og livssynsfeltet i løpet av våren 2019.
- Utarbeide ein strategi for korleis alle freda og verneverdige kyrkjer kan sikrast eit forsvarleg nivå på vedlikehaldet.
- Gå gjennom ordninga for bygg som blir brukte som forsamlingslokale for trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, og dessutan leggje til rette for at det kan byggjast fleire livssynsnøytrale seremonirom.
- Anerkjenne trusfridomen til barn og retten deira til å høyre til og vere medlem av eit trus- eller livssynssamfunn.
- Betre tilhøyrslørdninga og fjerne førerettsvedtaket, særrettsavtalen for Den norske kyrkja.
- Gi tilskot til alle trus- og livssynssamfunn som har over 50 medlemmer.
- Forplikte trus- og livssynssamfunn som får tilskot til å opplyse om bidrag frå utlandet over ein viss storleik og basert på dette vurdere ytterlegere reguleringar, også kravet om vekselverknad mellom landa.
- Trekkje tilbake økonomisk støtte til trussamfunn som oppmodar til brot på norsk straffelov eller får støtte frå statar som ikkje praktiserer religionsfridom.
- Krevje skriftleg stadfesting frå trus- og livssynssamfunn som fremjar krav om tilskot, om at dei er kjende med og vil etterleve vilkåra for tilskot.
- Gi religiøse leiarar kunnskap om den religiøse leiarrolla, demokrati, likestilling, negativ sosial kontroll, vald og overgrep, radikaliserings og valdeleg ekstremisme, med vidare.
- Samarbeide med trussamfunna slik at eldre og pasientar i institusjon, personell i forsvaret og menneske i kriminalomsorga får høve til og tilbod om nokon å snakke med om åndelege og eksistensielle spørsmål.

- Stimulere til meir samarbeid mellom kommunane og trussamfunna for å løyse sosiale og diakonale utfordringar.

## **11 – Kunnskap og integrering**

Kunnskap er grunnlaget for demokrati, verdiskaping og velferd. Barnehagen og skulen skal gi barn trygge rammer og byggje opp nødvendige ferdigheiter for å realisere draumar og ambisjonar. Ein skule som gir kunnskap til alle, gir moglegheiter til alle. Skulen skal også formidle kulturarv, verdiar og allmenndanning, sjå kvar enkelt elev i eit heilskapleg perspektiv, og løfte alle elevar, uavhengig av elevens bakgrunn og utgangspunkt. Ein god skule er det viktigaste vi kan gi enkeltmennesket, og er også avgjerande for eit norsk samfunn med framleis høg tillit, små skilnader og sosial mobilitet. Regjeringa vil prioritere tidleg innsats i skulen for å sikre hjelp til elevar som slit, og meiner at kvar enkelt elev må få kunnskap og ferdigheiter til å gripe dei mogelegheitene framtidas arbeidsliv byr på.

### **Barnehagar**

Vi veit stadig meir om kor viktige dei tidlege åra i barna sine liv er for den vidare utviklinga deira. Nettopp difor er kvalitet, kompetanse og tryggleik i barnehagane viktig. Barnehagen skal gi trygg og god omsorg og samtidig stimulere til leik, læring og utvikling på barna sine premisser. Godt barnehagemiljø krev kompetanse og samspel både mellom barn og trygge vaksne, og barna imellom.

Regjeringa ønskjer eit mangfaldig barnehagetilbod og vil leggje til rette for at alle barn får høve til å gå i barnehage. Mangfaldet i barnehagesektoren har vore avgjerande for full barnehagedekning og utviklinga av kvalitet og ulike pedagogiske profilar.

Barnehagen kan gi barna gode sosiale ferdigheiter og forståing for egne og andre sine grenser, og regjeringa vil framheve at trening i sosial kompetanse er viktig. Språk er nøkkelen til like moglegheiter i skulen og i samfunnet.

Læring må skje gjennom leik, og den enkelte barnehagen må ha fridom til å leggje til rette for eit stimulerande miljø som støttar opp om barna si lyst til å leike, utforske, lære og meistre. Små barn utviklar ferdigheiter gjennom leik, og det er ingen motsetnad mellom leik og læring. Leik har verdi i seg sjølv og er ein god arena for meistring og utvikling.

Gode barnehagar er aller viktigast for dei mest sårbare barna, barn som treng sosialt fellesskap, trygge og kompetente vaksenpersonar og språkleg stimuli og utvikling. Difor vil regjeringa følgje opp arbeidet med aktiv rekruttering til barnehagar i område med mange minoritetsspråklege barn, og gode moderasjonsordningar som gjer barnehagen tilgjengelig for alle.

### **Regjeringa vil:**

- Halde fram arbeidet med kompetanseheving for å heve kvaliteten i barnehagen.
- Over tid auke talet på barnehagelærarar i barnehagane til 50 prosent.
- Lovfeste retten til eit godt barnehagemiljø.
- Styrkje etter- og vidareutdanninga slik at fleire tilsette får barnefagleg kompetanse.
- Sikre eit meir føreseieleg opptakssystem.
- Gå gjennom reguleringa og finansieringa av private barnehagar for å sikre god kvalitet, likebehandling av barn og mangfald i barnehagesektoren.
- Styrkje språkopplæringa i barnehagane.
- Leggje vekt på trening i sosial kompetanse og utvikling av sosiale ferdigheiter.
- Sikre ein mangfaldig eigarstruktur og barnehagar med ulike profilar.
- Leggje til rette for at alle barn får høve til å gå i barnehage.
- Styrkje rekrutteringa av menn til barnehagane.
- Ha seksualitet og grensesetting som tema i barnehagane.
- Utvikle eit betre og meir uavhengig tilsynssystem for barnehagane.
- Vidareføre likebehandlinga av offentlege og private barnehagar.

- Styrkje samarbeidet mellom foreldre, barnehage, skule, skulefritidsordning og andre kommunale tenester.

## **Skule**

Skulen skal både utdanne og danne og vere ein trygg arena for meistring. Skulen si viktigaste oppgåve er å utvikle elevane sine kunnskapar, ferdigheiter og forståing, og evne til å bruke kompetansen. Skulen og innhaldet i skulen må tilpassast det at elevane møter eit nytt samfunns- og arbeidsliv der andre kompetansar og eigenskapar er viktige, samstundes som behovet for grunnleggjande ferdigheiter ligg fast. Skulen sin føremålsparagraf skal i større grad løftast fram i skulekvardagen. Gjennom fornyinga av læreplanverket vil regjeringa gi skulen eit verdiløft, sikre at læreplanane rustar elevane for framtidens samfunns- og arbeidsliv, og gi lærarar og elevar meir tid til å gå i djupna i det enkelte faget.

Framleis opplever for mange barn og unge at skulekvardagen er prega av dårleg skulemiljø, mobbing og trakassering. Regjeringa vil styrkje kompetansen om utvikling av gode skule- og læringsmiljø, i tillegg til å halde fram arbeidet med rask og trygg handtering av mobbesaker. Eit inkluderande og trygt skulemiljø krev systematisk innsats. Skulen må byggje eit lag rundt eleven. Tidleg innsats er avgjerande, og dei spesialpedagogiske ressursane må brukast så tidleg som mogleg i opplæringsløpet.

Friskular utgjer ein liten del, men eit viktig mangfald i norsk skule. Regjeringa vil sikre retten til å etablere og drive friskular, behalde dagens friskulelov, og leggje til rette for friskular med alternativ pedagogikk, livssynsgrunnlag og ein eigenart som representerer eit alternativ til den offentlege skulen. Omsyn til integrering skal vektleggjast ved godkjenning av friskular.

### **Regjeringa vil:**

- Gjennomføre fornyinga av Kunnskapsløftet og sikre meir djupnelæring, relevant innhald, forenkling, tydelegare prioriteringar og betre samanheng mellom faga i læreplanane.
- Halde fram satsinga på elevane sine grunnleggjande ferdigheiter til å lese, rekne, uttrykkje seg skriftleg og munnleg, og bruke digitale verktøy.

- Byggje eit lag rundt eleven som inkluderer lærarar, spesialpedagogiske ressursar og skulehelseteneste.
- Gjere skulestarten meir fleksibel, ved å senke terskelen for utsett eller framskunda skulestart.
- Gi kommunane moglegheit til å prøve ut nye modellar for fleksibel skulestart.
- Vidareføre arbeidet mot mobbing i skulen og satse på å førebyggje mobbing på digitale flater.
- Leggje til rette for meir fysisk aktivitet i skule og SFO/AKS med eit mål om éin times dagleg fysisk aktivitet innanfor dagens timetall, utan at det går på kostnad av lærarane sin metodefridom.
- Bidra med rettleiing og kunnskap for betre kosthald i SFO/AKS, og opne for fleire matkultursenter som kan løfte kompetansen om ernæring.
- Vidareføre kartlegging av læringsresultat gjennom heile skuleløpet, med sikte på å avdekkje elevane sitt behov for individuell tilrettelegging og oppfølging.
- Vidareføre openheit om kartleggingsresultat på skulenivå.
- Gå gjennom systemet for kvalitetsvurdering i etterkant av fagfornyinga i samarbeid med partane.
- Lovfeste retten til eit leirskuleopphald i løpet av grunnskulen.
- Betre overgangen mellom barneskule og ungdomsskule, og ungdomsskule og vidaregåande opplæring.
- Betre oppfølginga av elevar med høgt læringspotensial.
- Innføre ordningar med redusert foreldrebetaling og gratis opphald på SFO/AKS etter skuletid for barn av foreldre med låg inntekt.
- Styrkje kvaliteten i SFO/AKS gjennom å utarbeide ein nasjonal rammeplan, som også gir rom for lokale variasjonar.
- Stimulere til utradisjonelle val for å redusere kjønnskilnader i skule og i utdanningsval.
- Følgje opp arbeidet med ei nedre grense for skulekvalitet og systematisk oppfølging av skuleeigarar med varige svake resultat på læringsmiljø og fagleg utbytte.
- Vurdere om svømmeundervisninga kan konsentrerast til tidlegare i skuleløpet enn i dag.
- Auke kapitaltilskotet til friskulane.

- Leggje til rette for at friskulane har høve til å gi undervisning av same kvalitet som den offentlege skulen.
- Innføre ein ekstra skuletime med realfag.
- Greie ut om språkdelt ungdomsskule.
- Sikre retten til læremiddel på begge målformer.
- Sikre at om lag halvparten av undervisninga i KRLE skal brukast til kunnskap om kristendom. Dei nye læreplanane og kompetansemåla må spegle dette.
- Vidareføre tilskot for skuleklasser til å få dekt delar av utgiftene til skuleturar i regi av «Hvite busser» e.l. som ein del av handlingsplanen mot antisemittisme.

### **Tidleg innsats**

Altfor mange går ut av grunnskulen med svake lese- og skriveferdigheiter. Regjeringa meiner at elevar som slit, må få hjelp tidlegare i skuleløpet, og det same gjeld for barn i barnehage. Det er difor viktig at barnehagane og skulane har tilgang på spesialkompetanse, som til dømes spesialpedagogar, helsesjukepleiarar, logopedar og psykologar. Hjelpa må også nå elevar som opplever mobbing, vanskelege familiesituasjonar eller psykiske plager.

Alle barn har behov for tryggleik i overgangen frå barnehage til skule. Barn utviklar seg ulikt, og det er ein grunnleggande premiss at skulen skal tilpasse seg barna si utvikling, ikkje omvendt. Dei yngste barna i skulen har eit særskilt behov for omsorg og læring gjennom både fri og styrt leik.

Samtidig er opplæring i grunnleggjande ferdigheiter og tett oppfølging av dette særleg viktig dei første åra i skulen, då det legg eit viktig grunnlag for meistring og læring seinare i skuleløpet.

### **Regjeringa vil:**

- Styrkje tidleg innsats for å sikre at elevar som strevar får hjelp raskt og kan oppleve meistring og læring.
- Prioritere tidleg innsats frå 1. til 4. klasse, og ha som mål at ingen elevar skal gå ut av grunnskulen utan å ha lært å lese, skrive og rekne skikkeleg.



- Evaluere situasjonen til dei yngste barna i skulen og sikre at omsynet til dei yngste barna sin kvardag vert tatt i vare i arbeidet med nye læreplanar.
- Vurdere korleis dei yngste barna sine tilbakemeldingar om eigen skulekvardag kan verte ein del av kvalitetssystemet og informasjonsgrunnlaget til skuleleiing og skuleeigarar.
- Ha mål om å gi alle skular tilgang til lærarspesialistar i byrjaropplæringa.
- Styrkje skulehelsetenesta, særleg innan psykisk helse, og betre samarbeidet mellom heim og skule.
- Leggje fram ei stortingsmelding om tidleg innsats og inkluderande fellesskap.
- Vurdere å innføre krav om at skulane på barnetrinnet skal ha nok tilgjengelege ressursar med fagleg fordjuping i spesialpedagogikk.
- Betre det spesialpedagogiske støttesystemet for å sikre at barn får raskare og betre hjelp, og at fagkompetansen kjem barna til gode.
- Gjere endringar i støttesystemet slik at meir spesialpedagogisk og anna relevant kompetanse er til stades i barnehage og skule, tettare på barn og elevar.
- Gå gjennom regelverk og andre tiltak for å sikre at fleire barn og elevar skal få inkluderande spesialpedagogisk oppfølging av lærar med relevant kompetanse.
- Kartleggje bruken av andre yrkesgrupper enn lærarar i spesialundervisninga, med sikte på at alle elevar skal få nødvendig fagleg tilrettelegging og oppfølging.

### **Lærarsatsing**

Ein god lærar er avgjerande for elevane si læring og meistring i skulen. Regjeringa vil halde fram den kraftige satsinga på vidareutdanning, slik at alle elevar skal møte ein lærar med god fagkunnskap i faget dei underviser i. Lærarane må ha den nødvendige pedagogiske fridomen til å gi elevane best mogleg opplæring, og kunne følgje opp kvar enkelt elev.

Mangel på utdanna lærarar er ei av dei største utfordringane i skulen, og regjeringa meiner difor at det er behov for eit vidare lærarløft. For at læraryrket skal verte attraktivt for fleire, må vi ha ei god og attraktiv lærarutdanning, og sørkje for at utdanning løner seg, også for lærarar.

## **Regjeringa vil:**

- Ha som mål at alle lærarar skal ha fordjuping i faga dei underviser i.
- Gjennomføre ei offensiv satsing saman med sektoren for å rekruttere fleire lærarar, også frå andre yrke.
- Sikre desentralisert utdanning for å rekruttere fleire lærarar til distrikta.
- Følgje opp lærarnorma, medrekna finansiering gjennom frie inntekter frå 2020.
- Halde fram den kraftige satsinga på etter- og vidareutdanning og utvide tilbodet om vidareutdanning til fleire fag.
- Følgje opp dei eksisterande kompetansekrava og vurdere ekstra innsats for å sikre at alle lærarar som manglar fordjuping i undervisningsfag, får tilbod om dette.
- Vurdere korleis ufaglærte i skulen kan få utdanning og undervisningskompetanse.
- Auke talet på lærarspesialistar til totalt 3000 innan fire år.
- Vurdere å fase inn kompetansekrav i relevante fag.
- Halde fram arbeidet med å styrkje lærarutdanningane, blant anna gjennom strategien «Lærarutdanning 2025».
- Styrkje rekrutteringa av menn til læraryrket.
- Redusere skulebyråkratiet gjennom å fjerne tidstjuvar, slik at læraren får meir tid til kvar enkelt elev.
- Gjennomføre forsøk med lokalt leiarskap på tvers av sektorar for å gi betre tenester til sårbare barn og unge.
- Følgje opp nasjonale rammer for ei mentorordning for nyutdanna lærarar.
- Greie ut om ei sertifiseringsordning for lærarar og mogleg vern av lærartittelen i løpet av perioden.
- Ha tettare samarbeid mellom skular og undervisningsinstitusjonar gjennom universitetsskular, hospiteringsordningar og forskningssamarbeid.
- Leggje til rette for fleire karriereveggar i skulen.
- Styrkje skuleleiarrolla med tilbod om etter- og vidareutdanning.

- Jobbe vidare for å styrkje dei samiske lærarutdanningane, slik at samiske barn får eit godt tilbod i barnehage og skule.

### **Digital kompetanse og innovasjon**

Ei av dei viktigaste oppgåvene vi har som samfunn er å sørge for at norsk ungdom kan gå ut i arbeidslivet, og samfunnet elles, med solide kunnskapar og ferdigheiter, vere nysgjerrige og ha ein kreativitet som kan bidra til nyskaping. Digitale ferdigheiter er ei av dei grunnleggjande ferdigheitene alle elevar skal meistre når dei fullfører skulen. Difor treng dei meir kunnskap om og betre forståing for IKT.

Skulen må ta innover seg følgjene av teknologiutviklinga og digitaliseringa av samfunnet som elevane lever i og skal møte etter enda utdanning, både i innhald i læreplanar, bruk av digitale læremiddel og teknologi for å sikre meir og betre læring og meistring, og dessutan i utdanning og kompetanseheving for lærarar.

### **Regjeringa vil:**

- Gi skulen eit digitalt løft gjennom meir kunnskap om og bruk av digitale læremiddel og med vekt på utvikling av teknologiforståing, digital dømmekraft og skaparkraft.
- Auke innovasjons- og entreprenørskapskompetansen i heile utdanningsløpet.
- Stimulere til tettare samarbeid mellom skular, bedrifter og forskingsmiljø.
- Styrkje Ungt Entreprenørskap som ein viktig arena for samarbeid med arbeidslivet.
- Sikre at lærarutdanning og vidareutdanning for lærarar integrerer digital kompetanse i alle fag.
- Sikre at elevar får kunnskap om og forståing for teknologi, algoritmisk tenking og koding i fleire fag, allereie tidleg i skuleløpet.
- Leggje til rette for ein open og tilgjengeleg digital læremiddelmarknad for elevar, lærarar, skuleeigarar og læremiddelprodusentar som stimulerer til mangfald og utvikling av smarte digitale læremiddel.
- Gi innovasjon og skaparkraft ein god plass i framtidens skule.

## Vidaregåande opplæring

Vidaregåande opplæring skal gi elevar grunnlag for vidare studiar eller yrkesaktivitet. Her vert grunnlaget for den enkelte sin karriereveg lagt, og det er difor viktig med ei god rådgivingsteneste. Regjeringa har som mål at innan 2030 skal ni av ti elevar som tek til på vidaregåande opplæring, fullføre og bestå.

### Regjeringa vil:

- Styrkje rådgivings- og rettleiingstenesta, og under dette gi fylkeskommunane og karrieresentera ei sterkare rolle i utdanningsval i grunnskulen, og vidareføre ei eiga rådgivarutdanning.
- Gjere det enklare for yrkesgrupper med erfaring frå anna arbeidsliv å verte tilsette i skulen som rådgivarar.
- Gi elevar som har svake resultat frå ungdomsskulen betre tilpassa overgang til vidaregåande opplæring gjennom tilbod som Ung11.
- Vidareføre eit tett samarbeid med institusjonar for høgare utdanning for å sikre at elevar som ønskjer det, kan ta fag på høgare nivå.
- Ha tettare oppfølging av elevar som står i fare for å falle ut av skulen og utvide høvet til å ta oppatt fag for elevar som manglar grunnlag for karakter.
- Evaluere effekten av fráværsgrensa.
- At frávær grunna obligatoriske timar for trafikkopplæring ikkje skal telje på fráværsgrensa.
- Sikre elevane sin rett til å vurdere undervisnings- og læringsmiljøet i skule og lærebedrift.
- Ha fleire opplæringsarenaer gjennom heile skuleløpet der ungdom som slit med motivasjonen, får jobbe praktisk og variert som ein del av skulekvardagen.
- Halde på eit reelt høve til å drive friskular som supplement og alternativ til den offentlege vidaregåande skulen.
- Greie ut om ulike modellar for fritt skuleval som sikrar elevane sin rett til å velje skule, og som tek omsynet til ein desentralisert skulestruktur i vare.
- Starte arbeidet med å gjere engelsk til obligatorisk fag på Vg2 og Vg3.

- Greie ut om moglegheita for å etablere eit hurtigløp for privatistar, til sjølvkost, i starten av juni kvart år, med høve til å få endra vitnemålskarakter innan hovudopptaket til høgare utdanning.
- Leggje til rette for landsliner innan realfag og språk på eit høgt nivå.

### **Yrkesfag**

Det er stort behov for arbeidstakarar med fag- og yrkesutdanning, og regjeringa meiner difor at det er nødvendig å heve statusen til yrkesfaga og redusere fråfallet ved utdanningane.

Meisterbrev er

like viktig som mastergrad. Fagutdanningane i vidaregåande opplæring må verte meir praksisnære og mindre teoretiske. Det trengst fleire læreplassar og fleire tilpassa utdanningsløp.

### **Regjeringa vil:**

- Opne for fleire tilpassa utdanningsløp, som vekslingsmodellar, praksisbrev og lærarkandidatordninga.
- Halde fram arbeidet med å skaffe fleire læreplassar, blant anna gjennom å betre dei økonomiske ordningane, digitale løysingar for formidling av læreplass, stille klare krav til det offentlege om å ta inn lærlingar og jobbe saman med fylkeskommunar og arbeidslivet.
- Gjennomføre tiltak som gjer det enklare å ta fleire fagbrev for å møte endringar i etterspurnaden i arbeidslivet og krav til breidde i kompetanse.
- Stille krav om at alle statlege etatar og underliggjande verksemder skal ha lærlingar.
- Gjennomføre fornyinga av dei yrkesfaglege studieprogramma.
- Innføre eit nytt, praktisk og arbeidslivsretta handtverksfag som valfag i ungdomsskulen.
- Gi arbeidslivet og partane større innverknad over innhaldet i yrkesopplæringa.
- Utvikle modellar som bidreg til oppdatert og kvalitetssikra utstyr ved dei yrkesfaglege studieretningane, og auke utstyrsstipendet for dyrare yrkesfaglege studieretningar.
- Halde fram satsinga på etter- og vidareutdanning av yrkesfaglærarar gjennom yrkesfaglærarløftet.
- Styrkje hospiteringsordninga for yrkesfaglærarar og vidareføre lektor 2-ordninga.

- Setje krav til at alle fylke må tilby YSK (Yrkes- og studiekompetanse), som kombinerer yrkesfag og studiespesialisering, og der ein oppnår studiekompetanse og fag/sveinebrev på fire år, i tillegg til å utvide ordninga til fleire fag og skular.
- Vurdere meir fleksible løp innan yrkesfagleg opplæring, med utvida mogelegheit til å kombinere praksis og skule.
- Innføre lengre lærlingperiodar for enkelte fag- og sveinebrev i samråd med partane i arbeidslivet.
- Vurdere ei tettare kopling mellom avgivande skular og lærebedrifter også gjennom lærlingtida.

### **Høgare yrkesfagleg utdanning**

Regjeringa meiner at det må skapast fleire jobbar. Fagskulane er eit viktig verkemiddel for å nå målet om at fleire må kvalifisere seg til desse jobbane. Fagskuleutdanning vert ofte sett på som «arbeidslivets utdanning», fordi utdanningstilbodet vert drive og utvikla i nært samarbeid med arbeidslivet. Dette gir høve til å skreddarsy utdanningane til arbeidslivets kompetansebehov, og det gir studentane relevant utdanning.

### **Regjeringa vil:**

- Gjennomføre eit kvalitetsløft i fagskulane og likestille fagskulestudentar med andre studentar.
- Stimulere til tettare samarbeid mellom skuleeigarar og næringsliv for å heve kvaliteten og sikre praksisnær utdanning.
- Betre overgangsordningane mellom fagskule og høgskule/universitet.
- Auke kunnskapen om fagskuleutdanning i rådgivingstenestene.
- Leggje til rette for eit mangfald av offentlege og private fagskular.

### **Høgare utdanning**

Eit godt utdanningssystem er ein føresetnad for eit velfungerande arbeids- og næringsliv. Regjeringa vil auke investeringane i universitet og høgskular og satse på kunnskap og forskning. Som eit lite land må Noreg satse på å utvikle nokre fagmiljø til å verte verdslaiande,

samstundes som vi satsar på forskning og utvikling der vi har særlege fortrinn og behov. Regjeringa meiner at undervisningskvaliteten i høgare utdanning må styrkjast. Det må løne seg å vere ein god undervisar i academia. Alle som underviser på universitet og høgskular skal ha relevant kompetanse, og god undervisning må gi merittering.

### **Regjeringa vil:**

- Auke talet på studieplassar i tråd med arbeidslivet sitt behov og studentane sine ønske.
- Vidareføre gratisprinsippet i høgare utdanning.
- Gjennomføre Kvalitetsmeldinga for høgare utdanning og Humaniorameldinga.
- Styrkje kvaliteten på utdanningane gjennom å styrkje Diku sine kvalitetsprogram.
- Vidareutvikle ordninga med Sentre for fremragende undervisning (SFU).
- Leggje til rette for at utdanningsinstitusjonane kan ta i bruk supplerande inntaksformer.
- Stimulere til utvikling av digitale læringsressursar og meir fleksible undervisningsopplegg, og dessutan innføre digital vurdering og eksamen i fag der det er naturleg.
- Leggje til rette for at studentar i større grad kan få relevant arbeidspraksis under studiane.
- Leggje til rette for meir innovasjon og entreprenørskap i høgare utdanning.
- Leggje fram ei stortingsmelding om samarbeid mellom arbeidsliv og institusjonar for høgare utdanning med vekt på praksis.
- Ta til på arbeidet med å byggje Vikingtidsmuseet.

### **Studentvelferd**

For at retten til utdanning skal vere reell, er det viktig med ei god studiefinansiering og eit godt velferdstilbod til studentar. Alle skal kunne ta høgare utdanning uavhengig av bakgrunn, økonomi og bustad.

### **Regjeringa vil:**

- Oppretthalde eit høgt nivå på utbygging av studentbustader.
- Fullføre å fase inn 11 månadars studiestøtte.
- Betre støtteordningane for studentar med barn.

- Gi personar som er i overgangsfasen mellom fullført utdanning og yrkesaktivitet rett til foreldrestipend.
- Styrkje arbeidet med å følgje opp studentane si psykiske helse.
- Leggje fram ei stortingsmelding om internasjonal studentmobilitet, og dessutan vurdere situasjonen for studentar frå det globale sør.
- Innføre ei prøveordning med kombinerte omsorgs- og studentbustader.

## **Forsking**

For å utvikle eit berekraftig velferdssamfunn og eit konkurransedyktig næringsliv, vil regjeringa ha ei langsiktig og forpliktande satsing på forsking. Regjeringa vil satse på heile spekteret av forskingsinstitusjonar, og leggje til rette for meir samspel og samarbeid mellom offentlege og private forskingsaktørar. Offentleg finansiert forsking skal ha høg kvalitet og vere uavhengig av politiske føringar og særinteresser. Mest mogleg av forskinga i Noreg skal finansierast gjennom frie løyvingar og gjennom opne nasjonale forskingsprogram.

### **Regjeringa vil:**

- Over tid auke den offentlege forskingsinnsatsen utover éin prosent av BNP i ein omstillingsfase, og særleg prioritere mogleggjerande teknologiar og forsking som bidreg til meir verdiskaping.
- Følgje opp langtidsplanen for forsking og høgare utdanning og opptrappingsplanane som er ein del av denne.
- Ha som mål at auka forskingsløyvingar skal utløyse større private investeringar.
- Styrkje Forskringsrådets opne program som legg avgjerande vekt på kvalitet, som Fri Prosjektstøtte, Sentre for fremragende forsking, Sentre for forskingsdrevet innovasjon og forskingssentre for miljøvennlig energi.
- Arbeide for og stimulere til meir internasjonalisering av forsking, og dessutan prioritere styrkt deltaking i EUs rammeprogram.
- Leggje til rette betre for kommersialisering av forsking blant studentar og forskarar.
- Sikre god utnytting av instituttsektoren ved å ta i bruk heile breidda av forskings- og kunnskapsmiljøa.



- Stimulere til meir forskning i næringslivet og sterkare samhandling med akademia.
- Gjere forskinga meir tilgjengeleg ved å stimulere til opnare forskingsformidling og meir opne data.
- Forenkle byråkratiet rundt søknader om forskingsmidlar.
- Styrkje eksisterande forskingsmiljø og stimulere til fleire verdslende forskingsmiljø.

### **Lære heile livet**

Ein av fem vaksne har ikkje fullført vidaregåande opplæring og har difor større risiko for å hamne utanfor. Trass i eit større omstillingsbehov, går deltakinga i etter- og vidareutdanning ned. Mange verksemdar melder om eit udekt kompetansebehov. Regjeringa vil føre ein kompetansopolitikk som bidreg til å gi innbyggjarane den kunnskapen og dei ferdigheitene dei treng for å stå i arbeid i møte med nye krav til omstilling, og for å få nye jobbar når arbeidslivet er i endring.

Arbeidslivet endrar seg raskt og stiller større krav til kompetanse. Alle har behov for påfyll av kunnskap undervegs i karrieren. Regjeringa vil leggje til rette for betre kompetanse- og karriereutvikling på ulike arenaer og gjennom heile livet. Folkehøgskular er ein viktig del av mangfaldet i utdanningstilbodet.

### **Regjeringa vil:**

- Gjennomføre kompetansereforma «Lære hele livet» for at ingen skal gå ut på dato i arbeidslivet og for at fleire skal kunne stå i jobb lenger.
- Styrkje program for opplæring i arbeidslivet gjennom Kompetansepluss-ordninga.
- Vurdere korleis det kan verte enklare å få finansiering av livsopphald for vaksne som ønskjer å studere for å gjere seg meir attraktive i arbeidsmarknaden.
- Vurdere insentivordningar for livslang læring.
- Vurdere ei ordning med Kompetansefunn etter modell av Skattefunn.
- Utvikle fleksible tilbod for vidareutdanning i digital kompetanse.

- Etablere bransjeprogram for bransjar som er særleg utsette for digitalisering, automatisering og anna omstilling.
- Leggje til rette for modulbasert opplæring på grunnskule- og vidaregåandenivå, for blant anna å gjere det enklare å ta fagbrev for dei som manglar delar av opplæringa, og gjere det enklare å kombinere opplæring med arbeid. Dette skal gjerast i samarbeid med partane i arbeidslivet og utdanningsinstitusjonane.
- Gi fylkeskommunane eit utvida ansvar for den regionale kompetansepolitikken.
- Leggje til rette for betre samarbeid om digital kompetanse mellom arbeidslivet og utdanningssektoren.
- Styrkje det frivillige, opne og ubyråkratiske opplæringstilbodet i frivillig sektor i regi av blant andre studieforbunda.
- Innføre ein generell rett til kartlegging av grunnleggande ferdigheiter for vaksne.
- Tilpasse folkehøgskuletilbodet til studentane sine val, slik at tilbod med låge søkjartal vert fasa ut og nye tilbod kjem til, i tillegg til å gå i dialog med folkehøgskulane med sikte på å finne ein modell for å fasa ut kortkurs.

### **Ein effektiv integreringspolitikk**

Regjeringa vil gjennomføre eit integreringsløft med mål om at innvandrarak i større grad skal delta i arbeids- og samfunnsliv. Innvandrarak som skal bu og leve i Noreg, må vere ein del av små og store fellesskap i det norske samfunnet.

Integrering krev ein monaleg innsats frå den enkelte innvandraren sjølv som må lære norsk og tileigne seg kunnskap om det norske samfunnet. Innvandrarak må så langt som mogleg forsørgje seg sjølv og sine, og bidra aktivt i arbeids- og samfunnsliv. Samfunnet må leggje til rette for like moglegheiter for alle, uavhengig av bakgrunn. Hovudutfordringa på integreringsområdet er for låg sysselsetting, særleg blant flyktningar og kvinner. Dette fører også til fattigdom og at mange hamnar utanfor, noko som særleg rammar barn. Ein hovudårsak til låg sysselsetting er at mange manglar den kompetansen som eit moderne arbeidsliv etterspør.

Regjeringa vil bevare eit velferdssamfunn som er bygt på tillit, samhald, små skilnader og moglegheiter for alle. Tendensar til større ulikskap langs økonomiske, sosiale, geografiske og kulturelle skiljelinjer må motverkast. Regjeringa vil hindre segregering og fremje integrering og fellesskap. Frivillige organisasjonar, idretten, kulturlivet og trussamfunn er sentrale aktørar for å lykkast med kvardagsintegreringa. Det er særleg viktig at barn og unge med innvandrarbakgrunn kan delta i aktivitetar på lik line med andre barn. Tiltak som fremjar felles møtestader mellom innvandrarar og den norske innbyggjarane må prioriterast.

Utdanning er eit kraftig verktøy for sosial mobilitet. Utdanning gir kunnskap og forståing, sjølvstende og høve til arbeid og å forsørgje seg sjølv. Vegen til arbeid og deltaking i det norske samfunnet går gjennom utdanning og kunnskap.

Regjeringa vil reformere introduksjonsordninga og andre kvalifiseringsordningar, slik at fleire får formell utdanning og kompetanse som dekkjer behova i arbeidslivet. Barn og unge med innvandrarbakgrunn må få eit godt og likeverdig utdanningstilbod. Norsk språk er nøkkelen inn i store og små fellesskap i det norske samfunnet. Regjeringa vil styrkje norskopplæringa med mål om at alle som bur i Noreg, kan snakke norsk.

Regjeringa sin integreringspolitikk skal gi rom for fridom og mangfald, men også fremje oppslutning om grunnleggjande verdiar og normer som det norske samfunnet er bygt på.

### **Regjeringa vil:**

- Føre ein integreringspolitikk i tråd med strategien Integrering gjennom kunnskap 2019-2022, og følgje opp tiltaka der.
- Reformere introduksjonsordninga og andre kvalifiseringsordningar, slik at fleire får formell utdanning og kompetanse som dekkjer behova i arbeidslivet.
- Vurdere nye modellar for introduksjonsstønadene med mål om at deltakarane fullfører raskare, til dømes gjennom sluttbonusar ved fullført program.
- Gjere det lettare å kombinere deltaking i introduksjonsprogrammet og ordinært arbeid.
- Reformere norskopplæringa med større vekt på resultat og krav om oppnådd kompetanse, slik at alle får eit godt grunnlag for læring og for deltaking i arbeids- og samfunnsliv.

- Gi arbeidsgivar styringsrett til å nekte tilsette å bruke ansiktsdekkjande plagg i arbeidstida.
- Samarbeide med partane i arbeidslivet om tiltak for å fremje mangfald i arbeidslivet som ressurs for verdiskaping, vekst og innovasjon.
- Leggje til rette for at sosiale entreprenørar, ideelle organisasjonar og andre private aktørar kan bidra til god integrering.
- Styrkje rekrutteringa av minoritetsspråklege barn til barnehage.
- Vidareutvikle tilbod om forsterka grunnopplæring til unge med kort butid, slik at dei får betre grunnlag for å gjennomføre vidaregåande opplæring.
- Sørgje for at unge innvandrarar som har rett til vidaregåande opplæring, får eit tilbod gjennom ordinær opplæring framfor i introduksjonsordninga.
- Gjennomføre tiltak for rask oppstart av kvalifisering, blant anna gjennom kompetansekartlegging.
- Sikre at nykomne flyktingar vert busette i kommunar som har gode moglegheiter for arbeid og kvalifisering. Busettingspolitikken skal framleis vere basert på frivilligheit og samarbeid med kommunane.
- Gjennomføre eit prøveprosjekt for hurtigbusetjing av einslege mindreårige asylsøklarar etter modell frå Nederland.
- Gi fylka ei sterkare rolle på integreringsområdet i tråd med forliket om nye oppgåver til fylka.
- At undervisninga ikkje skal kunne kjønnsdelast av kulturelle og religiøse årsaker. Det har ein eigenverdi at jenter og gutar har felles undervisning i alle fag.
- Stille krav om å delta i norskopplæring for mottakarar av økonomisk sosialhjelp som på grunn av manglande norskferdigheiter ikkje er sjølvhjelpete.
- Forenkla og forbetre ordningar for godkjenning av kompetanse ein har med seg, og vidareutvikle tilbod om kompletterande utdanning.
- Gjennomføre forsøk med anonyme søknadar i staten.
- Vidareføre ordninga med at personar som takkar nei til arbeid av religiøs overtyding, skal verte fråtekne offentleg stønad.
- Sikre at alle barn gjennomfører ein obligatorisk test av norskkunnskapar ved fire-årskontroll.

- Følgje opp barn som ikkje møter til aldersbestemte helsekontroller.
- Tilby norskundervisninga og samfunnsundervisninga som er ein del av introduksjonsprogrammet til arbeidsinnvandrarak frå EØS mot eigenbetaling.
- Sikre meir kunnskap om kva for innføringstilbod som gir best effekt for nykomne elevar.
- Fremje forslag om ei tolkelov og tiltak som bidreg til meir bruk av kvalifiserte tolkar, blant anna gjennom betre bruk av digitale verktøy.
- Vidareutvikle målretta tiltak for betre bumiljø og levekår i område med dårlege levekår og integreringsutfordringar.
- Samarbeide med frivillige organisasjonar, kulturlivet, idretten, trussamfunn og andre sivile aktørar om tiltak som fremjar kvardagsintegrering.
- Styrkje det frivillige si rolle i integreringsarbeidet.
- Sikre tilbod som gir innvandrarak god kunnskap om det norske samfunnet og dei grunnleggjande verdiane det norske samfunnet er bygt på.
- Vidareutvikle integreringsmottak for alle som med stort sannsyn får opphald.
- Sikre at offentlege støtteordningar stimulerer til arbeid.
- Sikre språktilbod i barnehagane til førskulebarn med mangelfulle norskferdigheiter.
- Gi rett til barnehageplass for alle barn i mottak.
- Sikre oppfølging av avhopparak frå ekstreme miljø.
- Styrkje politiet sitt arbeid mot radikaliserering og ekstremisme.
- Trekkje tilbake økonomisk stønad til trussamfunn som oppmodar til brot på norsk straffelov eller mottek stønad frå statar som ikkje praktiserer religionsfridom.

### **Negativ sosial kontroll**

Nokre jenter og gutar veks opp i Noreg utan fridom til å bestemme over sitt eige liv, sin eigen kropp eller kven dei skal gifte seg med. Barn vert også sende, mot sin vilje, på skular i utlandet der dei vert utsette for vald og overgrep. Negativ sosial kontroll er eit alvorleg samfunnsproblem som må motverkast, og regjeringa vil leggje betre til rette for at kvar enkelt får fridom til å bestemme korleis dei vil leve livet sitt. Arbeidet krev klare tiltak, brei tilnærming og arbeid på tvers av landegrensar.

### **Regjeringa vil:**

- Vidareføre og forsterke innsatsen mot tvang og negativ sosial kontroll som avgrensar den enkelte sin rett til å leve eit fritt liv.
- Følgje opp Handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting (2017-2020).
- Vurdere tiltak for å hindre at predikantar som oppmodar til vald og terror får innreise til landet.
- Sikre nok stønad og butilbod for offer for vald og negativ sosial kontroll relatert til æreskultur.
- Gjere straffereglane tydelege i saker der foreldre etterlèt barn under uforsvarlege forhold i utlandet, og dessutan vurdere strafferamma.
- Setje i verk tiltak for å unngå at barn mot sin vilje vert sende til skular i utlandet der dei vert utsette for vald og overgrep.
- Støtte organisasjonar som jobbar for å styrkje minoritetskvinner sine rettar og kjempe mot æreskultur og negativ sosial kontroll.
- Sikre at skilsmisse etter norsk lov vert respektert av dei ulike trus- og livssynssamfunna og motverke framvekst av religiøse domstolar.
- Vurdere i kva grad dagens straffelovgivning rammar sømdsattestar og uskuldskontrollar før ekteskap vert inngått og eventuelt fremje forslag om å utvide lovverket slik at kvinner får godt nok vern frå lova mot slike undersøkingar. Vurdere nye tiltak mot kjønnslemlesting og gjere det tydeleg at foreldre har ansvar for å avverje og melde slike alvorlege straffbare forhold.
- Oppmode til tett oppfølging av elevar og foreldre, også heimebesøk, ved mistanke om at barn vert haldne borte frå skulen.
- Sikre barn sin rett til å gå på skule og difor vurdere regelverket for økonomiske sanksjonar mot foreldre som systematisk og medvite hindrar barn i å få den utdanninga dei har krav på.

### **12 – Klima og miljø**

Naturmangfaldet og livsgrunnlaget må sikrast for komande generasjonar, slik at vi overlèt naturen og miljøet til barna våre i minst like god stand som vi overtok det frå forfedrane

våre. Klimaendringar, spreiding av miljøgifter og tap av naturmangfald er vår tids største miljøproblem. At desse miljøproblema vert løyste, er ein grunnleggjande føresetnad for å nå FNs berekraftsmål. Desse utfordringane må løysast gjennom samarbeid og tiltak lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Naturen har gitt grunnlag for norsk velstand og vekst, men bruken av naturressursane må vere berekraftig.

Regjeringa vil føre ein ambisiøs klima- og miljøpolitikk som byggjer på forvaltaransvaret og føre-var- prinsippet. Regjeringa vil føre ein politikk som styrkjer Noreg si konkurransekraft, skaper grøn vekst og nye grønne jobbar, samstundes som utslepp av klimagassar vert redusert. Det er naudsynt med ei forsterka omstilling til eit moderne og berekraftig lågutsleppssamfunn. Noreg har høg kompetanse, teknologi og tilgang på kapital som gjer det mogleg å bidra monaleg til denne omstillinga.

Regjeringa vil leggje til rette for grøn næringsutvikling i Noreg som ein viktig del av løysinga på klimautfordringane. Regjeringa vil fremje ei grøn omstilling ved blant anna å leggje fram ein handlingsplan for grøn skipsfart og ein eigen hydrogenstrategi, bidra til utvikling av avansert biodrivstoff og stimulere til biogassproduksjon. Regjeringa vil også ha tett dialog med næringslivet for å skape lønsame, grønne arbeidsplassar blant anna på grunnlag av vegkarta deira til lågutsleppssamfunnet, og med utgangspunkt i prinsippa for grøn konkurransekraft.

## **Klima**

Den siste rapporten frå FNs klimapanel viser at klimaendringane vert dramatiske. Han viser også kor stor skilnad det er på 1,5 gradar og 2 gradars oppvarming. Verda treng difor ei langt større og raskare omstilling enn det vi tidlegare har lagt til grunn. Klimaendringane fører også med seg ein stor klimarisiko for både Noreg og andre land.

Desse utfordringane kan berre løysast gjennom eit globalt samarbeid, men Noreg må også kutte eigne utslepp monaleg, raskt og nok.

Regjeringa sin klimapolitikk har som mål å kutte utslepp raskast mogleg og utvikle teknologiske løysingar som gjer det mogleg for verda å nå felles utsleppsmål. Regjeringa vil omstille norsk økonomi og bidra til at Noreg vert eit lågutsleppssamfunn før midten av hundreåret. Denne omstillinga må også bidra til ei utvikling som sikrar det biologiske mangfaldet og eit berekraftig velferdssamfunn.

Regjeringa vil støtte utvikling, bruk og spreining av nullutsleppsløysingar og bidra til å skape marknader for ny nullutsleppsteknologi. Regjeringa vil velje verkemiddel ut frå prinsippet om at den som forureinar, skal betale, og at ein skal oppnå klimamåla mest mogleg effektivt. Regjeringa vil halde fram arbeidet med eit grønt skatteskitte. Regjeringa ønskjer å redusere Noreg sin klimarisiko og bidra til utvikling av fornybare energiløysingar i utviklingsland.

Regjeringa vil at Noreg framleis skal vere eit føregangsland for fornybar energi og nullutslepp frå transportsektoren.

Regjeringa vil at Noreg skal vere ein pådrivar i det internasjonale klimaarbeidet og vil forsterke klimaforliket. Noreg skal oppfylle Kyotoprotokollen. Noreg sine klimamål etter Paris-avtalen må forsterkast. Dei forsterka måla våre for 2030 skal gjennomførast saman med EU. Regjeringa vil følgje

opp målet om at Noreg skal vere klimanøytralt i 2030 og verte eit lågutsleppssamfunn i 2050. Nasjonale tiltak skal ikkje bidra til å flytte utslepp eller til større globale utslepp.

Andre land sine ambisjonar i klimapolitikken har mykje å seie for om vi har mogelegheit til å nå måla våre. Når ein stor aktør som EU skjerpar måla sine, utløyser det meir teknologiutvikling og omstilling i næringslivet. Regjeringa vil arbeide for at EU sitt samla ambisjonsnivå aukar til 55 prosent, og melde inn eit forsterka norsk klimamål i tråd med EU sine ambisjonar.

### **Regjeringa vil:**

- At Noreg melder inn eit forsterka klimamål til FN i 2020.
- At Noreg sine ikkje-kvotepliktige utslepp skal reduserast med minst 45 prosent samanlikna med 2005. Regjeringa har som mål at reduksjonen skal skje gjennom innanlandske tiltak og planlegg med utgangspunkt i dette. Om det vert strengt naudsynt, kan fleksibiliteten i EU sitt rammeverk brukast.
- Gjere Noreg til eit lågutsleppssamfunn i 2050, der klimagassutsleppa vert reduserte med 90–95 prosent.



- Utarbeide ein plan for å oppfylle Noreg sine klimaforpliktingar med 45 prosent innanlandsk reduksjon i ikkje-kvotepliktig sektor når ein avtale med EU om felles oppfylling er på plass.
- Gjennomføre ei utgreiing med heilskaplege forslag til tiltak og verkemiddel for å oppfylle nye klimamål i 2030 og 2050 etter modell av «Klimakur».
- Utvide og vidareutvikle rapporteringa om korleis statsbudsjettet påverkar klimagassutsleppa i kvar enkelt sektor i tråd med klimalova.
- Ha sektorvise ambisjonar for kutt i klimagassutsleppa i ikkje-kvotepliktig sektor, medrekna å halvere utsleppa frå transportsektoren innan 2030 samanlikna med 2005. Desse måltala er baserte på forbetringar av teknologisk modnad i ulike delar av transportsektoren.
- Gjennomføre ein forpliktande opptrappingsplan for CO<sub>2</sub>-avgifta fram mot 2025, med start i 2020.
- Følgje opp semja i Stortinget i handsaminga av energimeldinga for å redusere klimagassutslepp.
- Innlemme bruk av mineralolje til byggørk og byggvarme i forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar. Forbodet vert innført frå 2022, slik at bransjen får nok tid til å innrette seg etter forbodet. Unntak ut over dette tidspunktet er mogleg der det er nødvendig.
- Følgje opptrappingsplanen for biodrivstoff for å nå måla for utsleppskutt i transportsektoren, og ha eit mål om 40 prosent innblanding i 2030 avhengig av teknologiutviklinga og utviklinga av alternative energiberarar.
- Utarbeide eit heilskapleg forslag til verkemiddel og avgifter i biodrivstoffpolitikken for å utelukke biodrivstoff med høg avskogingsrisiko, både innanfor og utanfor omsetningskravet, og leggje dette fram i samband med statsbudsjettet for 2020.
- Ha ein heilskapleg strategi for forskning, teknologiutvikling og bruk av hydrogen som energiberar.
- Leggje ein plan for å nå målet om fossilfri kollektivtrafikk innan 2025.
- Vidareføre arbeidet med eit CO<sub>2</sub>-fond for næringslivet.
- Leggje til rette for å byggje ut infrastruktur for lading raskt i heile landet, gjennom ein kombinasjon av offentlege verkemiddel og marknadsbaserte løysingar for å halde tritt med at talet på elektriske transportmiddel aukar.

- Leggje måltala i Nasjonal transportplan 2018–2029 til grunn for regjeringa sitt arbeid. Måltala inneber at alle nye personbilar og lette varebilar skal vere nullutsleppskøyretøy, og at alle nye bybussar skal vere nullutsleppskøyretøy eller bruke biogass i 2025. Innan 2030 skal alle nye tyngre varebilar, 75 prosent av nye langdistansebussar og 50 prosent av nye lastebilar vere nullutsleppskøyretøy, i tillegg til at varedistribusjon i dei største bysentera skal ha så godt som null utslepp.
- Stille krav om nullutsleppstransport i leveransar til det offentlege der det ligg til rette for det.
- Stille krav om utsleppsfrie eller fornybare løysingar i offentlege ferje- og hurtigbåtanbod der det ligg til rette for det.
- Leggje fram ein handlingsplan for grøn skipsfart med ambisjon om å halvere utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske innan 2030, og dessutan stimulere til null- og lågutsleppsløysingar i alle fartøykategoriar.
- Etablere eigne planprogram for å redusere utslepp innanfor marin og maritim sektor, og i samarbeid med kommunar og hamnestyresmakter ha som mål å ha utsleppsfrie hamner der det ligg til rette for det innan 2030.
- Ha tett dialog med næringslivet for å skape lønsame grønne arbeidsplassar på grunnlag av vegkarta deira til lågutsleppssamfunnet, og med utgangspunkt i prinsippa for grøn konkurransekraft.
- Ta initiativ til ein bransjeavtale for å leggje om til fossilfri plast.
- Leggje til rette for at bygge- og anleggsplassar skal vere fossilfrie innan 2025 i samarbeid med bransjen. Det offentlege har eit spesielt ansvar for at byggeplassar i offentleg regi går føre.
- Utarbeide ein handlingsplan for fleire klima- og miljøvenlege offentlege nyskaffingar og grøn innovasjon, blant anna ved styrkt rettleiing og kompetanseutvikling gjennom Direktoratet for forvaltning og ikt (Difi).
- Vidareføre 30 prosent miljøvekting ved offentlege innkjøp der det er relevant, eller bruke konkrete miljø- og utsleppskrav der det er betre eigna.
- Bruke offentlege innkjøp og regelverk for å stimulere etterspurnad etter produkt som er produserte med lågutsleppsteknologi, til dømes sement og asfalt.
- Vidareutvikle Enova som eit viktig verkemiddel i klimapolitikken, og vidareføre Enova si moglegheit til å støtte omstilling til lågutsleppsteknologi i alle sektorar.

- Utvikle eit meir effektivt og koordinert verkemiddelapparat på klimaområdet der viktige verkemiddel som Innovasjon Noregs miljøteknologiordning, Forskingsrådets klimateknologiprogram og Enova sest i samanheng.
- Styrkje Noreg si grønne konkurransekraft ved å leggje til rette for industriklynger som bidreg til å utvikle ny klimateknologi og skape nye lønsame arbeidsplassar som bidreg til reduserte klimagassutslepp.
- Styrkje og vidareutvikle klima- og skoginitiativet som ein sentral del av den globale klimaløysinga.
- Auke støtta til klimafinansiering blant anna gjennom Det grønne klimafondet.
- Vidareføre Noreg sin innsats som ein leiande berekraftig investor i fattige land, gjennom blant anna Norfund.
- Gjennomføre ei internasjonal satsing for å promotere energieffektivisering og utbygging av fornybar energi i utviklingsland, og bidra til å fase ut kol.
- Vidareføre arbeidet med å restaurere myr og kostnadseffektive klimatiltak som gjødsling og planting av stadbunden skog, større plantetettleik, styrkt skogplanteforedling og styrkt oppfølging av foryngingsplikta etter hogst.
- Stille strengare klimakrav under produksjonsfasen for felt på norsk sokkel, medrekna krav om beste tilgjengelege teknologi.
- Bidra til å utvikle teknologi for fangst, transport og lagring av CO<sub>2</sub>, og ha ambisjon om å realisere ei kostnadseffektiv løysing for fullskala CO<sub>2</sub>-handteringsanlegg i Noreg, gitt at dette gir teknologiutvikling i eit internasjonalt perspektiv.
- Bidra til å utvikle enklare teknologiar for karbonfangst og -lagring som bruk av biokol, og nye jordbrukspraksisar som fører til meir karbonbinding i jord.

## **Miljø**

Noreg har ein variert, frodig og rein natur. Dette er kvalitetar det er viktig å ta vare på for framtidige generasjonar.

Regjeringa vil leggje til rette for berekraftig bevaring av landet sine sterke tradisjonar for jakt, fiske og friluftsliv med utgangspunkt i allemannsretten til fri ferdsel i utmark.

Naturmangfaldlova skal liggje fast. Det er viktig å ta vare på bymarker og grønne lunger i byane som viktige rekreasjonsområde for innbyggjarane.

Spreiing av miljøgifter og tap av naturmangfald er store globale miljøutfordringar. Sjølv om tilstanden i norske økosystem i hovudsak er god, er det utfordringar knytt til dette i Noreg også. Regjeringa vil arbeide for å ta vare på trua artar og naturtypar og sikre eit representativt utval av norsk natur. Regjeringa sin naturvernpolitikk skal byggje på tillit til enkeltmenneske og lokalsamfunn. Regjeringa vil leggje vekt på naturforvaltning i arealplanlegging.

Eigedomsretten er grunnleggjande, og grunneigarar bidreg i stor grad til å ta vare på og forvalte kulturlandskap, skog og verna natur.

#### **Regjeringa vil:**

- Leggje fram ein strategi om å styrkje innsatsen mot miljøkriminalitet både nasjonalt og internasjonalt.
- At Noreg skal vere eit føregangsland i utviklinga av ein grøn, sirkulær økonomi som utnyttar ressursane betre, og utarbeide ein nasjonal strategi om sirkulærøkonomi.
- Gå gjennom organisering og regulering av vass- og avløpssektoren i samarbeid med KS, med sikte på å sikre innovasjon og kostnadseffektiv organisering og struktur. Eit aktuelt verkemiddel kan vere obligatorisk benchmarking.
- Arbeide for å nå ambisjonane i Aichi-måla, og følgje opp naturmangfaldmeldinga i tråd med Stortinget si innstilling.
- Bidra aktivt i arbeidet med å utvikle eit nytt globalt rammeverk for naturmangfald etter 2020.
- Leggje til grunn at ein vernepolitikk som gjennom bruk både byggjer opp under verneverdiane og gir grunnlag for verdiskaping, er eit viktig verkemiddel i norsk naturforvaltning.
- Oppretthalde allemannsretten og leggje til rette for at alle kan oppleve natur og friluftsliv.
- Følgje opp handlingsplan for friluftsliv.

- Utarbeide ein ny rettleiar om fritidsbygg og vurdere statlege planretningslinjer for fjellområde med stort press på utbygging. Hovudføremålet med eventuelle statlege planretningslinjer vil vere å klargjere nasjonal politikk for berekraftig utvikling i fjellområda der omsynet til næringsutvikling, friluftsliv, landskap, naturmangfald, landbruk og energiproduksjon er viktig.
- Utvikle konsept for heilskaplege forvaltningsplanar for natur.

## **Reint og rikt hav**

Noreg er ein hav- og kystnasjon og forvaltar fantastiske naturverdiar. Regjeringa vil styrkje Noreg si internasjonale leiarrolle i arbeidet mot marin forsøpling og gå føre med offensive nasjonale tiltak. Regjeringa vil redusere forsøpling, rydde opp i forureining og ta i bruk alternativ til fossil plast. Dette kan gi nye moglegheiter for innovasjon, nyetablering og grøn vekst.

Havet er i endring som følge av klimaendringar, forsuring av havet og tilførsel av forureining som miljøgifter og plastavfall. Dette påverkar ikkje berre havmiljøet, men også grunnlaget for framtidens havnæringar. Kunnskap om slike endringar og evna vår til å sjå dei på førehand og motverke dei er svært viktig både for forvaltninga av artar og økosystem og for den vidare utviklinga av næringane. Dette vil også bidra til å oppnå betre miljøtilpassing og styrkt grøn konkurransekraft i havbaserte næringar.

Noreg har gjort store framsteg i forvaltninga av norske havområde med heilskaplege forvaltningsplanar. Vi ser verdiskaping og miljø i samanheng. Heilskapleg havforvaltning er ein føresetnad for å ta vare på miljøverdiane i havet og sikre grunnlaget for berekraftig bruk og utvikling for framtida.

## **Regjeringa vil:**

- Forsterke og profesjonalisere innsatsen mot marin forsøpling, ved blant anna å auke støtta til ulike former for oppryddingstiltak.
- Ta initiativ til ein ny internasjonal avtale mot marin forsøpling.

- Arbeide for å sikre marin vegetasjon og blå skog for å binde karbon og å ta vare på marint naturmangfald.
- Ha ein offensiv strategi mot marin forsøpling og spreieing av mikroplast nasjonalt og internasjonalt.
- Stille krav til utsortering og materialgjenvinning av plast og matavfall frå hushaldningar og liknande avfall frå næringslivet. Regjeringa vil greie ut ein nærmare tidsplan og rammer for å setje dette i verk.
- Følgje raskt opp EU sitt komande direktiv om å redusere miljøkonsekvensane av eingongsartiklar av plast og fiskeutstyr.
- Styrkje forskinga på marin forsøpling.
- Utvikle Senter for oljevern og marint miljø i Lofoten og Vesterålen som eit nasjonalt og internasjonalt leiande kompetansemiljø for arbeidet med oljevern og mot marin plastforsøpling.
- Samarbeide med kommunane om oppfølging av handlingsplanen mot mikroplast.
- Betre kontrollen med avfall innan skipsfart, fiskeri og oppdrett, medrekna å styrkje mottakssystem for avfall frå skip i norske hamner.
- Vidareutvikle ordninga for innmelding av tapte fiskereiskapar og innføre tydeleg merking av fiskeutstyr.
- Halde fram arbeidet med å rydde opp i massane på sjøbotnen i hamne- og fjordområde som er sterkt forureina av miljøgifter.
- Sikre god oljevernberedskap, havariberedskap, slepebåtkapasitet og overvaking av kystmiljøet.

### **Biologisk mangfald**

Regjeringa meiner det er viktig å ta vare på økosystema våre. Regjeringa vil jobbe for å nå Aichi- måla, og naturmangfaldmeldinga må følgjast opp i tråd med Stortinget si innstilling. Å ta vare på natur er ein del av løysinga for å hindre global oppvarming, men det biologiske mangfaldet utgjer også ein kjerne i heile livsgrunlaget vårt. Tap av natur kan få store konsekvensar. Det er eit nasjonalt mål at eit representativt utval av norsk natur, som nasjonalparkar, naturreservat og landskapsvernområde, skal vernast for komande generasjonar. Regjeringa vil følgje Stortinget sine to rovviltforlik og fleirtalsvedtaket om ulv.

### **Regjeringa vil:**

- Verne 10 prosent av skogen gjennom både privat frivillig vern og vern av offentleg eigde skogareal.
- Vidareføre arbeidet med plan for marine verneområd, med mål om at eit representativt utval av havområda vert verna.
- Ha eit kunnskapsløft for norsk natur og halde fram arbeidet med eit økologisk grunnkart for Noreg.
- Auke talet på prioriterte artar, utvalde naturtypar og utvalde kulturlandskap.
- Sikre levedyktige populasjonar av dei fem store rovviltartane jerv, ulv, bjørn, gaupe og kongeørn.
- Sikre ei tydeleg geografisk differensiering mellom rovvilt og beitedyr.
- Etablere ei uavhengig rovviltklagenemnd som handsamar alle klager på vedtak om kvoter for jakt og felling som er fatta av Miljødirektoratet og rovviltnebdene.
- Vurdere norsk deltaking i EU sitt program for miljø og klimainnsats «LIFE 2021-2027».
- Styrkje og betre samspelet med dei lokale fellingslaga for å sikre ei god lokal forankring av jakta.
- Vurdere å opne for nye og meir effektive jaktmetodar for uttak.
- Styrkje norsk naturforvaltning og betre forvaltninga av eksisterande verneområde.
- Vurdere å supplere nasjonalparkplanen. Lokal medverknad og aksept er ein føresetnad for å opprette nye nasjonalparkar, men det vert opna for å ta regionale omsyn (til dømes i Østmarka).
- Ha ein handlingsplan for å oppfylle kvalitetsnorma for villaks.
- Stoppe neddyrkinga av myr og restaurere øydelagd myr.
- Leggje til rette for meir vern av våtmarker.
- Stoppe planting av og kjempe mot spreininga av framande artar med høg eller svært høg økologisk risiko, og fjerne slike artar frå norsk natur.
- Styrkje norsk vassforvaltning og følgje opp vassforskrifta.
- Leggje fram ein handlingsplan for sjøfugl.

- Følgje opp strategien for bier og andre pollinerande insekt med konkrete tiltak.

### **Miljøgifter og anna forureining**

Forureining som skjer i vatn, jordsmonn, luft og vegetasjon har ofte alvorlege følgjer for naturen. Miljøgifter vert også samla opp i næringskjeda. Det er difor viktig å jobbe for å redusere spreiring av miljøgifter, og at Noreg følgjer opp internasjonale avtalar om dette.

### **Regjeringa vil:**

- Setje nye, ambisiøse mål for å fase ut prioriterte miljøgifter.
- Leggje fram ein handlingsplan for ein giftfri kvardag.
- Jobbe for å styrkje dei internasjonale ordningane for miljømerking.
- Redusere lokal luftforureining.
- Kartleggje og rydde opp i gamle miljøutslépp.
- Sikre nok kapasitet til å handtere farleg avfall i tråd med nasjonale mål og internasjonale forpliktingar.
- Utarbeide ein plan for å avgrense mengda av farleg avfall.
- Evaluere minerallova for å sikre ei berekraftig ressursutvikling og sikre at miljøomsyn er godt nok tekne i vare. Evalueringa skal også vurdere samanhengen mellom miljø- og minerallovgivinga, inkludert ei særskilt vurdering av om lovverket for deponering av avfall i gruveindustrien er tilstrekkeleg, og samstundes utgreie konsekvensane av eit forbod mot nye sjødeponi. Det vert ikkje gitt nye utsleppsløyve til sjødeponi for gruveavfall i perioden.

### **Kulturminnevern**

Kulturarven representerer både felles historie og store økonomiske og kulturelle verdiar, og bidreg til identitet og fellesskapskjensle. Den bygde kulturarven er også ein ressurs i eit gjenbruksperspektiv. Ny bruk av gamle bygningar bidreg til å redusere klimagassutsleppa og redusere produksjonen av avfall, og er slik sett eit bidrag i omstilling til sirkulærøkonomi og eit moderne og berekraftig lågutsleppssamfunn. Kulturminne og kulturmiljø spelar også ei sentral rolle i berekraftig byutvikling.



Regjeringa vil vidareutvikle ordningar som motiverer til å ta vare på både materiell og immateriell kulturarv, og ivareta nye funn slik at også framtidige generasjonar får glede av viktige kulturminne. Regjeringa vil styrkje kulturminnefondet slik at fleire private eigarar kan få tilskot til å setje i stand verneverdige eigedomar.

#### **Regjeringa vil:**

- Leggje fram ei ny kulturminnemelding.
- Styrkje kulturminnevernet i fylkeskommunar og kommunar gjennom utvida ansvar, kompetanse og insentiv, men samstundes ta det nasjonale ansvaret i vare.
- Synleggjere kulturminne og kulturhistoriske verdiar som ein ressurs i samfunnsutviklinga og som del av den samla miljøforvaltninga, særleg innanfor by- og tettstadsutviklinga.
- Styrkje norsk fartøyvern og tilpasse regelverket.

### **13 – Olje og energi**

Noreg er rikt på energiressursar. Gjennom ein føreseieleg energipolitikk og bruk av velregulerte, marknadsbaserte løysingar har desse ressursane skapt grunnlaget for det moderne velferdssamfunnet vårt. Regjeringa legg opp til at utvinning og foredling av energiressursar skal gi monaleg nærings- og teknologiutvikling i Noreg, og bidra til arbeidsplassar og velstand for innbyggjarane i landet. No står vi framfor store endringar i globale energimarknader, blant anna som følge av ny teknologi, skjerpa klimapolitikk og stadig aukande energietterspurnad. Dette skaper nye utfordringar og moglegheiter som regjeringa vil møte med ein framtidsretta energipolitikk.

Noreg sin posisjon som ein av verdas leiande energinasjonar, også innanfor fornybar energi, skal oppretthaldast og vidareutviklast. Regjeringa sitt overordna mål i energipolitikken er effektiv og lønsam utnytting av energiressursane, basert på føreseielege rammevilkår og høg verdiskaping i Noreg. Forvaltninga vår av energiressursane har skapt ei viktig og teknologiretta leverandørnæring som konkurrerer i ein internasjonal marknad. Regjeringa vil bruke heile verkemiddelapparatet på ein effektiv og samordna måte, inkludert Norwegian Energy Partners, Innovasjon Norge og utestasjonane, for å hjelpe norske teknologibedrifter internasjonalt.

### **Fornybar energi**

Vasskraftressursane våre skal forvaltast slik at dei kjem lokalsamfunna og nasjonen vår til gode. Vasskrafta har vore, og skal vere, eit konkurransefortrinn for norsk industri.

Omstillinga til eit lågutsleppssamfunn betyr at fornybare energikjelder kjem til å spele ei større rolle i energimiksen enn tidlegare. Det gir nye moglegheiter for fornybarnæringane i Noreg, både nasjonalt og internasjonalt.

All kraftproduksjon, også produksjon av fornybar kraft, kan innebere konsekvensar for miljøet. Gevinsten av auka kraftproduksjon må difor vege mot andre viktige miljøomsyn, som vern av biologisk mangfald, villrein, naturopplevingar og friluftsliv, i dei enkelte sakene.

Den regulerbare vasskrafta vil framleis vere ryggrada i energisystemet vårt. Omlegginga av energiforsyninga i Europa gir store moglegheiter for verdiskaping i Noreg. Med eit stadig meir uregulerbart europeisk kraftsystem er vasskrafta eit fortrinn for Noreg. Vi må utnytte dei moglegheitene dette gir til lønsam produksjon og foredling av norsk kraft. Difor vil regjeringa vidareutvikle produksjonskapasiteten til norsk vasskraft. Gjennom utveksling av elektrisk kraft med nabolanda våre kan vi også bidra til klimavenleg omstilling i Europa. Regjeringa vil difor sørge for gode og stabile rammevilkår for kraftproduksjon, samstundes som også naturomsyn vert tekne i vare.

I dag produserer Noreg elektrisitet nær fritt for utslepp på fastlandet. Store delar av energiforsyninga vår er allereie basert på fornybare energikjelder. Regjeringa vil leggje til rette for meir effektiv og klimavenleg bruk av energi i fleire samfunnssektorar.

Regjeringa meiner at drifta av kraftsystemet og krafthandelen så langt som mogleg må baserast på marknadsmessige løysingar. Eit veldrive og effektivt straumnett gir norske kraftkundar betre forsyningstryggleik og meir føreseielege straumprisar. Ein velfungerande kraftmarknad aukar elektrisiteten sitt bidrag til verdiskapinga i Noreg.

#### **Regjeringa vil:**

- Leggje til rette for samfunnsøkonomisk lønsam produksjon av fornybar energi i Noreg.

- Sikre eit moderne og fleksibelt straumnett, blant anna ved at alle energiføretak med inntektsramme som er fastsett av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og meir enn 10.000 kundar, må gjennomføre funksjonelt skilje.
- Greie ut og fremje tiltak for å utjamne nettleiga for alle forbrukarar gjennom eit mest mogleg effektivt organisert straumnett.
- Sikre at norsk industri kan dra nytte av dei fornybare ressursane våre.
- Leggje til rette for eit grønt skifte med større vekt på fornybar energi, der rein energi vert brukt til å fase ut fossil energi i andre sektorar.
- Utvikle norsk næringsliv gjennom å satse på klimateknologi som kan vere lønsam over tid. Staten må leggje til rette for dette gjennom føreseielege rammevilkår, forskning, utvikling og støtte til pilotar, demonstrasjon, risikoavlastning og marknadsintroduksjon for ny teknologi.
- Leggje til rette for utviklinga av nye teknologiar og marknadsløysingar som bidreg til å styrkje forsyningstryggleiken.
- Bidra til å realisere demonstrasjonsprosjekt for flytande havvind, bølgekraft og tidevasskraft.
- Vidareutvikle energisamarbeidet i Norden og med EU, og ta i vare norske synspunkt og norske forbrukar- og næringslivsinteresser, blant anna innan marknads- og regelverksutviklinga.
- Oppretthalde, og gradvis styrkje, moglegheitene for eigenprodusert energi for hushaldningar, burettslag og landbruket.
- Leggje til rette for energieffektivisering i alle delar av norsk økonomi, og gjennomføre EU sine direktiv for energieffektivisering med naudsynte tilpassingar.
- Realisere målet om 10 TWh energisparing i bygg innan 2030.

## **Olje og gass**

Noreg sine petroleumsressursar tilhøyrer det norske folket. Olje- og gassnæringa har vore ein berebjelke for norsk økonomi dei siste tiåra. Dei komande åra vil olje- og gassnæringa framleis spele ei nøkkelrolle i norsk økonomi, og bidra i stor grad til å finansiere det norske velferdssamfunnet.

Hovudmålet i regjeringa sin petroleumpolitikk er å leggje til rette for lønsam produksjon av olje og gass i eit langsiktig perspektiv. Regjeringa vil vidareføre ein stabil og langsiktig petroleumpolitikk. Leitepolitikken skal bidra til dette. Nye, lønsame funn som sikrar inntekter, verdiskaping og sysselsetting er viktig for å oppretthalde velferdssamfunnet vårt.

På sikt vil den globale etterspurnaden etter olje og gass verte påverka av at dei enkelte landa gjennomfører klimatiltak som følgje av at verda må nå klimamåla frå Paris-avtalen. Dette krev ei omstilling frå fossil til fornybar energibruk og -produksjon, noko som også vil verke inn på norsk olje- og gassproduksjon. Ved avgjerder om nye utbyggingar av olje- og gassfelt må klimarisikoen verte innarbeidd i avgjerdsgrunnlaget.

Gass frå norsk sokkel er på kort til mellomlang sikt ein del av løysinga når kol skal fasast ut i europeisk energiproduksjon, og vil bidra i overgangen til eit fornybart lågutsleppssamfunn i Europa. Regjeringa vil difor leggje til rette for vidare eksport av naturgass til Europa.

Det er lang tradisjon i Noreg for at dei viktigaste havnæringane våre kan utvikle seg side om side og ta i vare miljøverdiane i havområda våre. Gjennom forvaltningsplanane for dei ulike havområda sikrar vi at ulike omsyn vert vegne mot kvarandre. Regjeringa vil vidareføre dagens system med jamlege oppdateringar og revidering av forvaltningsplanane.

### **Regjeringa vil:**

- Leggje til rette for lønsam produksjon av olje og gass, blant anna gjennom føreseielege rammevilkår.
- Vurdere og følgje opp tilrådingane og vurderingane frå klimarisikoutvalet, og stille krav til at selskapa gjer klimarisiko i utbyggingsplanane sine synleg.
- Støtte opp under næringa sitt arbeid med å auke verdiskapinga gjennom effektivisering, digitalisering og innovasjon.
- Vidareføre dagens praksis med jamlege konsesjonsrundar på norsk sokkel for å gi næringa tilgang på nye leiteareal.
- Setje heilskaplege rammer for næringsverksemd til havs, medrekna å setje områdespesifikke rammer for petroleumsverksemd i forvaltningsplanane for havområda. Ved revidering av

Forvaltningsplanen for Barentshavet og Lofoten vil regjeringa leggje vekt på miljøfaglege råd i eller nær verdifulle og sårbare område (SVO).

- Gjennomføre 25. konsesjonsrunde etter at revideringa av Forvaltningsplanen for Barentshavet og Lofoten er ferdig handsama, og ved utlysing leggje vekt på miljøomsyn i tråd med forvaltningsplanen.
- Halde fram innhentinga av kunnskap gjennom vidare kartlegging av petroleumsressursane, også i område som ikkje er opna for petroleumsverksemd.
- Ikkje opne for petroleumsverksemd, eller konsekvensutgreie i samsvar med petroleumslova, i havområda utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja i perioden 2017-2021, og ikkje setje i verk petroleumsverksemd ved Jan Mayen, iskanten, Skagerak eller på Mørefelta. Slå fast definisjonen av iskanten i samband med å revidere forvaltningsplanen for Barentshavet og havområda utanfor Lofoten, og i lys av tilrådingar frå Faglig forum.
- Vidareføre kvoteplikt og CO<sub>2</sub>-avgift som hovudverkemiddel i klimapolitikken på norsk sokkel, og samstundes oppretthalde strenge miljøkrav til norsk oljeproduksjon.
- Oppdatere «kraft frå land»-studien frå 2008 og i samband med det vurdere å utvide utgreiingskravet om kraft frå land til å også gjelde andre klimaløysingar.
- Vurdere om det kan innførast krav om låg- og nullutsleppsløysingar for nye driftsfartøy i framtidige løyve til petroleumsproduksjon.
- Leggje til rette for å vidareutvikle både olje- og gassverksemda og andre havnæringar.
- Vidareføre satsinga på petroleumsbasert forskning for å auke verdiskapinga, styrkje internasjonal konkurransekraft og redusere klima- og miljøpåverknaden frå verksemda.
- Stille strenge klimakrav til produksjonsfasen på felt på norsk sokkel, medrekna krav til beste tilgjengelige teknologi.
- Leggje til rette for at norsk petroleumsindustri framleis skal vere leiande, også på helse, miljø og tryggleik.
- Bidra til ein god oljevernberedskap, i samarbeid med private aktørar.

### **Mineral frå havbotnen**

På lang sikt kan det vere potensial for lønsam utvinning av mineral frå havbotnen på norsk sokkel. Samstundes må slik mineralutvinning skje på ein forsvarleg og berekraftig måte med

omsyn til miljøet. Regjeringa vil forvalte mineral frå havbotnen i tråd med forslaget til ny Lov om mineralverksemd på kontinentalsokkelen, og vurdere opning av delar av norsk sokkel for kommersiell og berekraftig utvinning av mineral frå havbotnen.

## **Klimatilpassing**

Eit klimatilpassa samfunn er i stand til å avgrense eller unngå skadar som følgje av klimapåverknad. Auka og meir intense nedbørmengder gjer at elvar og bekkar finn nye vegar. Nye område vert meir flaum- og rasutsette. Klimaendringane gjer arealplanlegginga meir krevjande. Dette krev meir kompetanse i kommunane.

### **Regjeringa vil:**

- Halde fram arbeidet med å førebyggje flaum- og skredskadar gjennom kartlegging, varsling, sikringstiltak og arealplanlegging.
- Følgje opp Overvassutvalet si innstilling.
- Stimulere til meir forskning på klimatilpassing.
- Vidareføre sektorprinsippet der kvar sektor er ansvarleg for klimatilpassing på sitt område.
- Samarbeide med kommunane for å setje dei betre i stand til å handtere nye utfordringar som følgje av klimaendringane, inkludert eit betra tilbod frå NVE for rettleiing om arealplanlegging.

## **14 – Samferdsel**

God infrastruktur er ein grunnpilar i eit moderne samfunn, og regjeringa vil halde fram med å byggje ut eit toppmoderne samferdselsnett i heile Noreg. Det er viktig med god infrastruktur både for å få varer og tenester fram til dei store marknadane og for å skape gode bu- og arbeidsmarknadsregionar.

Ulempene med store avstandar skal reduserast slik at distrikta og byane vert knytte tettare saman, og regjeringa vil gjere samferdselsnettet til ein konkurransefordel for Noreg og norsk næringsliv. Betre infrastruktur skal gi ein enklare og tryggare reisekvardag med færre konsekvensar for miljøet, kortare reisetider, større mobilitet og sterkare konkurransekraft i heile landet.

God infrastruktur gir stor nytte for samfunnet, og regjeringa legg til grunn at vi skal få endå betre mobilitet for folk og næringsliv. Samstundes må vi jobbe for at negative sider vert reduserte. Reduksjon av støy, ulykker og forureining er spesielt prioriterte område for regjeringa.

Regjeringa vil vidareutvikle infrastruktur og transportløysingar basert på ny og moderne teknologi, og leggje vekt på vedlikehald og investeringar i ny kapasitet. Nasjonal transportplan 2018–2029 (NTP) danner grunnlaget for regjeringa sin politikk og inneber eit historisk samferdselsløft.

Regjeringa vil leggje til rette for monalege kutt i klimagassutsleppa frå sektoren. Ny teknologi, meir bruk av biodrivstoff, utbygging av infrastruktur for nullutsleppskøyretøy og skatte- og avgiftspolitikken vil vere viktige verkemiddel for å nå målet om at Noreg skal verte eit lågutsleppssamfunn i 2050.

Regjeringa si satsing på gods-, kollektiv-, gang- og sykkeltiltak og grøn skipsfart vil også bidra til å redusere utslepp frå sektoren. Å fase inn nullutsleppsteknologi har allereie bidreg til fallande klimagassutslepp frå norske personbilar, og framover vil regjeringa særleg leggje til rette for meir bruk av nullutsleppsløysingar for tungtransporten og andre tunge køyretøy som til dømes bussar.

Regjeringa skal jobbe for å ta hand om tryggleiken for alle som brukar norsk infrastruktur, både til lands, til sjøs og i lufta. Arbeidet med fase inn stadig sikrere transportmiddel og betre infrastruktur bidreg til dette. Regjeringa vil ha merksemd på meir kunnskap, gode haldningar og trygg åtferd i trafikken. Arbeidet med trafikktryggleik skal styrkjast, og frivillige organisasjonar skal spele ei viktig rolle. Regjeringa vil bidra til å byggje god trafikkforståing og trafikkultur. Barn sin tryggleik må leggjast vekt på i all planlegging av samferdsel.

Måla frå NTP 2018–2029 knytt til nullutsleppskøyretøy ligg fast. Betring av teknologisk modnad i dei ulike delane av transportsektoren, slik at nullutsleppsløysingar vert konkurransedyktige mot fossile transportløysingar, ligg til grunn for måla om utsleppsreduksjonar.

## **Regjeringa vil:**

- Leggje ambisjonane i Nasjonal Transportplan 2018-2029 til grunn.
- Leggje til grunn at balansen mellom veg og kollektivtrafikk vert ført vidare i tråd med planen i fire-årsperioden, og leggje særleg vekt på kostnadskontroll og større samfunnsnytte i prosjekta.
- Halde fram arbeidet med å fase inn ny teknologi i køyretøy og trafikkavvikling.
- Opne for meir bruk av statleg plan, redusere planleggingstida og samordne offentlege innvendingar betre.
- At framtidige nasjonale transportplanar vert gjorde meir overordna og strategiske for å sikre ei meir kostnadseffektiv og heilskapleg utbygging, og straumlineforme NTP-prosessen slik at neste NTP i større grad vert utarbeidd med meir politisk styring i planfasa og tidleg involvering av relevante aktørar.
- Sørge for at arealplanlegging vert betre samordna med bygging infrastruktur.
- Følgje opp ambisjonen om å overføre gods frå veg til sjø og bane, og prioritere godstiltak som reduserer klimagassutsleppa.
- Redusere klimagassutslepp frå sektoren ved å fase inn null- og lågutsleppsteknologi, auke omsetninga av berekraftig biodrivstoff og føre ein målretta skatte- og avgiftspolitik.
- Ta i bruk ulike teknologiske nullutsleppsløysingar for tyngre køyretøy.
- Ha gode vilkår for godstransporten og bidra til ryddige konkurranseforhold i næringa.
- Arbeide aktivt mot liberalisering av kabotasjereguleringa og redusere omfanget av ulovleg kabotasje.
- Sikre høvet til å halde tilbake køyretøy som bryt reglar for kabotasje eller som utfører annan transportkriminalitet.
- Sikre målretta kontroll av transportnæringa langs veg, i bedrift og terminal, og leggje til rette for effektiv handheving gjennom godt formalisert samarbeid og deling av informasjon mellom handhevingsstyresmaktene.
- Vurdere auka bruk av gebyr som reaksjon ved mindre alvorlege regelbrot.
- Sørge for at ein større del av kontrollressursane vert retta inn mot næringstransporten.



- Skape eit meir fleksibelt utdanningsløp for trafikklærarar direkte retta mot yrkessjåførfaget, og på den måten betre både kapasitet og kvalitet i sjåførutdanninga.
- Doble infrastrukturfondet til 200 mrd. kroner over to år.

## **Vegnettet**

Regjeringa vil arbeide for ein trygg, effektiv og framtidsretta vegtransport med redusert reisetid. Gode hovudferdselsårer mellom regionane i landet er viktig for å bidra til lønsemd for næringslivet og tungtransporten og ein effektiv persontransport. Gode vegløyningar betyr kortare reisetid, mindre miljøbelastning og større trafikktryggleik. Regjeringa vil halde fram med å redusere etterslepet av vedlikehald i vegsektoren. Vegreforma skal vidareførast, og arbeidet med å få ned kostnadane ved vegbygging skal halde fram.

Regjeringa vil halde fram det målretta arbeidet med å innfri nullvisjonen ved å vidareføre satsinga på å fase inn stadig tryggare køyretøy, bygging av trygge og effektive bil-, gang- og sykkelveggar i tillegg til haldningsskapande arbeid. Regjeringa vil særleg leggje vekt på vekst og utvikling i distrikta. Mange stader i Noreg er folk heilt avhengige av bil i kvardagen, både privat og i nærings samanheng, og dette dannar utgangspunktet for politikken på området.

## **Regjeringa vil:**

- Leggje ein nullvisjon for hardt skadde og drepne i trafikken til grunn og prioritere haldningsskapande arbeid, vedlikehald og fornying av infrastrukturen og møtefrie hovudveggar for å auke trafikktryggleiken.
- Auke Nye Veiers portefølje i komande NTP, både når det gjeld talet på prosjekt og finansiering slik at vegselskapet får større ansvar for oppfølging av NTP på dei viktigaste europavegane.
- Halde fram arbeidet med å modernisere Statens vegvesen, med mål om større handlingsrom og meir effektiv tenesteproduksjon.
- Sikre eit desentralisert tilbod innan trafikant- og køyretøyområdet i Statens vegvesen, blant anna gjennom meir bruk av teknologi og samarbeid med private aktørar.
- Vurdere i komande NTP korleis staten kan bidra til at enkelte fylkesveggar med mange tungbilar og mykje eksport best mogleg kan rustast opp.

- Planleggje og byggje nye vegstrekningar med eit langsiktig perspektiv, og ta høgde for ei eventuell framtidig utviding av kapasitet med omsyn til kostnader.
- Leggje Barnas Transportplan til grunn som ein viktig del av NTP-arbeidet.
- Prioritere skulevegane og barn sin trafikktryggleik.
- Stille krav om utsleppsfrie eller fornybare løysingar i alle offentlege ferje- og hurtigbåtanbod, der det ligg til rette for dette.
- Avgrense bruken av streknings-ATK (automatisk trafikkontroll).
- Vurdere endringar i fartsgrenser slik at dei er betre tilpassa vegen og moderne køyretøy, og under dette vurdere høgare fartsgrense på dei beste motorvegane.
- Opne for fartsgrense på 120 km/t der det gir større samfunnsøkonomisk nytte og trafikktryggleiken vert teken i vare.
- Leggje til rette for at trafikantar kan få meir informasjon om bil- og sjåførrelaterte tenester, slik som skilting til energipunkt, overnatting, stader der ein får kjøpt mat, knutepunkt og kulturattraksjonar.
- Leggje fram ein rasteplassstrategi.
- Leggje vekt på behova til bil- og motorsykkelenusiastar som brukar køyretøy til fritid og hobby.
- Greie ut om vidare forenkling av førarkortkrava.
- Halde fram arbeidet med å forenkle køyretøytekniske reglar.
- Halde fram arbeidet med å effektivisere bompengesektoren for å redusere bompengebelastninga for bilistane.
- Innføre frådrag for bompengeutgifter.
- Sikre at utanlandske vogntog betaler bompengar og andre avgifter.
- Redusere bompengedelen i nye vegprosjekt i komande NTP.
- Som hovudregel unngå bom på sidevegar, med mindre det er naudsynt for å realisere prosjektet.
- Halde fram reduksjonen av takstar i eksisterande bomprosjekt gjennom å doble løyvingane til tilskotsordninga for å redusere bompengebelastninga.

- At bompengedelen i nye prosjekt ligg fast eller vert redusert når kostnadane for prosjektet vert reduserte.
- Opne for lenger nedbetalingstid for bompengegjeld i prosjekt som skal avløyse ferjesamband.
- Innføre statleg delgaranti for bompengelån til riksvegprosjekt i fylke som er nær grensa for kor stor garanti dei kan stille, der ordninga gir ei reell risikodeling mellom stat og fylke.

### **Jernbane, bymiljø og kollektivtransport**

Urbanisering er ein global trend som aukar behovet for gode og miljøvenlege transportkjeder i byområda. Regjeringa vil leggje til rette for at fleire kan ta kvardagsreisa si gjennom kollektive løysingar. Regjeringa har som mål at all vekst i persontrafikken i byane skal kome frå kollektivtransport, sykkel og gange. Regjeringa legg blant anna til grunn eit mål om at sykkel skal utgjere 20 prosent av trafikken i byane, og at staten skal bidra med 50 prosent finansiering av store kollektivprosjekt i dei største byane, i tillegg til større satsing på bymiljøavtalar og byvekstavtalar.

I NTP vert det slått fast at persontransportveksten i byområda skal kome frå kollektivtransport, sykkel og gange («nullvekstmålet»). Målet ligg til grunn for byvekstavtalane, og detaljar om korleis ein oppnår målet i kvart geografiske verkeområde, skal avgjerast i kvar enkelt avtale. Målet skal vidareutviklast i samband med neste NTP, i tråd med teknologiutviklinga med vekt på å redusere utsleppa.

Jernbane er eit viktig transportmiddel som er spesielt godt eigna for pendling i tettbebudde strøk og for godstransport på lengre distansar. Regjeringa vil halde fram den kraftige satsinga på jernbane gjennom meir vedlikehald og investeringar i større kapasitet. Regjeringa vil halde fram arbeidet med å effektivisere sektoren for å få mest mogleg jernbane igjen for pengane, medrekna eit betre tilbod til dei reisande. Det er også eit mål for regjeringa at meir gods kan fraktast på jernbana for å redusere miljøbelastninga frå tungtransporten.

### **Regjeringa vil:**

- Følgje opp jernbaneprioriteringane i NTP.

- Prioritere og følgje opp Jernbanedirektoratets framdriftsplan for InterCity-utbygginga.
- Setje i gang strekningsvise utgreiingar for høghastigheit for jernbane i tråd med NTP.
- Fullføre jernbanereforma for å oppnå betre organisering av sektoren, og sikre at staten kjøper jernbanetenester frå dei som gir eit best mogleg tilbod for pengane.
- Leggje til rette for effektiv godstransport på jernbana gjennom å realisere godsstrategien i NTP.
- Ta initiativ til ein skandinavisk jernbanestudie i samarbeid med Sverige og Danmark.
- Halde fram utbygginga av effektive løysingar for kollektivtransport, gange og sykkel i byområda gjennom å etablere byvekstavtalar og påskjøningsordningar i tråd med NTP.
- Liberalisere ekspressbusspolitikken fullt ut for usubsidierte ekspressbussar.
- Vere ein pådrivar for å utvikle europeiske standardar for ladeløysingar for bussar.
- Vurdere om byggjeforskriftene utgjer ein barriere for å etablere ladeinfrastruktur.
- Opne for meir bruk av delingsøkonomi i persontransporten innanfor eit regelverk og krav til tilbydarane som er føreseielege.
- Prioritere innfartsparkering både i tråd med gjeldande NTP, og prioritere dette høgt også i neste NTP.
- Prioritere betre tryggleik for mjuke trafikantar i byområda gjennom å byggje ut gang- og sykkelveggar og andre tryggingstiltak.
- Leggje betre til rette for motorsykkel som eit miljøvenleg og arealeffektivt transportalternativ i dei største byane.
- Gå gjennom køyrevegsavgifta på jernbane.
- Gjennomføre eitt prøveprosjekt med dynamiske fartsgrenser i byane slik at farta berre kan reduserast på dagar med særleg høg luftforureining.
- Gi økonomisk støtte til ladestasjonar og ladepunkt i burettslag, sameige og garasjelag.

## **Luffart**

Luffarten er ein sentral del av det norske transportnett, og regjeringa vil sikre at Noreg har ein god og framtidsretta infrastruktur for luffart. Han er spesielt viktig for store delar av distrikta og er ein føresetnad for verdiskaping i heile landet. Regjeringa vil føre ein

konkurransorientert luftfartspolitik som bidreg til å utvikle ei konkurransedyktig norsk luftfartsnæring. Luftfarten er inne i ei spennande utvikling der ny teknologi vil gi heilt nye moglegheiter for redusert miljøbelastning og auka transporttilbod.

### **Regjeringa vil:**

- Leggje til rette for å bruke elektriske fly.
- Leggje til rette for meir bruk av biodrivstoff i fly.
- Samarbeide med Russland om rettar til overflyging.
- Sørge for gode og rettferdige rammevilkår for ikkje-statlege flyplassar.
- Leggje til rette for at kommunar og private kan delta i utvikling av og rundt flyplassar.
- Bidra til meir eksport av sjømat og annan cargo frå norske lufthamner.
- Restrukturere luftfartsavgiftene med sikte på større konkurranseskraft for norsk luftfart.
- Gjere ordninga med forenkla transfer på Gardermoen permanent.
- Greie ut ei ordning der Vinmonopolet kan delta i konkurranse om å drifte taxfreesalet på flyplassane. Regjeringa vil vente på denne utgreiinga før det vert teke stilling til dette spørsmålet. Ein føresetnad for val av løysing er at det ikkje går utover Avinor si moglegheit til å sikre grunnlaget for ein desentralisert flyplasstruktur og dei privatdrivne flyplassane sin eksistens, eller bidra til å svekkje grunnlaget for Vinmonopolet.

### **Post og elektronisk kommunikasjon**

Regjeringa satsar på digital infrastruktur der Noreg er i verdstoppen. Den digitale infrastrukturen får ei stadig større og viktigare rolle i takt med den raske digitaliseringa av samfunnet, både for nye og eksisterande tenester og bruksområde. Regjeringa vil leggje til rette for god infrastruktur for breiband og 4G/5G-dekning over heile landet. Vidare vil regjeringa satse på å sikre trygge alternative kjernenett, og ytterligare fiberkablar til utlandet.

Regjeringa vil halde fram arbeidet med å leggje til rette for sunn konkurranse, høge investeringar og større tryggleik. Regelverket må bidra til å halde kostnadane nede. Kommersielle aktørar har auka investeringane sine kraftig og står for den største delen av utbygginga av både mobil nettdækning og breiband til husstandar. Kommersielle

investeringar vil vere svært viktig for å nå måla om god dekning i heile landet, men det er naturleg at staten bidreg i område der dette ikkje er mogleg.

Regjeringa vil framleis prioritere arbeidet med å gjere den digitale infrastrukturen sikker og robust, og samstundes sikre at alle skal ha tilgang til internett, slik at det ikkje er buområde og næringsliv som ikkje har dekning.

Regjeringa vil sikre eit godt og likeverdig posttilbod over heile landet, tilpassa den endra etterspurnaden etter posttenester.

### **Regjeringa vil:**

- Leggje til rette for bruk av intelligente trafikksystem, autonome løysingar og annan ny teknologi i transportsektoren der det gir betre utnytting av kapasitet, større trafikktryggleik og eit betre tilbod til dei reisande.
- Gjennomføre ei omfattande evaluering av norske lover og reglar med sikte på å identifisere unødvendige reglar som hindrar eller forseinkar bruk av transportteknologi og IKT-løysingar.
- Leggje til rette for pilotprosjekt for sjølvkøyrande køyretøy med særleg vekt på kollektivtrafikken.
- Sikre at alle innbyggjarar kan ha tilgang til internett i heimen.
- Leggje til rette for meir utbygging av breiband, blant anna gjennom å vidareføre statlege bidrag til breibandsbygging i distrikta.
- Greie ut korleis det kan leggjast til rette for ein marknadsdriven veg til «gigabitsamfunnet».
- Oppdatere «Digital Agenda» i løpet av perioden.
- Prioritere arbeidet med tryggleik i den norske digitale infrastrukturen.
- Leggje fram ein strategi for sikker og robust nasjonal ekom-infrastruktur.

### **Kyst**

Nærskipsfarten har ei lang historie i Noreg og er ein viktig del av transporttilbodet langs kysten. For transport inn og ut av Noreg står godstransport på sjøen for 80 prosent, og for innanrikstransport ca. 50 prosent.

Regjeringa vil leggje til rette for at meir gods vert frakta på kjø, og at skipsfarten framleis utviklar seg i ei meir miljøvenleg retning. Regjeringa vil framleis prioritere tryggleik og vernebuing i maritim sektor.

Regjeringa vil leggje fram ei ny hamne- og farvasslov for å styrkje sjøtransporten si konkurranseevne. Lova vil bidra til sikker og effektiv sjøtransport og byggje opp under næringsutvikling og vekst.

#### **Regjeringa vil:**

- Leggje fram ei ny hamne- og farvasslov.
- Leggje til rette for autonom kystseglas.
- Redusere etterslepet på vedlikehald på kystinstallasjonar langs kysten.
- Satse på sjøtryggleik og tiltak mot maritim forureining, medrekna oljevernberedskap.
- Bruke insentivordningar for nærskipfart som verkemiddel for å redusere dei totale utsleppa frå godstransporten.
- Betre og utdjupe farleier inn til dei viktigaste byane og hamnene.
- Vurdere bruk av internasjonale standardshipsstorleikar i samband med større farleisprosjekt der dette er aktuelt.
- Halde fram arbeidet med å digitalisere kart.
- Utvikle Senter for oljevern og marint miljø i Lofoten og Vesterålen som eit nasjonalt og internasjonalt leiande kompetansemiljø for arbeidet med oljevern og mot marin plastforsøpling.

#### **15 – Forsvar**

Statens viktigaste oppgåve er å sørge for tryggleik for innbyggjarane. Forsvars- og tryggingspolitikken må byggje på avspenning, avskrekking, å skape ro, konfliktførebygging og tryggleik og stabilitet i nærområda våre, og dessutan arbeid for å hindre at internasjonal terrorisme spreier seg. Regjeringa sitt utgangspunkt er at Noreg sin tryggleik vert best teken

i vare gjennom internasjonalt samarbeid, forpliktande alliansar, meir handel og dialog med flest mogleg land. Noreg skal vere ein føreseieleg partner, og deltakinga vår i internasjonale operasjonar er eit viktig bidrag til både vår eigen og allierte sin tryggleik. Nordområda vert framleis Noreg sitt viktigaste strategiske ansvarsområde.

Stortingsforlika om Langtidsplanen for Forsvaret (LTP) og Landmaktproposisjonen sett i samanheng, dannar grunnlaget for forsvarspolitikken.

Noreg sine tryggingspolitiske omgjevnader er i endring. Situasjonen i nærområda våre og i Europa si randsoner har vorte mindre føreseieleg. Globale forhold endrar seg raskare og påverkar oss sterkare enn tidlegare. Internasjonal terrorisme, organisert kriminalitet og cybertruslar utfordrar oss på måtar som dagens etablerte tryggingstruktur ikkje er budde på. Summen av desse utfordringane stiller nye krav til korleis Forsvaret må innrettast.

Regjeringa ønskjer å vidareutvikle forsvaret, slik at det er godt rusta til å sikre Noreg sine interesser, suvereniteten vår og til å oppfylle NATO-pliktene våre. Regjeringa vil prioritere operativt forsvar, kampkraft og uthald i alle forsvarsgreinene. Forsvarsorganisasjonen skal vere kostnadseffektiv og profesjonell, innanfor forsvarlege økonomiske rammer som sikrar ressursar til trening, vedlikehald, investeringar og rekruttering av eigna og motivert personell.

Dei som har vore i internasjonal teneste, må få god oppfølging. Veteranar må få den anerkjenninga dei fortener. Regjeringa vil stimulere til at fleire kommunar lager eigne veteranplanar, gjerne i samarbeid med veteranorganisasjonane, slik at veteranar får god lokal oppfølging. Regjeringa vil også arbeide for regional koordinering av innsatsen for veteranar. Kommunane og fylka skal oppmuntrast til å støtte lokale velferdsorganisasjonar økonomisk og til å stille eigna lokale til disposisjon for organisasjonane sitt arbeid.

### **Regjeringa vil:**

- Halde fram med ei reell styrking av Forsvaret og sikre balanse mellom oppgåver, struktur og økonomi. I tråd med semja frå NATO-toppmøtet i Cardiff vil regjeringa ta sikte på at Noreg bevegar seg vidare i retning av toprosentmålet.



- Vidareutvikle landmakta, blant anna gjennom framleis styrking av Hæren og Heimevernet, kjøp av nytt kampluftvern og artilleri og delt helikopterløysing Rygge/Bardufoss som sikrar dedikert støtte til spesialstyrkane.
- Skaffe moderne stridsvogner med sikte på å ta dei gradvis i bruk frå 2025 og sørge for lenger levetid for eksisterande stridsvognekapasitet fram til nye stridsvogner er operative.
- Kjempe mot internasjonal terrorisme ved bruk av politiske og økonomiske verkemiddel og gjennom deltaking i internasjonalt samarbeid.
- Halde på allmenn verneplikt for kvinner og menn.
- Styrkje Hæren og Heimevernet i nord.
- Styrkje det sjømilitære nærveret og forsvaret av kysten i nord, og sikre tilstrekkeleg helikopterkapasitet for Kystvakta.
- Investere i framtidsretta, strategiske kapasitetar og etterretning for å sikre god situasjonsforståing, suverenitetshevdning og kontroll i nordområda.
- Vurdere konsekvensane av KNM «Helge Ingstad»-forliset med sikte på å føre vidare Forsvaret si operative evne.
- Tillate tilrettelagd innhenting av grenseoverskridande elektronisk informasjon, utforma slik at det både aukar evna vår til vern mot truslar mot riket sin tryggleik og tek i vare sentrale menneskerettar og personvernplikter. Venstre tek atterhald om mogleg dissens i regjeringa når denne saka kjem til handsaming.
- Oppretthalde Noreg sine NATO-forpliktingar, og sikre framleis norsk innverknad i NATO gjennom aktiv deltaking i politiske og militære forum.
- Vidareutvikle den tryggingpolitiske dialogen med EU, og søkje å delta aktivt i EUs trygging- og forsvarspolitiske forum, samstundes som NATO-forpliktingane våre vert tekne i vare.
- Vidareutvikle det nordiske forsvarssamarbeidet (NORDEF) der det er naturleg, som eit supplement til samarbeidet med allierte i NATO.
- Styrkje arbeidet med å handheve og få fleire land til å ratifisere konvensjonen om forbod mot landminer og klasevåpen. Noreg bør ta aktivt del i arbeidet med å destruere klaseammunisjon.

- Styrkje norsk forsvarsindustri gjennom aktiv bruk av industrisamarbeidsavtalar ved innkjøp der det tener føremålet.
- Etablere ein funksjon for teknologikoordinering for å sikre at større innkjøp vert gjort kostnadseffektivt og vert tilpassa framtidens militære krav og behov.
- Vidareutvikle samarbeidet med alliansepartnarar om innkjøp av forsvarsmateriell.
- Følgje opp effektiviseringsarbeidet i forvaltning og administrasjon av bygg og anlegg i Forsvaret, for å sikre rasjonell drift og høg kvalitet på tenestene.
- Etablere eit masterprogram innanfor tryggleik og vernebuing, der deltakarane frå Forsvaret, Politiet, DSB, NSM, departementa og andre relevante aktørar vert utdanna til samarbeid mellom sektorane og ei felles forståing for tryggings- og vernebuingsarbeid.
- Sikre at dei som har vore i internasjonal teneste får god oppfølging, og gi veteranar den anerkjenninga dei fortener.
- Følgje opp arbeidsgruppa som går gjennom og vurderer dei eksisterande erstatnings- og kompensasjonsordningane for veteranar med psykiske belastningsskadar.
- Leggje til rette for etterbruk av fasilitetar på Andøya flystasjon så raskt som mogleg gjennom ein samhandlingsavtale som gir gode moglegheiter for både sivile aktørar og eventuelt mottak av allierte styrkar.
- Leggje til rette for tettare samarbeid mellom forsvarssektoren og det sivile samfunnet for å styrkje den nasjonale vernebuinga, evna til forsvar og totalforsvaret.

## **16 – Utanriks og utvikling**

### **Utvikling**

Regjeringa sitt hovudmål i utviklingspolitikken er å bidra til å kjempe mot fattigdom og fremje økonomisk utvikling og velferd i utviklingsland. Regjeringa vil bidra til å nå FN's berekraftsmål innan 2030 og støtte opp om utviklingslanda sitt mål om å verte uavhengige av bistand.

Regjeringa vil vidareføre dei fire tverrgåande omsyna i norsk utviklingspolitikk: anti-korrupsjon, miljø, likestilling og menneskerettar.

Aldri før har så mange vorte løfta ut av fattigdom, og utviklinga dei siste tiåra viser at marknadsøkonomi og internasjonal handel er viktige føresetnader for å kjempe mot fattigdom.

Regjeringa sin politikk tek utgangspunkt i at alle menneske har universelle rettar som statane skal verne om. Regjeringa vil difor styrkje kampen for grunnleggjande menneskerettar.

Regjeringa vil bidra til å kjempe mot vald og undertrykking, og rette særleg merksemd mot utsette grupper som kvinner, barn, religiøse minoritetar, personar med nedsett funksjonsevne og seksuelle minoritetar.

Solide samfunnsinstitusjonar, økonomisk og politisk openheit, sterke sivilsamfunn, maktspreiing, ein velfungerande rettsstat og eit privat næringsliv med høg verdiskaping er nøklar til økonomisk framgang og eit berekraftig velferdssamfunn. Ei god fordeling av ressursar bidreg til at den økonomiske framgangen kan kome alle til gode, også dei fattige.

Regjeringa vil styrkje rammevilkåra for næringsutvikling i utviklingsland. Norske investeringar og kompetanse er etterspurd i mange utviklingsland. Eit sterkare samarbeid med norsk næringsliv vil skape fleire jobbar og bidra til fattigdomsreduksjon og økonomisk vekst.

Regjeringa vil vidareutvikle Noregs leiande rolle innan global helse og utdanning. Utdanning og helse er avgjerande for at kvart menneske kan realisere potensialet sitt, kjenne og sikre rettane sine og bidra til samfunnet. At utviklingsland investerer meir i eigne innbyggjarar er ein grunnleggjande føresetnad for fattigdomsreduksjon. Arbeidet med å sikre retten til utdanning, særleg for jenter, må halde fram.

Regjeringa vil ta ei leiroll i arbeidet med reine og rike hav. God forvaltning av marine ressursar bidreg til verdiskaping, nye jobbar og meir mat til ein veksande folkesetnad. Innsats mot marin forureining og plast i havet skal verte prioritert, og betre handtering av avfall vert viktig for å løyse problemet.

Klima og miljø skal vere sentrale satsingsområde i utviklingspolitikken. Det skal leggjast meir vekt på klimatilpassing og på målretta og kostnadseffektive klimatiltak som utvikling av fornybar energi.

Mange utviklingsland er rike på ressursar som verda treng. Det er viktig at ressursane kan utvinnast på ein berekraftig måte, og med respekt for grunnleggjande rettar.

For å nå FNs berekraftsmål er det rekna til at minst 90 prosent av finansieringa må kome frå landa sjølve. Regjeringa vil difor bidra til nasjonal ressursmobilisering gjennom kapasitets- og kompetanseprogram i Kunnskapsbanken, styrkte skattesystem og auka skattegrunnlag gjennom jobbskaping og næringsutvikling.

Norsk bistand skal vere ubunden, effektiv og resultatorientert. Regjeringa vil ha tydelege resultatmål i alle bistandsprogram.

Regjeringa vil ta ei pådrivarrolle for meir bruk av ny teknologi og digitalisering for å bidra til større effektivitet og betre resultat i utviklingsprogram, og leggje til rette for at utviklingsland kan dra nytte av moderne teknologi.

Nasjonale styresmakter sin eigeninnsats og politiske eigarskap til eiga utvikling er ein føresetnad for norsk støtte. Berekraftsmåla legg vekt på prinsippet om at «ingen skal utelatast», og regjeringa vil difor styrkje fattigdomsorienteringa i utviklingssamarbeidet. Difor vert den delen av norsk bistand som går til dei minst utvikla landa (MUL), særleg i Afrika sør for Sahara, trappa opp fram mot 2021. Bistand til sårbare statar skal prioriterast til dei landa med størst fattigdom og ustabilitet. Den tematiske og geografiske konsentrasjonen av bistanden skal halde fram i tråd med dagens føringar.

Bistandsbudsjettet har auka monaleg over tid. Eit aukande bistandsbudsjett krev god forvaltning og sterke fagmiljø innanfor tilskotsforvaltning og utviklingspolitikk. Det er behov for eit einskapleg utviklingsfagleg miljø for å sikre kvaliteten i bistanden. Regjeringa vil difor reformere forvaltninga av utviklingspolitikken med mål om å samle, ta vare på og

vidareutvikle den utviklingsfaglege kompetansen heime, unngå dobbeltarbeid og sikre god utviklingsfagleg kompetanse på utestasjonane.

Målet er å gi betre kvalitet i bistandsforvaltninga, meir effektivitet og vesentleg betre samspel mellom Noreg sin store multilaterale utviklingsinnsats og Noreg sin innsats på landnivå. Det skal også etablerast ein ny resultatportal som vil betre bruken og læringseffekten av mål- og resultatstyring.

### **Regjeringa vil:**

- Løyve éin prosent av talfesta brutto nasjonalinntekt til offisiell utviklingsbistand (ODA) kvart år.
- Følgje opp samstemtsreforma ved å føre ein politikk for utvikling der berekraftsmåla vert lagt til grunn og ulike initiativ i størst mogleg grad trekkjer i same retning. Dei årlege rapportane om samstemd utanrikspolitikk (samstemthetsrapporten) skal baserast på jamlege eksterne vurderingar.
- Ikkje støtte organisasjonar som oppmodar til vald eller som fremjar hatefulle ytringar, rasisme eller antisemittisme, medrekna dei palestinske områda.
- Trappe opp innsatsen mot moderne slaveri og samle han i eit eige bistandsprogram.
- Vidareføre og gjere ordninga med partnerland i utviklingssamarbeidet tydeleg, blant anna ved å utarbeide landstrategiar for kvart enkelt partnerland.
- Prioritere kapasitetsbygging og fagleg bistand, blant anna gjennom å vidareutvikle Kunnskapsbanken.
- Styrkje samarbeidet med norsk næringsliv for meir jobbskaping og investeringar i utviklingsland.
- Løfte yrkesfagleg utdanning i norsk bistand gjennom marknadsrelevante tiltak som bidreg til å styrkje landa sine utdanningstilbod.
- Intensivere innsatsen for miljø og tiltak mot miljøkriminalitet.
- Trappe opp bistanden til mattryggleik og klimatilpassa landbruk, og leggje fram ein handlingsplan for berekraftige matsystem som skal sjå mattryggleik, handel, landbruk og ernæring i samanheng.

- Utarbeide ein strategi for å sikre at marginaliserte grupper, som trus- og livssynsminoritetar, LHBTIQ-personar og menneske med nedsett funksjonsevne, vert tekne omsyn til i relevante satsingar.
- Bidra til å etablere eit støttefond for offer for seksualisert vald i krig og konflikhtar.
- Gjennomføre ei internasjonal satsing for å promotere energieffektivisering og utbygging av fornybar energi i utviklingsland, og bidra til å fase ut kol.
- Lage ein ny strategi for fornybar energi, og dessutan vurdere å etablere ei garantiordning og tiltak for å erstatte kolkraft.
- Vidareutvikle samarbeidet med sivilsamfunnsorganisasjonar for å bidra til å oppnå måla i norsk utviklingspolitikk og byggje eit sterkt sivilsamfunn i utviklingsland.
- Ha ein offensiv innsats mot marin forureining og plast i hav.
- Styrkje innsatsen for global helse, særleg innan vaksinasjon, barnehelse og seksuell og reproduktiv helse og rettar, medrekna utdanning av jenter og mødrer- og barnehelse.
- Arbeide for at OECD sin definisjon av offisiell bistand ikkje vert utvida til å inkludere tryggingstiltak og militær sektor i utviklingsland.
- Sikre at viktige utviklingspolitiske satsingar, som helse, utdanning, næringsutvikling (inkludert landbruk og mattryggleik) og klima, miljø, fornybar energi, er føreseielege og langsiktige, og forankre dette i langsiktige politiske strategiar.
- Sikre at humanitær bistand når fram dit det er størst behov, også til gløynde konflikhtar og katastrofar, og auke bruken av innovative løysingar og sikre betre kopling mellom humanitær og langsiktig bistand.
- Stille tydelege krav til land som mottok norsk bistand om framgang innan demokrati, sivilsamfunn, antikorrupsjon, liberale rettsstatsprinsipp, trus-, livssyns- og yringsfridom og likestilling.
- At Noreg skal vere ein pådrivar for frihandel både gjennom internasjonale og bilaterale frihandelsavtalar.
- Auke handelen med fattige land. Det skal leggjast til rette for import og handelsfasilitering.
- Ta eit internasjonalt initiativ for å motverke «gendercide», den systematiske selekteringa og valden mot jenter som har ført til eit stort underskot av kvinner i fleire land.

## Utanriks

Regjeringa vil føre ein verdiforankra utanrikspolitikk. Utanrikspolitikken sitt hovudmål er å ta vare på og fremje sentrale norske interesser, inkludert internasjonalt samarbeid om FNs berekraftsmål, internasjonal avspenning, tryggleik og stabilitet, fred og forsoning, ein friare verdshandel, økonomisk vekst, liberale verdiar og respekt for menneskerettar.

Verda rundt oss har vorte mindre pårekneleg. Grunnleggjande verdiar som demokrati, menneskerettar og rettsstat er under press. Det same gjeld internasjonale institusjonar som regulerer samarbeid mellom statar. Regjeringa vil bidra aktivt for å forsvare, ta vare på og styrkje desse verdiane og institusjonane.

Hovudlinene i norsk utanrikspolitikk ligg fast. Noreg skal vere ein føreseieleg, trygg og truverdig partnar. Regjeringa vil byggje politikken sin på eit forpliktande internasjonalt samarbeid. Noreg skal vere ein aktiv bidragsytar i FN, NATO, WTO og andre internasjonale organisasjonar. Regjeringa vil vidareføre og styrkje samarbeidet med det norske sivilsamfunnet for å oppnå dei måla som er sett for norsk utanrikspolitikk.

Noreg sitt viktigaste interesse- og verdifellesskap er og vert verande dei nordiske, europeiske og atlantiske. Regjeringa vil aktivt søkje samarbeid med nye partnarar og engasjere seg globalt. Samtidig krev endra politiske, økonomiske og militære maktforhold ei endå sterkare verdimesig og realpolitisk forankring i dei vestlege fellesskapa av naboar, allierte og handelspartnarar.

### **Regjeringa vil:**

- Prioritere Noreg sine nærområde i utanrikspolitikken.
- Utvikle og forsterke det nordiske samarbeidet og utnytte potensialet for meir samarbeid betre der det gir større felles nytte for innbyggjarar, næringsliv og landa.
- Føre ein aktiv nordområdepolitikk og styrkje samarbeidet mellom både landa i Arktis og med EU, for å førebyggje og avgrense naturkatastrofar og menneskeskapte katastrofar.

- Arbeide for eit modernisert, sterkt og meir effektivt FN, og rette norsk innsats og økonomisk engasjement i retning av dei delane av FN som effektivt leverer gode resultat og som arbeider i tråd med norske prioriteringar.
- Bruke internasjonale forhandlingar til å fremje norske interesser.
- Arbeide målretta for å hjelpe norske borgarar og norsk næringsliv i utlandet.
- Styrkje arbeidet for menneskerettar, både gjennom internasjonale forum, utviklingspolitikk og støtte til utviklinga av sivilsamfunn.
- Prioritere sivile og politiske rettar, helse og utdanning og arbeid for kvinner sine rettar.
- Arbeide for internasjonal kamp mot ulovleg kapitalflukt og skatteunndraging, svart økonomi og korrupsjon.
- Støtte internasjonalt arbeid og jobbe for openheit om plassering av kapital og kapitalrørsler mellom land, og støtte det internasjonale arbeidet som skal sikre meir effektiv og rettferdig skattlegging av globale selskap.
- Samarbeide med andre land for å gjennomføre økonomiske og politiske sanksjonar ved alvorlege og brot på folkeretten som varer ved.
- Greie ut om korleis Noreg, som del av ei brei felleseuropeisk løysing, kan bidra til å utvikle eit sanksjonsregime mot personar for grove brot på menneskerettane.
- Samarbeide med utsette demokratiske land om økonomisk og demokratisk utvikling, særleg på Vest-Balkan og i Europas randstatar.
- Styrkje det internasjonale arbeidet for å kjempe mot ulovleg våpensal, narkotikahandel og menneskehandel.
- Vidareutvikle den norske innsatsen for fred og forsoning, og bidra til FNs fredsbevarande operasjonar.
- Arbeide for å inkludere ungdom og kvinner i fredssamtalar og fredsbyggande arbeid, spesielt der Noreg spelar ei aktiv rolle.
- Vidareføre og styrkje arbeidet for trus- og livssynsfridom.
- Støtte Den internasjonale straffedomstolen og arbeide for at fleire nasjonar godtek domstolens jurisdiksjon.



- Leggje til grunn ei balansert haldning til konflikten i Midtausten, aktivt støtte målet om Israel og Palestina som to statar innanfor sikre og internasjonalt aksepterte grenser, og støtte opp under demokratisk utvikling i Midtausten.
- Leggje til rette for eit styrkt forskings- og utviklingssamarbeid, handel, turisme og kulturutveksling med Israel. Regjeringa ser ikkje på boikott av Israel som eit bidrag til dialog, forståing og ei fredeleg utvikling i Midtausten.
- Markere ei tydeleg kritisk line overfor alle former for antisemittisme, og aktivt motarbeide økonomiske ytingar til terrorisme, inkludert fangeløn.
- Vidareføre innsatsen for opprydding i det russiske atomavfallet, og arbeide for å redusere miljøtruslane frå Kolahalvøya.
- Vere i front internasjonalt med initiativ for å reinse hava for plast, og følgje opp nullvisjonen for marin forsøpling.
- Bruke Noreg sin posisjon, blant anna som bistandsytar, til å sikre fleire returavtalar og større aksept for prinsippet om at alle land har plikt til å ta imot eigne borgarar.
- Opprette ei søkbar støtteordning for norske organisasjonar som jobbar for fred og nedrusting.

## Europa

Dei europeiske landa og EU er Noreg sine nære naboar, vener og viktigaste handelspartnarar. Tilgangen til den indre marknaden gjennom EØS-avtalen gjer norsk næringsliv føreseieleg og gir høve til å selje varene og tenestene sine. Det er avgjerande for å sikre økonomisk vekst og velferd i Noreg. Difor må norsk utanrikspolitikk byrje i Europa. Regjeringa er grunnleggjande positiv til forplikande internasjonalt samarbeid.

Regjeringa legg EØS-avtalen og dei andre avtalane med EU til grunn som ramme for Noreg sitt forhold til Europa. Regjeringa vil arbeide for betringar innanfor EØS-avtalens rammeverk og føre ein aktiv europapolitikk som tek sikte på å auke norsk innverknad over avgjerder som påverkar Noreg sine interesser.

Tilliten til den felles yttergrensa vår i Europa må kome i stand på nytt, og regjeringa vil støtte EU sin innsats for å finne gode løysingar på felles utfordringar med migrasjon. Regjeringa

meiner at Noreg må bidra i dette arbeidet. Utviklinga av EU sin felles utanriks- og tryggingsspolitikk skaper meirverdi for NATO som allianse. Regjeringa er positiv til EU sitt forsvarssamarbeid og vil arbeide for at tredjeland kan delta i dette.

### **Regjeringa vil:**

- Delta i utvikling av felleseuropeiske løysingar for justis, migrasjon og klima, og søkje gjennomføring av den felles klimapolitikken i EØS-avtalen.
- Ta vare på norske interesser ved å medverke tidleg i prosessar og utforming av politikk i EU.
- Ta vare på norske interesser før, under og etter Brexit gjennom tett samarbeid med EU og Storbritannia.
- Støtte opp under EU sin politikk om rettsstatsprinsipp i Europa.
- Søkje å utdjupe bilaterale relasjonar med sentrale europeiske land.
- Jobbe for tiltak som kan avgrense og stoppe eksport av velferdsytningar, blant anna arbeide for aksept i EU for kjøpekraftjustering av velferdsytningar.
- Sikre at EØS-midlane bidreg til å styrkje demokrati og rettsstat i Europa og berekraftig økonomisk vekst.
- Delta i uformelle og formelle europeiske forum, spesielt der EØS-avtalen gir oss tilgang.
- Styrkje koordineringa av statsforvaltninga si samla handtering av europasaker for å sikre effektiv sakshandsaming og betre norsk medverknad.
- Involvere Stortinget tidleg i viktige EØS-prosessar.
- Følgje opp regjeringa sitt initiativ overfor EU om styrkt arbeid mot arbeidskriminalitet.

### **Tryggingsspolitikk**

Noreg sitt tryggingsspolitiske omland er i endring. Situasjonen i nærområda våre og i Europa si randsone er meir utfordrande enn tidlegare, og ein kombinasjon av tradisjonell geopolitikk og nye, meir ukonvensjonelle utfordringar, skaper ein meir kompleks situasjon. Globale forhold påverkar oss også meir direkte enn tidlegare. Regjeringa vil prioritere tryggleik og stabilitet i Noreg sine nærområde i tryggingsspolitikken. Vi må byggje tryggleiken vår i samarbeid med andre, forankra i NATO og det transatlantiske forholdet. Fred og stabilitet vert best sikra gjennom eit breiast mogleg tryggingsspolitisk samarbeid.

Arbeidet med å verifisere er det mest konkrete pågåande nedrustingsarbeidet. Regjeringa ønskjer å utvikle konkrete løysingar, i samarbeid med andre land, som vil gjere land både med og utan kjernevåpen betre i stand til å overvake destruksjon av desse våpena.

Regjeringa sitt mål er ei verd utan kjernevåpen.

### **Regjeringa vil:**

- Prioritere tryggleik og stabilitet i Noreg sine nærområde i utanriks- og tryggleikspolitikken.
- Føre ein tryggings- og forsvarspolitik som bidreg til at NATO held fram med å vere ein sterk og truverdig allianse, og som sikrar at Noreg vert verande ein føreseieleg, trygg og truverdig alliert.
- Søkje medlemskap i FNs tryggingsråd 2021-22.
- Styrkje det transatlantiske forholdet og samarbeidet med sentrale europeiske allierte og partnerar vidare.
- Vidareutvikle den tryggingspolitiske dialogen med EU, og søkje å delta aktivt i EU sine tryggings- og forsvarspolitiske forum, samstundes som NATO-forpliktingane våre vert haldne i hevd.
- Ha eit strengt, tydeleg og stabilt kontrollrammeverk for eksport av alt forsvarsmateriell med stor openheit, i tråd med Noreg sine internasjonale forpliktingar, og som er føreseieleg på kort og lang sikt for norsk industri. Alle vurderingar av eksportlisensar skal leggje vekt på respekt for grunnleggjande menneskerettar og faren for misbruk i konfliktsituasjonar eller intern undertrykking i mottakarlandet.
- Arbeide aktivt på internasjonale arenaer for å skape semje om felles format og norm når det gjeld sluttbrukardokumentasjon og reeksportforsikringar.
- Gå gjennom det norske eksportkontrollregelverket (lov, forskrift og retningsliner) for å få eit meir tilgjengeleg regelverk.
- Samarbeide med allierte om å intensivere innsatsen for aktiv, balansert, irreversibel, gjensidig og etterprøvbar nedrusting av atomvåpen innanfor Ikkje-spreiingsavtalen sine rammer.
- Vidareutvikle Noreg si internasjonale leiarrolle innan verifikasjon av kjernevåpen nedrusting for å bidra til at reell nedrusting finn stad og auke tilliten til nedrustingsavtalar.

- Styrkje arbeidet med å handheve og få fleire land til å ratifisere konvensjonen om forbod mot landminer og klasevåpen. Noreg bør aktivt ta del i arbeidet med destruksjon av klaseammunisjon.
- Vektleggje arbeidet mot nye globale tryggleikstruslar som terrorisme, organisert kriminalitet, irregulær migrasjon, digital tryggleik og illegitim informasjonspåverknad.

### **Nordmenn i utlandet**

Regjeringa har som mål at det skal vere så enkelt og ubyråkratisk som mogleg for nordmenn å vere i eller busette seg i utlandet, spesielt i land innanfor EØS-området, og å flytte heim igjen.

### **Regjeringa vil:**

- Hjelpje norske borgarar og norsk næringsliv i utlandet og sikre gode konsulære tenester.
- Gå gjennom toll- og avgiftsregimet for nordmenn som flyttar tilbake til Noreg.
- Vidareføre arbeidet med ei felles digital ID-løysing for nordiske statsborgarar.
- Forenkle prosessen for å få giftarmål mellom nordmenn og andre EØS-borgarar godkjende i Noreg.
- Oppretthalde gode vilkår for Sjømannskyrkja.